I maalføri no *Fy̌rə* eller *Førə, sylv, vyrjə, vørjə* Nfj. Sfj.

γ. Præpositionen *fyrir* vert i brevet alltid skrive avstytt *f*ˢ, som utgjevarane av D. N. hev uppløyst *firir*.

Merkn. 44. I dei andre brevi alltid *firir*, t. d. IV 104_7 V 124_{14}, som kann vera utrygge uppløysningar. Av *skolu* finn me *skildi* 3si 1 gong i III 148_9; her hev daa *y* gjenge yver til *i* (i ljodlinn staving framfor *i* i næste staving).

Av maalføri no hev Snm. i sume ord som høyrer hit, *i*: *i̇miss, imså* (ogso Davik, Nfj.) *tikkjə, tiktə* (gn. *imiss, þikkia*); men elles hev maalføri *y*: *tykkjə* Nfj. Sfj. Lavik. *fẏrə* ell. *førə, ȳvə* ell. *ōvə* aalm.; *hērbẏrjə* Sulen, Lavik? For *skildi* vert i alle desse bygder no bruka *skuldə* eller *sku*.

---

[1] Sjeldan elles, t. d. *Raangselis* (ɔ: *rangsöles*, til *sól*) Chr. Jensøn.

δ. Døme paa yvergangen *a* til *e* i ljodlinn staving er der ikkje i Hundeidesbrevet.

Merkn. 45. For *a* i præs. part. stend *e* i *verande* dsm VIII 92_{10} (men *nittianda* dsn XIII 11_5, og *sidarra* komp. asm IV 104_{12}).

Det kann synast underlegt, at korkje Hundeidesbrevet eller dei andre diplomi fyre 1350 syner veikjing av *a* eller *u* (*o*) til *e* i endingar, som no er so sermerkelegt for desse maalføri. Grunnen er vel noko den at brevi er faa, og at det vanlege skriftbruk med sterk paaverknad fraa Nidaros og Bergen, der framskotet av *a* til *æ* ikkje høyrde heime, hev halde yvergangen ute fraa skrifti, endaa um han hev teke til i talen; men hovudgrunnen er vel, at denne vokstren enno ikkje hev skote so sterkt fram i maalføri, og at yvergangsvokalen hev vore ein ljod som enno hjaa dei fleste laag nærmare *a* enn *æ*. Det er trulegt, at alle desse maalføri paa den tid hev havt tvo slag *a*, liksom i alle fall maalføret i Nordfjord hev det enno. Den eine av desse *a*'ar i Nfj. er ein vanleg norsk *a* (= eng. *a* i *hard*), og vert bruka i ord som *tākə, hār* (gn. *taka, harðr*), men aldri i utljod. Den andre *a* (*ȧ*) er sterkt framskoten og liknar eng. *a* i *man* ell. svensk ljos *a*, og hev meir *a*-klang enn *a* i dsk. *gade*; han er den dag i dag den vokal som vert bruka i utljod der som maalføret no hev endingar paa *a*, t. d. *sāḱȧ, sīdȧ* (gn. *søkin, síðan*), ofte ogso i innljod t. d. *vānə, frȧmmandə*. Dei tvo *a*'ar er i Nfj. vel skilde fraa kvarandre i uttalen, og *ȧ* ligg i ytre Nfj. endaa so nær *æ*, at desse tvo ljodar i nokre ord er samanblanda, t. d. i Selje prg. *spǡnə* (gn. *speni*, m.) med same *ȧ* som i *vǡnə* (gn. *vani*, m.) *hǡrannə* for *hǣrannə* (gn. *herðarnar*). Det er difor ikkje umogelegt at det er denne klangskilnaden millom dei tvo *a*'ar i desse maalføri, som etter 1350 hev vakse seg so sterk at han hev sett tydelege merke etter seg i skrifti, og som er grunnen til at desse elles so reint vestnorske maalføre sidan hev fenge *ə* i endingarne allstad der gn. hadde *a* i utljod. I den ljodlinne stavingi kunde ein slik framskoten *a* lett gaa yver til den fargelause halvljod *ə*, som maalet elles hadde i slike stodor. Skal me døma etter dei høvi i brevi som me finn yvergangen i (millom 1350 og 1400), hev dei vanlege ljodloger — som i austnorsk — ogso her arbeidt med, soleis at *ȧ* hev vorte *æ* fyrst i ord med lang fyrste-staving og allerhelst naar rotvokalen var palatal, sidan i ord med stutt fyrste-staving, som soleis her tidleg maa ha fenge same sterke ljodtrykk paa fyrste staving som langstava ord. Døme er: *liggiæ* (I 379 Snm. 1363, I 380 Snm. 1363), *gangæ, lydæ* (II 377 Snm. 1363), *hyræ, sændæ* (III 463 Snm. 1385); *høyræ, sændæ*, men *taka* (III 465 Nfj. 1386), *talæ* (II 566 Snm. 1401).

ε. Yvergangen fraa *u* og *o* til *e* (*ə*) i endingar er der ikkje far etter i brevet.

Merkn. 46. Denne yvergangen synest fyrst ha fenge større framskot i det 15de hundr. t. d. *dotter* asg, *broder* gsg D. N. I 706 Snm. 1425, *lofuade* 3 pi V 633 Snm. 1433. *dottir* dsg, *brodir* gsg XI 164 Nfj. 1439. Lengst heldt vel *u* (*o*) seg i pl. av linne kvendkynsord som i Romsd. enno hev *o*: *klokko, vēko* (gn. *klokkor, vikur*). Jfr. *klokku* i Bang's: Hexeformu-

larer etc. s. 609. Yvergangen *á* > *æ* > *ə* hev venteleg skunda paa denne rørsla.

þæirru i Hund.$_6$ gsf for *þæirrar*, eller med burtkasta endings-*r* *þæirra* (som i lina 6) kann vera misskrift — straks etter stend *somu-*, men kunde vel ogso vera ei nyform etter jamlaging med komparativ, bøygde etter mynstret *spaka, spǫku* (jfr. *þill mæiro visso* X 166 Romsd. 1438).

ζ. Vokal-innskot. Etter *y* er innskoten ein *i* i *skyinsamra*$_{15}$, kanskje fordi *y* i uttale hev havt ein svip av *i*.

Merkn. 47. I dei andre brevi er der nokre merke etter ein innskóten *i* etter *e* i rotstavingi, naar det kjem *i* i stavingi baketter, t. d. *leigia* (for *leggia*) *seigir* (for *segir*) IV 104$_8$.

η. Vokal-burtfall. Vokalen *a* er utelaten millom *d* og *r* i *Ingeridr*$_{20}$ gsg, og *vitnisburdr*$_{26}$ gsg. Denne skrivemaaten hev visst ikkje havt nokon grunn i uttalen.

i. Konsonantyvergang.

α. *gm* > *mm* i *Ommundr*$_2$ ofl. for *Ogmundr*; jfr. D. N. III 124, der Hauk Erlendsson skriv namnet paa same mannen *Ogmvndr*.

Merkn. 48. D. N. IV 104$_2$ hev *Ommundr*, XIII 11$_1$ skriv *Ommundr*. I maalføri no synest namnet ha falle saman med gn. *Ámundi*, eit anna namn, som er mykje bruka i Fjordarne og vert uttala *åmund*, i indre Nfj. ogso *åmundə* (Gloppen).

rl > *ll* i *ellinger*$_{17}$ (no: *elliŋg(ə)*).
rs > *s(s)* i *fyst*$_3$ *fyster*$_{16}$ *postæin*$_5$ (no: *fysst, tåstein*).

β. *nr* > *nn* i *kolbæin*$_{21}$ nom.

γ. For klanglaus konsonant stend klangfør i *æirighs*$_1$ (yvergang berre for auga)[1].

δ. *v* hev halde seg i det personlege pronomen for dualis *vit*$_{2 \cdot 26}$.

Merkn. 49. *v* i dei pers. pron. *vit* (dualis) og *ver* (plur.) hev vorte *m* i D. N. XIII 11$_3$ (*mer*) og V 185 (*mit*). *m* er yverførd fraa endingi *m* i verbet straks fyre; XVIII 14 (Nfj.) hev soleis *ver gerom*$_3$ men *varv mer*$_3$, *settum mer*$_9$.

I maalføri no heiter 1ste pers. pronomen: *mið, mid, me* Snm. (Nfj. tildeils), *vi* Nfj. Sfj. *me* Lavik, Brekke, Hyllestad, Gulen, Sulen. — Paa Snm. finst ogso *óss* (*óss veit dæ*) i nokre bygder (Haram, Sykkelven). Sjaa nedanfor under 17.

---

1 Sameleis er det aa forstaa, naar Chr. Jensøn skriv *Mund-Gaads-Fugl* (eit namn paa ørnen), *Skodbog* ofl. for *Mungaats-fugl, Skotbog*; hjaa Jensøn er skrifti paaverka av dansk skrivemaate.

j. Konsonantburtfall.

α. Umfram det vanlege burtfall av *h* i framljod framfor *l*, *n* og *r* hev ogso *v* falle burt framfor *a* i *rognald*$_{12}$ (jfr. *sigualde*$_{21}$) *soro*$_{25}$ 3pi, *sornom*$_{21}$.

Merkn. 50. I tvo seinare brev finn me *hl*; soleis *hlvnendvm* D. N. I 546$_{11}$ Nfj. 1394, *hlutanom* I 724 Snm. 1429. Brevi hev elles vanlegt heimenorsk maal fraa den tid, so det maa vera nordmenner som hev skrive deim; men bruket av *hl* syner korleis islandsk skrivemaate hev vore baade kjent og etterlikna i Norig, endaa so seint som i det 15de hundr. — Paa Sunnmøre og sumstad i indre Nordfjord (Breimn) fell *h* burt ogso framfor vokalar i maalføri no, og i sume yvergangsbygder er difor noko skjepl i *h*-bruket. Av dette er der ikkje merke i brevi fyre 1350. I I 360$_{3}$ Sfj. 1358 stend *eitir* for *heitir* 3sp av *heita*, men i dette ordet er burtfallen *h* ikkje sjeldsynt fraa mest alle stader. I VIII 232 Snm. 1403 er nemnd ein *Hamondi Hamvndason*, som i ei avskrift av brevet fraa 1578, utferda paa Snm., vert kalla *Amund Amundszønn*; dette synest visa ustøda i *h*-bruket, men er ikkje noko paalitande provmerke, med di norsken kjenner baade *Hámund* og *Ámund* som personnamn. *h* framfor *j* (kons. *i*) er burtfallen allstad i maalvaldet, t. d. *jartə* (gn. *hjarta*); alt Chr. Jensøn skriv: *Jasse*, *Jaa* for gn. **hiasi* (hare), *hía* (præp.), og synest ikkje kunna skilja millom *hj* og *j*.

v i *Rǫgnvald* maa fyrst ha gjenge yver til konsonantisk *u*, og hev sidan falle burt, men den ljodbrigda vokalen *ǫ* held seg likevel: *Rǫgnvald* > *Rǫgnuald* > *Rǫgnald*. Mannsnamnet *Rognald* vert enno bruka i Sfj. i denne form (sjaa Ivar Aasens navnebog under *Ragnvald*). Same ferdi hev *v* i **Nesvin* fare som vanlegt i *vin*-namn; det hev vorte *Nesin* IV 104$_{2}$ (1313), i maalføret no *næsi* (Stryn, matr. no. 31).

I *suoro* VIII 92$_{7}$ XIII 11$_{11}$ ofl. hev *u* (*v*) kome innatt ved jamlaging.

β. Konsonant millom konsonantar er burtfallen i *gans*$_{24}$ for *gangs*.

γ. Konsonant-burtfall i utljod:

r hev falle burt i *þæira*$_{6}$ gsf for *þæirrar*, *manada mata boll*$_{20 \cdot 23}$ for *mánaðar matar ból*.

s hev falle burt i *virdulegh*$_{1}$ gsm framfor titelen *herra*.

Merkn. 51. D. N. XVIII 14$_{9}$ hev *fyrnemfde*, npm (for *fyrnemndir*). Etter *r* hev *d* falle burt i *vyrulegs* IV 104$_{13}$ Nfj. 1313.

I maalføri no er burtfallet av *r* etter upphavleg vokal i ljodlinn staving[1] heilt gjenomført: *matámun*, *hestá*, *bygdə*, *kastá*, *dømə*, *va*, *e*, (gn. **matarmunr*, *hestar*, *bygðir*, *kastar*, *dœmir*, *var*, *er*). Dette burtfallet, som mykje er grunnen til at vestlandsken er so vokalisk, er soleis ei gamall ovring i denne landsluten; i pron. pl. *þeir* m. og *þær* f. hev *r* halde seg i sume høve

---

[1] naar ikkje *r* vert halde uppe ved bøygningstvang, t. d. *faðer* (*feðra*).

i Sfj. endaa inn i 17de hundr., daa dei etter Chr. Jensøn hev sagt *deer* (ɔ: deir) um han av slaget, og *dær* um ho av slaget (um krøter), no *dei*. Gjenomført er ogsaa burtfallet av *d* etter *r*: *ōr, skūr, fǣr* (gn. *orð, skurðr, ferð*). Umfram dette hev i desse maalføre ogso *m, n* og *t* falle burt etter vokal i ljodlinn staving, t. d. *båtå, so*; *bygd'å, hūs'å* Snm. Nfj. (i Innviki og Breimn) og Ytre Sogn, eller *hūs'å* Nfj. (Gloppen, Hyen, Davik) Sfj. *vīså* Snm. og *vīså* Nfj. Sfj. Ytre Sogn; *hūs'ə, funnə, lītə* (gn. *bátom, som* (*sem*); *bygðin, húsin, vīsan*; *húsit, funnit, lítit*). Desse konsonantarne hev visst falle burt etter 1350, men brevi fraa Fjordarne og Sunnmøre gjev her ingi upplysning. Fraa Romsdalen, som høyrer til same maalvaldet, hev D. N. I 361_{11} 1358 *lege* for gn. *legit* (part. av *liggia*) og XI, 276_1 umkr. 1500 *breffwe* for gn. *bréfit*, og etter dette skulde daa *t* ha byrja falla burt i millomnorsk tid. At *m* hev falle burt fyre den nynorske tid syner skrivemaaten i N. R. J. II 140 (1520) *Axo* grdsn. i Hyllestad (matr. no. 68, no skrive *Axe*) gnorsk: i *Axaam* B. K. 28 b, i maalføret no uttala *Akså* dpl. (ogso nom. *Aksannə* er i bruk).

I stadnamn paa *-vin* hev *-n* halde seg i *ǿn*, venteleg av *ǫ-vin-* grdsn. (matr. no. 29 i Hyllestad, skrive *øns* gen. B. K. 28 b), der fyrste samansetningsleden hev enda paa vokal (*ǫ* = *á*, elv). I eit par namn hev *-vin* vorte (*ven* > *vã* >) *va*: *lækk'vå* (Hyllestad, matr. no. 49, skrive *Leikving* V. L. 16, *Lequarre* (!) 1603, *Leqva* 1667); *fål'vå* (Stryn, matr. no. 17, skrive *i folum* (ɔ: *fǫluin*) B. K. 11 a. *Foluenn* 1563. *Folue* 1603). I dei fleste namn hev likevel *-vin* (*-uin*) alt i gnorsk tid vorte *-yn, -in*, som sidan hev vorte *-a*, t. d. i: *grȳ'tå* (Gulen, matr. no. 18, skrive *i grytini* B. K. 56 b); *bjær'gå* (Hyllestad, sjaa merkn. 38); *lø'kjå* (Eid, matr. no. 19; skrive *Leghen* Sk. 22, *Løgenn* N. R. J. II 126); *skrypp'å* (Breim, matr. no. 7; skrive *i skryppine* B. K. 16 a); men i indre Nordfjord hev *-n* i dei fleste høvi, anten fyrstestavingi hev vore stutt eller lang, falle burt utan paaverknad paa vokalen *i* fyre: *lauk'i* (Innviki, matr. no. 32; skrive *i laukuin* B. K. 29 b, *i Laukin* B. K. 34 a; *må'ri* (Innviki, matr. no. 6, skrive *af maurini* A. B. 108, *Murj* 1603); *næ'si* (Stryn, matr. no. 31, skrive *a nesin* B. K. 10 b, 11 a; *Nesse* N. R. J. II 132 (1520), *Nesse* 1563, *Nessi* 1603); *rō'ti* (Eid, matr. no. 8, skrive *i rotyn* B. K. 18 a, *Rothi* 1603); *skåd'i* (Innviki matr. no. 47, skrive *i skodin* ib. 13 a; jfr. *skodyn* 14 a) ofl.; *stauri* (Stryn, matr. no. 42; skrive i *stauryn* B. K. 9 b). Det er merkelegt at me finn denne yvergangen nettupp i dei same bygder, som baade i gamall og ny tid merkjer seg ut ved itakisme. Det er likt til at den *y* (t. d. i grdsn. *rótyn*) som vart til *i* i desse bygder, hev halde vel uppe sin *i*-klang (*rótin*) og difor kom til aa gaa ein annan veg enn t. d. den siste vokal i *róten* (b. f. av *rót*, f.); *rótin* vart *rōt'i*, medan *róten* vart *rōt'a*[1].

Grdsn. *løk'å* (Eid, matr. no. 19) synest vera eit undantak; i formi *ītrønnə* (Hornindalen, matr. no. 11) hev me vel ei samandregi form for *ytrónnə* < *ytrhorne*, skrive *Ytterhorn* 1603, *i ytrum hornynium* B. K. 18 b.

[1] Smlk. Amund B. Larsen: Lydlæren i den solørske Dialekt. Vidensk. Selsk. Skrifter, Kristiania 1894; sid. 63.

Gnorsk *bundin*, n. (kornband) heiter no paa Snm. og i Nfj. *bundan*, som viser at *-n* ikkje alltid hev vorte burtkasta, um vokalen i fyrevegen vart nasalera. Dette kann kanskje forklaara, at gn. *húsin* sumstad i nordvestlandsk hev vorte *hūs'a* (< *hūs'ã*), og andre stader *hūs'å* (< *hūs'an*).

k. Konsonantinnskot.

g er innskoten framfor *d* i $fægdgar_{13}$ ($fædggar_{9}$). Dette tyder paa tiljamning i uttalen av *fædgar* til *fæggar* som no er uttalen i Set. og Tel. der ordet enno vert bruka.

n synest innskoten i $annarns_{22}$ gsm, som truleg hev sin grunn i ein uttale *annans*, ei nyform laga etter gnorsk akk. *annans*; jfr. nyn. *ansimyllå* (ɔ: *annars imillum*) Nfj.

r vert oftast skriven i $vidr_{4}$ ofl. (ogso vid_{12}). Skrivemaaten $soknt_{2}$ for *sokn* syner vel berre at *n* hev vore klanglaus etter klanglaus konsonant; jfr. skrivemaatarne *sokhn* V 185_{3} *vitkni* III 148_{6} *uithni* XIII 11_{19} *vithnisburd* ibid. $_{21}$.

Merkn. 52. *með* eller *med* vert skrive i alle brevi, undt. *meðer* VIII 92_{13} *mæðr* XVIII 14_{6} (*með* 14_{10}).

l. Konsonantlengd.

a. Framfor *d* held baade *l* og *n* seg stutt i brevet: $rognald_{12}$ $ældri_{22}$ $saulmund_{18}$ $andodustz_{18}$ $hundæidi_{19}$. Men elles stend det stundom lang konsonant for stutt etter lang vokal, t. d. $ioll_{5}$ ofl. (*iól*), *mata* $boll_{20}$ ($-bool_{23}$) $tunn_{16}$ (*tún*).

Merkn. 53. *l* framfor *d* er lengd i V 124 (Snm. $helldo_{7}$) XVIII 14 (Nf. $Allda_{2}$) I 229 (Sfj. $allda_{7}$), men elles ikkje i noko brev. *n* er ikkje i noko brev lengd framfor *d*. *ll* framfor *d* kunde vera trøndsk paaverknad i skrift (sjaa G. Tr. § 43, merkn. 2), men er vel heller ein vitnesburd um at Nordvestlandet til deils liksom Trøndelag hev havt palatal *l* framfor *d*. Derimot synest den stødige skrivemaaten *nd* visa, at Nordvestlandet ikkje hev havt palatal uttale av *n* framfor *d*. (Annarleis i trøndsk, sjaa G. Tr. § 44, merkn. 3). Um lengjingi sjaa Noreen[3] § 269,3.

I maalføri no vert korkje *l* eller *n* uttala palatalt framfor *d* fyrr me kjem nord til Romsdalen. Der hev *l* palatal uttale framfor *d* og *t*; men fyrst paa Nordmøre vert ogso *n* uttala palatalt framfor *d*. Grensa for denne uttalen synest soleis ha flutt seg nordetter etter den gamalnorske tid, men merkeleg er det at palatal *ld* baade i gamall og ny tid skal hava eit større vald sudetter enn palatal *nd*. (Sjaa Harp. s. 12).

ll og *nn* vert uttala palatalt (mouillera) yver heile maalvaldet, t. d. *kol̲l̲ə*, *fån̲n̲* (gn. *kolla, fǫnn*); Chr. Jensøn skriv *Koille, Foin*.

Fleire døme paa lengjing av stutt konsonant i dei andre brevi: *lett* (ɔ: *lét*) 3si VIII 92_{4} *vittni* ibid. $_{4}$ *kœyptti* IV 104_{5} *till* præp. XVIII 14_{8}.

β. For lang konsonant stend stutt, serleg etter lang *a*(*á*): *haat*$_3$ asg; *aat*$_6$ (*átt*) 2 sp av *eiga*; *æt*$_{15}$; *aate*$_{16}$ (*átte*) 3 si av *eiga*, *aato*$_{20}$ (*átto*) 3 pi av *eiga*.

Merkn. 54. Døme fraa hine brevi: *haat* asg. I 229$_5$ *þrat* V 185$_{13}$ *gek* ibid.$_{13}$ *satmale* dsg V 124$_{16}$.

m. Ymse konsonanthøve.

k vert skriven *k* baade framfor guttural og palatal vokal, t. d. *kono*$_{20}$ *fylkis*$_{22}$; lang *k* finst berre ein stad og vert der skriven *kc*: *okcor*$_{26}$.

Upphavleg *v* vert oftast skriven *v* (*voro*$_{22}$), men ogso *u* (*hiauerandom*$_{25}$). Upphavleg labial spirant vert skriven *f*, t. d. *æilifi*$_{25}$ *tolf*$_8$.

z i *sansz*$_{26}$.

Merkn. 55. I dei andre brevi vert lang *k* skriven *kk*, t. d. *ekki* VIII 92$_5$; *u* og *v* vert bruka mykje godt um kvarandre, t. d. *Uigleikr* V 124$_8$ *vndir* V 185$_8$. Labial spirant vert skriven *fu* i *Olafuer* V 185$_2$, *Eilifur*, *Olafur* XIII 11.

z = *s*: *sanz* IV 104$_{11}$; = *ds*: *Haralz* VIII 92$_{10}$.

17. Ordformer.

Substantiv. *hertoghs*$_1$ gsg syner yvergang til sterk bøygning.

Numeral. *tueimer* V 185$_{12}$.

Pronomen. Merkande er dei personlege pronominal-formerne *vit*$_{2\cdot26}$ og *þit*$_{13}$ for dualis. — *enskins*$_{22}$ gsm av *engi* (jfr. *annarns*).

Merkn. 56. Dualis og pluralis er vel skilde i dei personlege pronomen i gnorsk tid. Fyrsta i eit brev fraa 1394 (I 546 Nfj.) vert *vid* bruka um fleire enn tvo, og i eit brev fraa 1450 (XIII 120 Nfj.) vert *mith* og *vy* bruka um kvartanna for pluralis. Samanblandingi høyrer soleis til den millomnorske tid.

I maalføri no synest nominativ i 1ste pers. plur. *mið*, *me*, *me* og *vi* (sjaa ovanfor, merkn. 49) ha vakse fram av dei gnorske dualisformer *mit* og *vit*. For dette talar ogso ordi i den gamle folkebøn fraa Sunnmøre, fredagsbøni[1]: *Gud naate okke*, *mir hæve inkje fasta*, *so mir maa*, der *okke* er gn. *okkr*, og *r* i *mir* truleg berre ein hjelpelaus skrivemaate av *ð* (*mið*). Med dette høver ogso formerne for 2dre pers. i plur. nom.: *dið* Snm. Nfj., *di*, *de* aalm. og i dat. & akk.: *dökkə* Snm. Nfj. Sfj., *Docke* Chr. Jensøn, av gn. *þit*, (*þ*)*ykkr*; *dökkə* hev daa fenge *ö* for *y* etter jamlaging med *ökkə*, som maa ha vore i bruk lenge, men som hev vorte trengt undan af *öss*. Denne siste formi (*öss*) hev i sume bygder paa Sunnmøre endaa trengt seg inn i nominativ (sjaa merkn. 49).

[1] Dr. A. Chr. Bang: Norske Hexeformularer og magiske Opskrifter, trykt i Vidensk. skr. II. Hist. filos. kl. no. 1. Kristiania 1901—1902. S. 609.

Verb. I præsens hev formi for 3die pers. sing. fenge yvertaket yver 1ste pers. Soleis i 1ste pers. *sægir*$_6$ (3 g) *gerer*$_6$ (2 g) liksom *kømer*$_7$ (3 g) 3 sp. Naar det i lina 13 stend *gere* i 1ste pers., er det vel so rimelegt at dette stend i staden for *gerer* (med burtfallen *r* etter vokal i ljodlinn staving, sjaa ovanfor 16 j *γ*) som at det er den gamle formi for 1ste pers.

2dre pers. plur. endar paa *-r* for eldre *t*: *eigur*$_{10}$ (2 g). Refleksivformi endar paa *-stz*: *mestz*$_8$ 3 sp (2 g) *andodustz*$_{18}$.

Merkn. 57. Refleksivformer fraa diplomi: *vyrdizt* IV 104$_7$ *skiladezst* V 185$_3$.

§ 9. Etter dette kann me setja upp desse hovudmerki for nordvestlandsk i fyrste helvti av det 14de hundr.:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er heilt gjenomført, t. d. *sogdu, odru.* Til trøndsk *-aðu* 3 pi svarar *-odu* (og *-ado*).

2. *u*-ljodbrigdet av *á* er sjeldsynt: *voro*; oftast former som *báro, máto.*

3. Ljodbrigdet av *a* ved *i* vert oftast skrive *e*, allerhelst naar *n* (eller *m*) stend nett fyre eller etter: *menn, eptir.* — *e*-ljod av upphavleg *ei* vert helst skriven *e* framfor *m* og *n*, i andre høve helst *æ*: *enskins, þema, Endride, hælgi.* — Upphavleg *e* vert oftast skriven *e*: *ek, sem.* — Lang *e* (*é*) vert skriven *e* (eller *ee*): *bref, let* 3 si.

4. Etterljodbrigde ved *i* er sjeldsynt (*iærdar*). Ljodbrigdet av *á* ved *i* vert skrive *æ*; men er der *n* straks fyre eller etter, vert skrive *e*: *bæde, ætt*; *nest.*

5. *þan, þat, þar* hev i Nordfjord (og etter maalføret no aa døma ogso paa Sunnmøre) havt sideformerne *þen, þet* og (sjeldan) *þær.*

6. Ljodbrigdet av *o* — stutt og langt — vert skrive *œ*: *kœmer, norœnom*; sjeldan *e*: *ferde.*

7. Privativ partikel er *ó-* og *ú-*, truleg sume stader *ó-* og andre stader *ú-*, noko likt med tilstandet no.

8. Halvljoden er *e*: *kœmer* 3 sp, *Ellinger.*

9. Tviljodarne vert skrivne: *au, ei* (stundom *æi*) *œy* (sjeldan *ey, æy*). Stigande: *ia* (sjeldan *ea*) *io* (sjeldan *jo*) *iu* osfr. *ua, ue* osfr.

10. Ljodsamhøve millom endingsvokalarne *e* og *i*, *o* og *u* og rotvokalen liksom i trøndsk. Adjektivendingi *-legr.*

11. Adjektivartikelen finst i diplomi berre tvo gonger, 1 gong *hin*, og 1 gong *ens.*

12. Klanglaus dental spirant vert skriven *þ*, den klangføre *d* eller *ð*.

13. *mn* synest vanlegast i ord som *stemnu*, men *fn* finst ogso. Rimeleg noko likt med tilstandet no.

14. Spirantisk *g* vert skriven *gh* i dei fleste brevi, men denne skrivemaaten er ikkje gjenomførd i alle ord.

15. *pt* vert oftast skrive i ord som *eptir*; nokre brev hev *ft*. Der er grunn til aa tru at *f* i *ft* hev vore uttala bilabialt.

16. Av serskilde former er merkande:

son (sjeldan *sun*), *kruna*, *ærtogh*; *siouar* (og *sæuar*); *lun*(*n*)*endi*, *sannendi*; *kunnigt*; *sylfer*, *hyrdmadr*; *ganga*, *taka*, *verande* dsm; *skildi* 3si; *vit* (og *mit*) *þit* pron. dual. *ver* (og *mer*) pron. plur.; *Rognald*, *þæirra* gsf, *manada mata boll*; *vyrulegs*; *Allda* (*lld* sjeldan), *land* (alltid *nd*).

hertoghs gsg, *annarns* gsg, *sægir* 1 sp; *eigur* 2 pp; *andodustz* 3 pp.

Merkn. 1. Desse maali skil seg soleis ut fraa det gamle trøndermaal mest ved det gjenomførde *u*-ljodbrigde av *a* framfor halden *u*, ved *e* for *i*-ljodbrigde av *a*, diftongarne *ei* og *øy* for trøndsk *æi* og *æy*, og ved endingi *-endi* (trøndsk *-yndi*). I indre Nordfjord og Sunnfjord kjem dertil den privative part. *ú-*, og i Sunnfjord mykje *pt* og *fn* for *ft* og *mn*. I fleire maatar er maalføret eit yvergangsmaal millom trøndsk og vestlandsk.

Merkn. 2. Nokre brev som er skrivne paa Sunnmøre og i Fjordarne, og ikkje er medtekne i denne etterrøknaden, treng ei serleg umrøda.

D. N. V 171 (Giske 1344) hev ikkje gjenomført *u*-ljodbrigde av *a* framfor halden *u*, og skriv *-nð*(*r*): *Gudbranðr*$_2$, vanleg i trøndsk. —

II 279 (Giske 1347) er uregelrett med umsyn paa *e* og *i*, *o* og *u* i endingar, og skriv *villde*$_5$ *deghe*$_7$ *brefui*$_6$ *halldit*$_9$ *vlokit*$_5$ *vlokin*$_8$ (fyre kons. alltid *i*, so nær som i *gerer*$_2$) *stemfno*$_3$ *dottur*$_9$, mest *i* og *u*, som tyder paa eit maalføre lenger sud eller sterk paaverknad derifraa.

II 306 (Giske 1350) hev ogso uregelrett ljodsamhøve med berre *e* i endingar for *i*: *Eireks*$_2$ *rikes*$_4$ *keyfte*$_{11}$ (undant. *eptir*? og *firir*?), ofte ogso *o* for *u*: *heyrdom*$_3$ *gridom*$_9$, former som *giorom*$_2$ (for *gerom*) *nefndom*$_9$ og den bundne artikelen *en*; alt tyder paa eit maalføre med endingar *e* og *o* (Ryfylkemaal, sjaa G. Tr. § 132, merkn. 10). Endingi *e* er for vel gjenomførd til aa vera vanleg millomnorsk fraa denne tidi.

IV 173 (Selja? 1327? abbed Erling). Ogso i dette brevet er der ugreida med endingarne *e* og *i*, som vert bruka mot reglarne for ljodsamhøvet: *klaustre*$_4$ *syne*$_5$ (2 gg) *lidinne*$_7$ *abboti*$_2$ *brodir*$_4$ *bædi*$_7$ (i endingar fyre konsonant alltid *i*); *o* og *u* skifter regelrett, men der er heller ikkje meir enn eit døme paa *o*: *konongs*$_{10}$, alle dei andre hev *u*. Truleg same maalføre som II 279 (sjaa straks ovanfor).

§ 10. Fraa Romsdalen hev me 4 brev fraa tidi fyre 1350. Det eldste er fraa 1327 (D. N. III 147); det er paa same maalføre som D. N. II 306

(§ 9, merkn. 2) og høyrer soleis i maalvegen ikkje hit. Heller ikkje II 280 (1347) høyrer hit; det hev same maal som II 279 fraa Giske (sjaa merkn. 2 til fyrre §). I dei tvo andre, IX 105 Bagœy 1336, I 285 Veœy 1343, er det trøndske ljodsamhøvet gjenomført, like eins *u*-ljodbrigdet av *a* framfor halden *u*, naar *a* stend etter *m* (so nær som 1 gong *mannum* i IX 105) og ofte elles. Hev me rett til aa døma etter desse brevi, som ogso i andre maatar syner stor maalskyldskap med brevi fraa Fjordarne, er der etter det og etter maaltilstandet no grunn til aa rekna Romsdalsmaalet med til nordvestlandsk ogso i gnorsk tid.

Merkn. 1. Av serskilde former i Romsdalsbrevi er merkande: *Bernargarde* dsg I 285_6 (= *Biarna garde* dsg i II 280_6 med noko anna maalføre), *Norikx* gsg IX 105 (1336); dersom *ao* i *vaor* (I 285_{14}) er aa lesa som tviljod — som ikkje er urimelegt i so sein skrift — kann det visa at den diftongiske uttalen av *á* — enno aalmenn fraa Nordmøre og nordetter til og med Namdalen — i gamalnorsk tid ogso hev vore bruka i Romsdalen.
þ vert skriven siste gong i 1438 (D. N. X, 166_{12}: *þer þill* (!)); men alt i 1428 (VIII 282) tok sume til aa skriva *th*, som sidan vart aalment til umkr. 1500 (XI 276), daa me finn *th* og *d* blanda i pron. ord.

Maalføret i Romsdalen no er mykje likt sunnmørsk; største skilnaden er at dei allstad i Romsdalen hev *l̦* som i austnorsk, men berre for gamall *l*, ikkje for *rð*, t. d. *dāl̦*, *bl̦ā*. Denne ljoden er framand endaa for dei nørdste bygder (t. d. Skodje og Stordal) paa Sunnmøre. Der er i Romsdalen ikkje so lite itakisme.

§ 11. Som maaltilstandet er no, hev me ogso som fyrr nemnt i § 4, i Ytre Sogn nokre bygder, som me i maalvegen maa rekna med til den nordvestlandske maalgrein. Av desse bygderne hev nordluten av prestegjeldet Hyllestad fyrr høyrt til Sunnfjord og Sulen og Gulen høyrt til Hordaland (fyre 1773).

Skilnaden millom maalføri her, sognfjøremaalet, og i Fjordarne er hardla liten. I Hyllestad, Gulen og Lavik vert gamall *á* uttala som *ao* (liksom i Indre Sogn), t. d. *bàotanņə* Hyll. Gulen, Lavik[1]; *bàotadn* i Indre Sogn; like eins vert *ei* i Gulen og Lavik uttala *ai* som i Sogn; men bøygningsendingarne er som i Sunnfjord (merk: dativformer og typar som: *namn, tǫftə, ūgras*; *ai ònņòr bōk, ònņòrlais, òl̦l̦ sòmmò* (ɔ: alle saman) *ai gòmòl ek̦k̦ja* Gulen. — I Sulen vert gn. *á* uttala *å*, gn. *o* framfor einskild konsonant hev vorte *åa*, med ettertrykk paa *å*: *skå'at* (gn. *skot*); *au* hev vorte *å* framfor *m* og *n*: *dråm, rån* (gn. *draumr*[1], **raunn* = *reynir*); dativ er ikkje i bruk; mrk. *namn, tòftə, ūgras, herbýrjə*).

[1] Maaren paa nordsida og Sande paa sudsida av Sognefjorden er dei fyrste stader med sognemaal, naar ein fer innetter fjorden.

Maalføret i Jostedalen i Indre Sogn høyrer nærmast til nordfjordsk. Her vert gn. *á* uttala *å*; av ljodtypar er merkande *namn*, *tólftə*, *ūgras*, adj. paa *-ug'ə* (*vētug'ə*), *herbyrjə*, *den*, *dæ*, *dar*; dativ er ikkje i bruk[1]. Innverknad fraa Sogn eller samvokster i maalvegen viser den sterke bundne kvendkynsform paa i: *tī'i*, *skål'i*, ogso: *ei liti stóvə*; jfr. elles gardsnamni *Roti*, *Stauri* i indre Nordfjord.

§ 12. Det nordvestlandske maalvald med maalføri fraa og med Romsdalen sudetter til og med dei bygderne i Ytre Sogn som ligg utanfor Kyrkjebø, er avgrensa i vest ved havet, i nord og aust og sud ved høge fjellgardar og Jostedalsbreden. Berre ved Kyrkjebø i Sogn er det annarleis, men her hev vel heller ikkje grensa alltid vore den same.

B. Skrifter paa nordvestlandsk maal.

I. Munkelivs jordbokblad (Munk).

Grunnlag: Upphavsskrifti i g. k. s. 1347 qv. Kphmn. Faksimile i Pal. 11. Prenta (mykje aafaatt) i D. N. XVI, 1.

§ 13. Dette gamle skriftstykke, som utan tvil er den eldste minneskrift me hev paa vestlandsk maal, knapt yngre enn fraa umkring 1175, er serskilt umtala i Innleidingi sid. 9.

§ 14. I denne skrifti er merkande:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er gjenomført utan undantak: *Vpsolū*$_{5}$ *Ongulsvíc*$_{7}$ *Svaruastoþum*$_{10}$ *Biarhastoþlū*$_{15}$ *Hiolmusætre*$_{16}$ *Hiolmulande*$_{16 \cdot 24}$ *Stoþlū*$_{17}$ *Gotastoþū*$_{25}$ (fyrst skrive: *Gotastuþū*, men retta med same hand); *holf*$_{2}$.

2. Ljodbrigde av *á* ved *u* er der ikkje døme paa.

3[2]. *i*-ljodbrigdet av *a* vert skrive *e*: *Skettingr*$_{7}$ (eit slag mynt)$_{7}$ *Nese*$_{22}$ *stroumahverui*$_{21}$; sameleis *e* i *ertogar*$_{3}$; men *æ* framfor *r* + guttural: *mærcr*$_{22 \cdot 23}$ og *mærc*. (for *mærcr*)$_{25 \cdot 26}$. — Upphavleg *e* vert ogsaa skriven *e*: *þetta*$_{6}$ ofl., *er*$_{6}$ ofl. 3 sp, av *vera*; men framfor *r* + guttural stend *æ*: *Bærhe*$_{14}$.

---

[1] Jostedalen, som er skild fraa Nordfjord ved Jostedalsbreden, er etter folkesegni upatter-rudd og bygd av nordfjordingar, etter manndauden i midten av 14de hundr. hadde lagt bygdi i øyde. Sjaa Amund Helland's Nordre Bergenhus amt II sid. 20 („Norges land og folk").

[2] I denne rubrik er her og i det fylgjande medteke ljodbrigdet ved *-iR* og *-R*.

Etter dette synest upphavleg *e* og *ę* (*i*-ljodbrigdet av *a*) ha falle saman; ljodsamhøvet syner likevel at dei hev vore greidt skilde i uttalen, med di der alltid etter upph. *e* kjem *e* i næste staving, men elles etter regelen *i*. — Inkje etterljodbrigde ved *i*: *Biarhastoplū*$_{15}$.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert skrive *æ*: *Svinasætre*$_8$ dat. *Hiolmusætre*$_{16}$ dat.; men *vet*$_2$ (3 gg) for *vætt* (vegt).

5. Paa former av *þan*, *þar* osfr. er der ikkje døme.

6. Ljodbrigde av *o* finn me berre i tviljoden *øy*, sjaa 9 her nedanfor.

7. Ingi døme paa privativ partikel.

8. Halvljod vert ikkje skriven: *matr*$_1$ *halfr*$_{15}$ *mærcr*$_{23}$.

9. Tviljodarne er:

au: *aurar*$_1$ npl, *Straumi*$_3$ dat. *Haucase*$_{20}$; 1 gong stend *ou*: *stroumahverui*$_{21}$ (framfor *m*; jfr. § 11).

ei: *Steinavage*$_1$ *Heiz*$_2$ f. dsg, *-heimi*$_3$ *Dumbasteini*$_8$ dat., *Eiþi*$_{10}$.

øy: *Gloþaføyki*$_7$.

Av stigande tviljodar finn me: *ia*, *io* (= *iǫ* og *ió*), *iu*: *Biarhastoplū*$_{15}$ *miols*$_2$ *Biorvíc*$_{12}$ *Diupvíc*$_9$; konsonantisk *u* etter *h* og *s* vert skriven *v*: *stroumahverui*$_{21}$ *Svinasætre*$_8$ (sjaa merkn. 2 her nedanfor).

10. Ljodsamhøve i endingar er gjenomført som i trøndsk: *e* etter *a*, *á*, *e* (upphavleg), *o*, *æ* (upphavleg *e* og *æ'*), i fyrre staving, t. d. *Birkilande*$_{12}$ *manaþarmater*$_4$ npl, *Steinavage*$_1$ *Tistáme*$_9$ *Bærhe*$_{14}$ *fiorþe*$_{15}$ *Ose*$_4$ *Tohnenge*$_{14}$ *Svinasætre*$_8$; *i* etter *e* (*i*-ljodbrigda *a*), *i*, *y*, *au*, *ei*, *øy*: *Skettingr*$_7$ *-firþi*$_{11}$ *fyrir*$_6$ ofl. *Lyhrisfirþi*$_{27}$ *Straumi*$_3$ *Gloþaføyki*$_7$. Etter *ø*, *u* er der ingi døme. *o* stend etter *o*: *Hornom*$_{26}$, *u* etter *ǫ*: *Stoplū*$_{17}$. Einaste undantak: *Nese*$_{22}$.

11. Ingi døme paa artikelen.

12. Den dentale spirant vert alltid skriven *þ*: t. d. *þiouanese*$_4$ *norþan*$_6$ *staþ*$_6$ *Eiþi*$_{10}$.

13 og **15.** Ingi døme paa *fn* og *ft*.

14. Den gutturale spirant vert skriven *h*: *Bærhe*$_{14}$ *Tohnenge*$_{14}$ *Biarhastoplū*$_{15}$ *sohn*$_{18}$ *Lyhrisfirþi*$_{27}$; men intervokalisk *g*: *Steinavage*$_1$ *ertogar*$_3$.

16. Serskilde former: *sæ'*$_{18}$ asg, *Sævar ase*$_{19}$ *fyrir*$_{6 \cdot 18}$. *Miclabolstaþ*$_{13}$ *silfs* (ɔ: *silfrs*$_1$, *r* burtfallen millom 2 konsonantar) *-firþi*$_{11}$ *Birkilande*$_{12}$.

Merkn. 1. Aksent finn me yver *a*, *i* og *æ*: *Tistáme*$_9$ (dsg etter *af*; no utt. *tistam*, gen. *tistams*, grdsn. i Innviki i Nordfjord, matr. no. 83; skrivemaatarne *Tistamrum* D. N. VIII 92$_5$—1331 — *Tiisthamar* D. N. og *Tisthammer* i matrikulen no er vel folketymologi); *Ongulsvíc*$_7$ *sohn sæ'*$_{18}$.

Merkn. 2. Den bilabiale spirant vert i utljod skriven *f*, t. d. *af, holf*$_4$ *Colgrof*$_{17}$, i innljod *u*: *þiouanese*$_4$ *Svaruastoþū*$_{10}$ *stroumahverui*$_{21}$, medan upphavleg *v* vert skriven *v*: *Særvarase*$_{19}$ *Svaruastoþū*$_{10}$ *stroumahverui*$_{21}$ *Svinasætre*$_8$.

Merkn. 3. *k*-ljoden vert skriven *k* framfor palatal vokal, elles alltid *c*, t. d. *Skettingr*$_7$ *Rikisheimi*$_3$ *Gloþaføyki*$_7$ *Birkilande*$_{12}$, men *Diupvic*$_9$ *Haucase*$_{20}$ *Icornalande*$_{23}$ (no *īkelann*, matr. no. 80 i Alversund herad, skrive *Ikeland søndre*; av andre eldre skrivemaatar er merkande *Eckornnlandt* Sk. 25, *Ickornland* 1610, *Egeland* 1611)[1], *Scarþe*$_{25}$ *Colgrof*$_{17}$ *Coloase*$_{19}$ *Miclabolstaþ*$_{13}$. — Naar det stend *marce*$_{20}$, maa dette difor vera for *marcæ* npl av *marca* (latin).

Merkn. 4. *z* (= *ts*) i *Heiz*$_2$ f. (no *Hæis'a*, grdsn. paa Sunnmøre) *Brunzlande*$_{20}$ (no skrive Brunsland, Lindaas prg.) *malz*$_{22}$ gen. av *malt*.

§ 15. Etter desse merke, serleg 1 og 10, hev me i Munk. gamalt nordvestlandsk maal; men me kann ikkje sjaa kvarhelst det eig heima innanfor denne maalgreini, med di der ikkje er døme paa det slag former som her er skilmerke.

Merkn. Munk er fulla berre eit stykke av ei jordbok. Det er rimelegt at me hev heile jordboki att enno i ei avskrift i Add. 99 qv. i Univ. bibl. i Kbhvn. (paa pergament) pag. 1 til pag. 11$_4$ skrivi i det 15de hundr. Ho er prenta i Munkelivs brevbok sid. 193 oflg. og D. N. XII 257, der ho byrjar med lina 3 og sluttar paa sida 225$_{10}$. Med umsyn paa innehaldet er *manaþarmatr* i avskrifti allstad umbytt med *mamatabol*, og alle andre verdenemningar som *mærcr, ertogar, vet miols* strokne — eit par stader i fyrstningi hev ei hand fraa 16de hundr. tilsett nokre av desse (etter Munk). Den gamle skrivemaaten er i avskrifti jamnast umbytt med nyare, men skygger ofte igjenom, t. d. *Colgroff, Haucase, Scarde, Carlastodum,* men *Glodaføyke, Birkelande, Eikimo, Berhem* (ɔ: *Bærhe,* Munk) *Biorhvin* — eldste vestnorske skriftform for byen Bergen — *Oumum* (*ou* framfor *m*) ofl.

II. 4 fragment av den eldre Gulatingslog (Gfr. I).

Grunnlag: upphavsskrifti i Ra 1 B. Faks. av dei 3 fragm. i Ngl. plata XIII—XV. I utgreidingi her er sett prikkar yver *i*'arne, og *ū*-, *ō* er uppløyst til *-um -om*; *a* = sid. 1 paa 1ste fragm., *b* = sid. 2 paa 1ste fragm., *c* = sid. 1 paa 2dre fragm. osfr. 4de fragm. prenta Ngl. II 500$^{5-8}$.

§ 16. I denne handskrifti, som maa vera fraa tidi fyre 1200 (sjaa Innl. s. 9), er merkande:

1. *u*-ljodbrigde av *a* er gjenomført, ogso framfor halden *u*, t. d. *oll* e$_{26}$ *sonn* a$_7$ adj. nsf. *fioru* f$_7$ *golldrum* a$_2$ *i gognum* e$_{18}$ *iorðum* b$_{13}$

[1] I avtrykket i D. N. *Leornalande,* som ikkje er rett. Ogso i avskrifti fraa 1480—90 (sjaa nedanfor i merknaden til § 15) stend etter avtrykket i D. N. XII 257 *Leornalande.*

logum b_1 *ulogum* f_9 *lostum* d_5 *siolfum* $c_{7 \cdot 13}$ *ollum* d_{10} *oðrum* b_{13} (3 g). I *garðsmogol* e_1 adj. nsf til avleidingsendingi *-all* eller *-oll*.

Merkn. 1. Merkelegt er: *þa scal sa veita varð þvi barne* d_9; her stend *varð* for *vǫrð*, paaverka av verbet *varðveita* = *veita vǫrð*.

Merkn. 2. *scolo* (alltid) t. d. *scolom* a_{12} *scolo* e_1.

2. *u*-ljodbrigdet av *á* hev sett merke etter seg i *ambott* d_{14}, *nottom* b_2 dpl av *nátt*; men elles vert skrive: *varo* d_{10} *vattom* e_9, ogso *nattom* (for *náttom*) f_{26}.

Merkn. 3. *gęra* c_6 ofl. (*gera* f_8); *honom* pron. (alltid); *hon* a_4; *a millum* b_{12} (*milli* e_5); um avstyttingi for ordet *byskup* sjaa nedanfor under 16.

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* vert skrive *e* og *ę*, um kvartanna ofte i same ordet, t. d. *ęftir* b_{23} (*eftir* f_4) *fęllr* e_{16} (*fellr* a_1) *gęngr* e_{10} (*gengr* e_3 ofl.) *hęfir* e_{17} (*hefir* f_{18}) *lęggia* c_1 (*leggia* f_1) *męrki* e_{22} (*merki* e_5) *vęckia* b_{17} (*veckia* b_{15}) *ęrfingi* a_5 *fręmia* b_{17} *kętil* a_9 *cręfia* e_7 *sętia* a_{10} *lengr* f_{24} *hende* a_{23} *kennt* a_2 *menn* f_{21}.

Merkn. 4. Fragmentet hev *hvęrr* e_{11} (*hverr* a_1) *hvęrvitna* f_5; *einhver* nsm d_5; *utlagr* b_8.

b. *e* av upphavleg *ei* vert skriven *ę* eller *e*: *engi* a_{20} *hęlgir* b_{24}.

c. Upphavleg *e* vert oftast skriven *e*: *drepa* e_{15} *er* pron. *etr* e_{10} 3 sp., *meta* e_4 *renna* e_{26} *rennr* f_1 3 sp, *þetta* b_{10}; men ofte ogso *ę*: *bęra* f_{22} verb. (*berae* $_8$) *męge* c_{15}, serleg etter *v*: *vęra* b_5 *vęret* e_{22} part., *vęrðr* c_8 3 sp (*verðr* a_7) *vęrc* a_{19} (*ilverca* b_{14}).

Lang *e* (*é*) vert skriven *e*: *her* f_{22} *rett* e_{13} *vel* f_6 s. f.; *fe* a_5 (men ogso *fęlag* c_1) *se* a_6 3 spk av *vera*.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* syner seg oftast som *ę*: *forręðe* b_{21} *lętr* f_{14} (3 sp av *láta*); *męla* c_6 *sętr* e_{24} *þęr* a_2 pron. (ɔ: *þær*); men ofte finn me *e* (helst naar der er *n* tett attmed): *frenconor* b_{20} *rena* b_{16} *þrell* d_7 *þrinest* d_1.

Merkn. 5. Alt i dette gamle fragment er der soleis i skrift skjepl med *e*-ljodarne. Der er likevel eit drag til aa skilja ut upphavleg *e* fraa *æ*-ljodarne og til aa skriva *e* framfor *n*. Ljodsamhøvet i denne handskrifti syner oss, at uttalen hev gjort mykje betre skilnad millom ljodarne enn skrivaren si skrift.

5. *þann* b_4 *þat* a_6 *þar* a_9 *þangat* f_{26} *þingat* f_4.

6. *i*-ljodbrigdet av *o* og *ó* er *œ*: *kœmr* f_{27} *dœttr* b_{21}.

7. Priv. part. er alltid *ú-*: *udaða* a_{19} *ugilldr* e_{16}, *úillt* f_{24}.

8. Ingen halvljod: *garðr* e_{13} *felldr* e_{13} part., *gengr* e_{19} 3 sp. Um *liðis* f_{10} sjaa § 17.

9 a. Tviljodarne vert skrivne:

au (oftast), t. d. *þau* f_{27} *lauc* e_{21} 3si, *lausum* b_{24}; ogso *ou* (sjeldan): *trou* $c_{1.2}$.

ei og *ęi*: *þeirra* c_{8} (*þęirra* c_{6}) *beir* f_{10} *eigi* e_{23} *reisir* a_{16} *flęiri* f_{15} *vęiði* f_{6} *tvęim* c_{10} (*treim* f_{2}).

ey, *ęy*: *heyra* b_{3} (*hęyra* c_{15}) *huspreyur* a_{3} *deyr* c_{10} *ęyri* b_{13}; 1 gong *oy* i *heraðsflœyt* a_{7}.

b. Stigande tviljodar: *ia*, *io* (ɔ: *io* og *iǫ*) *iu*; kons. *u* etter konsonant vert skriven *v*, so nær som etter *q*, t. d. *hvarer* e_{5} *svęria* f_{19} *tvęggia* f_{3}, men *quio* e_{3}, *queðr* a_{8} *quiðiat* a_{12}.

10. Ljodsamhøve i endingar i det heile som i trøndsk, soleis at endingi er:

a. *e*, naar der i stavingi fyre er *a*, *á*, *e* (upphavleg, og alltid naar *n* + kons. fylgjer etter *e*) *o*, *ó*, *æ* *ø'*, t. d. *lande* b_{16} (2g) *smale* e_{10} *hvarge* e_{15} *rane* b_{19} *vęret* e_{22}, *hende* a_{23} *genget* f_{7} *kenner* a_{25}, *lokenn* e_{19} *hofe* e_{25} *goðgęfe* f_{7} *fœre* e_{23}.

b. *i*, naar der i stavingi fyre er *e* (ljodbrigda *a*) som ikkje er fylgt av *n* + konsonant, framleides naar der i stavingi fyre er *i*, *u*, *ú*, *y*, *ý*, *ei*, *ey*: *kętil* a_{9} *faðerni* d_{15} *firi* a_{17} (18g) *vitni* b_{4} (10g) *kunni* b_{6} *þrutir* e_{13} (npl av *þrutr* m. snute?) *husi* a_{11} *fylkiss* c_{16} *nytir* a_{24} *reisir* a_{16} *ęyri* b_{13} (2g); *Leysings* d_{1} *gęrðingar* e_{7} (andre døme med denne ending er det ikkje).

c. *o*, naar der i stavingi er *á*, *e* (upphavleg), *o*, *ó*, *æ*, t. d. *vattom* e_{14} *ero* a_{19} (5g) *utiseto* b_{15} *vetrom* c_{4} *forno* e_{22} (2g) *nottom* b_{2} *farsottom* d_{4} *frendom* b_{26}. — Undantak: *orðum* f_{22} (dpl av *orð* n).

d. *u*, naar der i stavingi fyre er: *e* (ljodbr. *a*) *i*, *í*, *u*, *y*, *ǫ*, *au*, *ei*, *ey*, t. d. *stēnu* (ɔ: *stemnu*) f_{9} *limu* e_{13} apl, *vitu* a_{3} 3pp (2g), *sinum* e_{16} *durum* b_{9} *þyfscu* b_{15} *siolfum* c_{7} *igognum* e_{18} præp. *golldrum* a_{2} *lausum* b_{24} *eigu* b_{21} 3pp (5g), *huspreyur* a_{3}.

Undantak: *somo* e_{23} *scolo* e_{1} (5g) *scolom* a_{12} *honom* a_{26} (13g) *quio* e_{3} *skęmrom* f_{26} (komp. av *skammr*). I dei fire fyrste undantak kunde me tenkja oss at den upphavlege *ǫ* i fyrste stavingi hadde gjenge yver til *o*, og at ordi synte fram tiljamningsformer; men dette er lite rimelegt i so gamall tid, og sét i samanheng med *quio* og *skęmrom* er det mest trulegt at det er former som eigenleg eig heim i rygsk og sume hordske bygdemaal lenger sud.

Merkn. 6. I ord med *e* av eldre *ei* er endingsvokalarne *i* og *u*: *engi* a_{20} (5g) *hęlgir* b_{24} *engum* e_{23}.

Merkn. 7. I former av *mega* er endingi *e*: *męge* c_{15}; av *gera i*: *gerir* a_{16} (3g) *gerði* b_{10} *gęrisc* b_{22}; *henne* a_{3} (2g).

11. Det ubundne pron. og adj. artik. er *hinn* d_{15} nsm (4g), *hinir* b_{25} *hitt* e_{13} (*hit* c_{13}). Etterhengd artikel er ikkje brukt i fragmenti, anna enn i: *ana* f_{12} asg av *á*.

12. *þ* og *ð* vert bruka som i trøndsk: *þann*, *eða* b_{15} *garð* e_9 *trygðar* b_{11} med samanskriven *ð* og *g*.

13. Fragmenti hev berre *mn*: *stęmna* a_{26} (*mn* 5g) *stęmndi* e_8.

14. Alltid *g* (ikkje *gh*).

15. Fragmenti hev *ft*, so nær som i bøygningsformer av ord som endar paa *p* i roti: *aftr* a_{22} (5g), *ęftir* b_{23} (2g), *skifti* e_{12} ofl. s. n. *skrifta* a_{14}; men *keypti* d_{11}.

16. Av serskilde former er merkande:

For *byskup* og *konungr* hev handskrifti berre avstyttingarne *b* og *k* og dativformerne *be* a_{17} og *ke* b_{26}. Endingi *e* i dativ syner oss at der med det strengt gjenomførde ljodsamhøve i dette fragment maa ha stade *o* i stavingi fyre, og at uppløysingi maa vera: *kononge* og *biscope* (eller *byscope*)[1]; — *bœ* e_5 dsg; — *goðgęfe* f_7; (= *guðrsgæve* G, cap. 85_9); — *hiuscap* b_{22} *hiun* c_1 pl. (2g); — *or* e_3 præp.; *igognum* e_{18}; — *ęrendreke* a_{25}; — *firi* b_6 (10g) *yf(ir)* a_{22} — *of* f_{21} præp. = *umb* e_8 (4g) *vmb* b_{18} *um* e_{18} ofl. — *aldrigi* a_{22}.

Merkn. 8. Aksentar er sjeldsynte, men finst: *á* f_{12} 3sp (av *eiga*) *á* f_{12} asg av *á* (elv), *úillt* f_{24}.

Merkn. 9. Den bilabiale spirant vert skriven *f* ogso i innljod: *hafe* e_{17} (4g).

Merkn. 10. Framfor palatal vokal stend *k*: *kennd* a_2 *kętil* a_9; elles jamnaste *c*: *coma* a_{22} *cono* a_6 *cann* a_4 *fcal* a_8 *crist* a_{14} *přęscold* b_7 (men *þręskeldi* b_7). Likevel er der nokor ustøda, t. d. *taka* a_9 (*taca* b_{20}) *skrifta* a_{14}. Framfor tviljodar som byrjar med *u* stend *q*: *queðr* a_8.

Merkn. 11. *z* i *manz* e_3 *garz* e_{10} *fiallz* f_7.

Merkn. 12. Refleksivendingi i verb er alltid *-sc* eller *-zc*: *abyrgiasc* d_5 *blandasc* a_{20} *lizc* e_2.

Merkn. 13. *vęl* a_9 adv., ogso *vel* b_{13}.

§ 17. Ordfanget. Merkande er *kna* a_{20} 3sp (av *knega*); *quio* e_3 synest her vera dat. sing. av eit nom. *kvía* f. (= *kví* f. som i dsg alltid hev *kví*). Ordet er i nyn. som i gn. einstavingsord so nær som paa Sunnm. og i Fjordarne, der det no heiter *kviə*. *liðis* f_{10} er fulla

---

[1] I avtrykket i Ngl. II sida 496_4 og 497_{15} er uppløyst *byscupe* og *konunge*, som visst ikkje er rett. G. hev paa same staden *kononge* (Ngl. I sida 19_{21}), og alltid *biscop*; Gfr. II hev alltid *byscop* og *konongr*.

gsg av *liði n.* = *lið n.* her med tydning »folkehjelp«. Paa Karlevisteinen vert ordet bruka i nom. sing. — *liþi* med tydning hovdings fylgje; *lyrittar eið* a_{27}.

§ 18. Etter dette høyrer Gfr. I i maalvegen til nordvestlandsk. Med di den private partikel er *ú-* og der er *mn* (ikkje *fn*) og *ft* (ikkje *pt*) samstavar maalføret med maalføret i Ytre Sogn. (Sjaa § 11).

III. 3 fragment av den eldre Gulatingslog (Gfr. II).

Grunnlag: avtrykk i Ngl. IV, 3—13 etter upphavsskrifti i Am. 315 f fol. Faks. Ngl. pl. I 3. Tilvisingar til kapiteltali i logi.

§ 19. I desse fragmenti, som er fraa tidi fyre 1200 — sjaa Innl. sid. 9 — finn me:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er gjenomført, ogso um *u* er halden i andre staving: *holf* 228_4 *houuð* 10_4 (3g) *foður* 21_{11} (9g) *oll(u)* 302_3 *somu* 225_3 (5g) *somo* 226_4 *monnum* 156_{10} (2g) *morcum* 10_8 (10g) *ol'um* 10_1 (3g) *oðrum* 227_{17} *ondo* 20_9 s. f. ds *sogu* 156_1.

Undantak er: *marcum* 12_8 *kallum* 10_4 *ma(tunœyti)* 20_{16} (trøndsk paaverknad).

Merkn. 1. *skolu* 10_8 er den vanlegaste form (13g; *skulu* 9_2, 8g); i fyrrtid *skylde* 21_2 og i fleirtal *skylldo* 21_3.

2. *u*-ljodbrigde av *á* i: *œr* 153_5 s. f. dsg (aar i baat), *rœs* 152_2 s. f. dsg, *tolmonoðr* 12_{17} apl, (*tolfmanaðr* 11_3 apl. *tolfmanaðr* 10_7 npl. *tolfman(a)ðer* 12_7 npl. og blandformi *tolfmonaðr* 21_{17} apl.) *voro* 21_1 dsn, *nottena* 21_5 *nottom* 304_7. Ogso dette ljodbrigdet er her vel gjenomført.

Merkn. 2. Av ordformer som *u-* og *v*-ljodbrigdet plar hava verknad paa, er merkande: *honum* 20_4 ofl. *gera* 11_2 *byskop* 9_2 (6g) *micla* 156_2.

3a. *i*-ljodbrigdet av *a* er oftast *æ*, t. d. *bæria* 20_1 inf. *æftir* 21_5 *fæðr* 226_4 dsg (2g), *fæsta* 20_4 inf. *fællr* 12_6 3sp *gærð* 10_5 *gængr* 304_3 *hælldr* 20_{10} *hæui* 9_3 1sp (av *hafa*) *auskæri* 153_5 dsg, *læggia* 305_3 inf. *stændr* 11_3; sjeldan *e*: *gera* 11_2 ofl. *menn* 9_2 ofl. (*men* 21_6) *selia* 20_{15}.

Merkn. 3. *hværr* 225_{11} (*hværn* 10_{13} *hværri* 304_2 ofl.) *hvervetna* 227_{18} *hværgi* 12_{11} *hversso* 224_7.

Merkn. 4. Ikkje ljodbrigde i *utlagr* 302_2.

b. *e*-ljod, uppkomen av *ei*, vert skriven *æ*: *ængi* 21_8 ofl. *hælgi* 10_2.

c. Upphavleg *e* vert jamnaste skriven e: *ber* 22_1 3sp (av *bera*) *drepa* 21_{11} *ec* 9_3 *eða* 10_6 ofl. *eta* 20_{10} ofl. *nema* 156_6 konj. (4g; ogso *næma* 21_2) *queðr* 20_4 *vera* 11_2.

d. Etter *v* og framfor *rð* vert skrive *æ* eller *e*: *værðr* 11_3 *verðum* dpl. 21_{12}.

Upphavleg lang *e* (*é*) i: *se* 10_{13} 3spk *tre* 10_{13}.

Merkn. 5. Etterljodbrigde ved *i* er der ikkje merke etter i hdskr. *giallda* 153_1 ofl.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* er *æ*: *bæðe* 301_{14} *fær* 20_9 3sp (av *fá*), *færre* 301_9 komp. *hælar* 21_3 *lætr* 12_{17} 3sp (av *láta*) *mæla* 21_{11} *næsta* 156_6 *ærend-* 9_1 (2g) = *ærand-* 20_2 (2g). Undantak: *frendr* 152_3 *frendsime* 227_{18}.

5. *þat* 10_1 *þar* 21_4 *þaðan* 152_3 *þingat* 21_2 (2g); *þann* eller *þenn* finn me ikkje i hdskr.

6. *i*-ljodbrigdet av *o* (*ó*) er *œ*: *kœmr* 10_7 (5g) *rœr* 301_{14} 3sp (av *róa*) *fœtr* 303_5.

7. Privativ part. er *ú-* t. d. *ufratt* 21_{10} (veikt), *ugort* 301_{13} (ugjort).

8. Ingen halvljod: *ulfr* 156_{10} *kœmr* 10_7.

9. Tviljodarne vert skrivne:

au, t. d. *auða* 12_{18} *laust* 21_6 adj. n. — 1 gong *ꜹ* i *hins dꜹ* 227_7 (misskrift for *dꜹða*), *hins dauða* 152_3 225_3 ofl.

æi, t. d. *næi* 22_6 *þæim* 10_1, *æigi* 10_7 (*þœir*? 304_3 for *þæir*).

æy og *œy*: *æyða* 12_5 (3g) *læyuir* 302_4 (2g) *dœyia* 21_4 *œyre* $10_{13 \cdot 14}$ *œyri* 225_6.

Stigande tviljodar i: *biarga* 20_9 *bioða* 20_8 *fiorar* 227_3 *siuct* 21_7 *kiot* 20_{11}; 1 gong *ja* i *jamna* 226_5; ogso *ea* (= *eá*) i: *atean* 227_7 *fear* 21_{17} *þrea* 12_{19} (2g); og *eo*: *skeota* 153_4; *hverretna* 227_{18} *sva* 9_2 *tva* 226_{11} (2g; *tua* 303_4) *tritug-* 301_1 *tvær* 21_{15} (2g) *hoggva* 301_7 *þvi* 10_1.

10. Ljodsamhøve millom *e* og *i*, *o* og *u* i endingar, men med eit drag burtimod *e* (for *i*) og *o* (for *u*), helst naar *e* og *o* stend i utljod. Handskrifti hev daa:

a. *e* etter *a*, *á*, *e* (upphavl.) *o*, *ó*, *ǽ*, *ø*, t. d. *barne* 21_{11} (6g) *aller* 9_2 (16g) *baðer* 21_{19} *reke* 20_7 3spk, *boret* 21_1 (3g) *dome* 10_1 (2g) *bæðe* 301_{14} *fœðer* 21_{16}.

Undantak etter *a*: *nakki* 21_2 *talit* 303_9 part.; etter *o*: *brœðrongi* 226_6 3g (*brœðronge* 225_7, 4g).

b. *i* etter *æ* (ljodbr. *a*) *i*, *í*, *u*, *ú*, *y*, *ý*, *au*, *ei*, *ey*, t. d. *hæuir* 12_{19} (4g) *hværri* 304_2 *vili* 21_9 *tiðir* 21_6 *systrungi* 226_{11} (2g), *uti* 302_4 *syni* 224_1 dsg (av *son*) 20g, *lysir* 156_3 *caupi* 302_2 *æiði* 303_{12} *œyris* 228_2.

Undantak etter *æ* (ljodbr. *a*): *kænne-* 9_2 (men *kænnir* 20_2 3g), *sætte* 10_2 (av *setja*) *ge(n)gner* 10_8 12_7; etter *i*: *timbre* 12_{14} *penninge*

20_{11} (21_{17}) *hinne* 21_{13} *inne* 21_{15} (2g) *jnne* 21_{17} (*inni* 156_{16}) *spiller* 22_{1} (2g) *ritne* 156_{2} *kile* 301_{7} *liðe* 301_{11}; etter *u*: *iorðunne* 12_{20}; etter *y*: *fylkes-* 10_{8} (*fylki* 10_{4} *fylkis* 10_{5} 4g) *skylde* 21_{2} *yuer* 21_{11}; etter *ey*: *œyre* $10_{13 \cdot 14}$ (*œyri* 225_{6} 3g).

Merkn. 6. *frendsime* 227_{18} for *frendsemi* synest vera ei tiljamningsform: *-semi* > *simi* > *sime*; smlk. *firi, firir* i hdskr.

c. *o* stend etter *á*, *e* (upphavl.) *o*, *ó*, *œ* i fyrre staving t. d. *attongr* 10_{11} (2g) *ero* 10_{3} (14g) *-sesso* 301_{1} *ærtogom* 225_{11} *moðor* 225_{3} (18g) *broðor* 225_{7} (5g) *nottom* 304_{7} *brœðrong-* 225_{12} (15g).

Undantak: etter upphavleg *e* stend *u* i *verðum* 21_{12}. Merk *u* etter *a* i *marcum* 12_{8} (*morcum* 10_{8} 9g) og *kallum* 10_{4} (trøndsk).

d. *u* stend etter *e* (ljodbr. *a*) *i*, *í*, *u*, *y*, *ǫ*, *au*, *ei*, *ey* i fyrre staving, t. d. *stæmnu* 21_{13} *hværiu* 10_{4} *kirkium* 10_{1} (2g) *sinu* 22_{2} (2g) *lutum* 225_{5} (2g) *fyrstu* 21_{13} *systrungr* 227_{1} ofl. *foður* 21_{11} *aurum* 9_{1} (9g) *hæiðnu* 22_{6} *æigu* 10_{11} 3pp (7g).

Undantak: *o* stend etter *e* (ljodbrigda *a*) i *hversso* 224_{7}; etter *y*: *skylldo* 21_{3}; etter *ǫ* i *ondo* 20_{9} dsg (av *ǫnd*, sjæl), *somo* 226_{4} (*somu* 225_{3}, 5g)[1].

Merkn. 7. Ljodsamhøvet er gjenomført i endingar paa *-ing*(*r*) og *-ung*(*r*): *peningum* 225_{10} *systlingi* 225_{8} *attongr* 10_{11} (2g) *brœdrong*(*r*) 226_{1} ofl. *fiorðongr* 10_{10} *konong*(*s*) 20_{12} *systrung*(*r*) 227_{1} ofl. *þriðungi* 227_{19} ofl.

Merkn. 8. Den etterhengde artikel berre i *nottena* 21_{5} og *iorðunne* 12_{20}. — *þic* 21_{11} *sic* 301_{10} ofl.

Merkn. 9. Etter *æ* av upphavleg *ei* fylgjer *i* og *u*, t. d. *ængi* 21_{8} *hælgi* 10_{2} *hælgu* 21_{5}. — I former av *gera* og *mega* er der jamnaste *e* og *o*: *mege* 21_{7} *mego* 21_{8} *gerer* 12_{13} ofl. (*-ir* 12_{12} 301_{14}).

11. Adjektiv-artikelen er *hinn* 10_{2} *hins* 152_{3} *hinum* 156_{4} *hitt* 227_{2} (*hit* 156_{2}) *hinu* 224_{5}.

12. *þ* og *ð* som i vanleg gamaltrøndsk. *lð* hev vorte *ld*, t. d. *talder* npm 224_{7} *talda* apm 227_{17}.

13. Handskrifti hev *mn* i ord som *namne* 21_{11} *stamne* 302_{1} *stæmnu* 11_{2} ofl. *jamna* 226_{5} (i samansetning *jam-* 225_{4}).

14. *gh* finst ikkje.

---

[1] I staden for *hitt somu* 227_{2} hev G paa same staden *at somu* liksom dette fragmentet $225_{3 \cdot 7}$. Men merkelegt er det at me ogso andre stader raakar paa den same uregelretta, soleis *hit somo* Gfr. III 85 (Ngl. I sid. 118_{12}) og *hit sømu* Ældr. Frost. XI, kap. 24_{5}. Truleg er det ei samanblanding (berre i skrift?) av *at sǫmu* og *hit* eller *et sama*.

15. Fragmentet hev *ft* i ord som *aftr* 302_2 (2g) *æftir* 21_5 (2g) *haft* 21_{13} (av *hafa*) *skifta* 10_{11} *tuft* 10_6 (9g); berre 1 gong *pt* i *skripta* 21_{18} (latin).

16. Serskilt er merkande:

Fyrrnordisk ljodskifte *e* og *i*, *o* og *u*: *rennr* 153_4 ofl. 3sp (av *renna*), *viganda* 225_1 ofl. (præs. partic.) *konongr* 10_2 (2g) *oxa* 303_4 asg, *sunr* 227_2 ofl. *sonar*(?) 21_{12} gsg, *syni* 224_1 ofl. *rossa* 20_{11} gpl, *þrea tugu* 12_2 apl. — *boande* 12_{12} *or* 10_{11}, præp.

Fyrrnordisk *aiw* til *æ* i *sæ* 305_2 asg.

Substantivendingi *-endi* berre i *ærendreki* 9_1 11_2 *ærandreke* 20_2 22_5 (jfr. nyn. *ǣrand*, Selja i Nfj.).

Ljodbrotet er gjenomført paa vanleg vis; merkande er *fiugurra* 227_3 gpl.

Ingi aksentar.

Ymse vokalhøve:

koma hev i notid *kœmr* 10_7 ofl. *œfsta* 227_{16} 228_5 skifter med *æfsta* 227_{17}. *ærtogom* 225_2 ofl. *orkymlum* 21_2 *orsæckir* 301_4 *œrsæckiu* 303_8.

firi 10_{10} (31g) *firir* 12_{16} (3g); men *yuer* 21_{11} *skylde* 21_2 3si (av *skolu*); *frendsime* 227_{18} (< *frendsimi* < *frendsemi*).

Ingen yvergang fraa *i* til *y* framfor *rð*: *hirða* 304_1.

Konsonantyvergang.

ðl > *ll* i *bralla* 21_7 adv.; *-nn* > *ð* i *muðr* 156_1.

nd > *ld* i *hœgelde*(*kirk*)*iur* 12_4 (jfr. nyn. *tarvelle* Ryf. *tarvelda* Nhl. for *tarvende*, gn. *þarfendi*).

For klanglaus konsonant stend klangfør i *stiugsyni* 225_{10} (berre for auga?).

ver 10_1 pers. pron.

Midkonsonant er burtfallen i *anlit* 21_2 *tolmonoðr-* 12_7. *-m* er burtfallen i verbalending framfor *vér*: *æigu ver* 10_6 *skolu ver* 10_8 (*ver æigum* 10_4). *r* er burtfallen i *þrim* 225_2 (4g; *þrimr* 10_{12}, 13g) og alltid i *tvæim* 225_5; jfr. nyn. *trēm'å* og *tvōm'å* dat. av *tri* og *tvo*, Sunm. (foraldra); sameleis er *r* burtfallen i *við* 9_1 ofl. præp. etter jamlaging med *með* 21_2 (*viðr* adv. hev halde paa *r*, t. d. 152_5).

r er innskoten etter *ð* framfor *n* i *hæiðrnu* 22_3 (*hæiðnu* 22_6 *hæiðnum* 21_4). Sjaa G. Tr. § 44 merkn. og jfr. nyn. *fraa einare ho'ja* Sfj. av *frá hæiðrnum haugi* (*frao hin hauj'en*, indre Sogn).

l er lengd framfor *d* og *t* (ikkje gjenomført) t. d. *alldrigin* 12_{13} *giallda* $153_{1\cdot2\cdot3}$ *hallda* $10_{2\cdot5}$ ofl. *hælldr* 20_{10} *allt* 302_5 304_4, og jamvel *mællt* 303_{11} (tala); men *n* er ikkje lengd i denne stoda, t. d. *hundr* 20_{10} *blanda* 20_{16}.

Lang konsonant stend for einskild ogso i: *skippræiðu* 304_6, og umvendt stend stutt konsonant for lang i: *ber* 22_1 3 sp (av *bera*) *men* 21_6 npl av *maðr* (oftare *menn*, t. d. 9_2).

Ymse konsonanthøve.

Framfor palatal vokal stend alltid *k*: *kænnir* 20_2 *kirkiu* 10_4 *slikir* 156_9 *orkymlum* 21_2. I andre høve vert helst skrive *c*: *morcum* 10_8 *cristnum* 10_1, men ofte er der ogso *k*: *konongr* 10_2 *skolu* 10_8 *kallum* 10_4; framfor *ue* stend *q*: *queðr* 20_4. Lang *k* vert helst skriven *ck*, men ogso *kk*. t. d. *usæckiu* 153_4 *sæckizc* 9_1 *nakki* 21_2.

Den bilabiale spirant vert skriven *f* i utljod, men oftast *u* i innljod, t. d. *þarf* 10_{13} *hæui ec* 9_3 *hornstauer* 10_6 *graua* 21_{12}; i innljod ogso *fu*: *halfua* 224_6 og *f*: *hafa* 12_{11}. Upphavleg *v* vert oftast skriven *v*: *værðr* 11_3 *tva* 226_{11}, men stundom *u*: *tua* 303_4 *queðr* 20_4.

z i: *manz* 153_4, *firrizc* 227_{18}.

17. Ordformer.

Av substantivformer er serleg merkande bøygningi av *sunr*, gen. *sonar* (?) sjaa ovanfor under 16. — *nauðr*, 20_7 (naud). — *ondo* 20_9 dsg (sjæl).

Adjektiv: *sa mælanda muðr* 156_1.

Pronomen: *ver* 10_1 ofl.

Talord: *tvæim* 225_5 *þrimr* 10_{12} (13 g; *þrim* 225_2, 4 g) *fiugurra* 227_3.

Verb. *kna* 21_{12} 3 sp.

Refleksive verb endar alltid paa *sc* eller *zc*, t. d. *nemasc* 10_{10} *firrizc* 227_{18}.

Adverb. *ælligar* 152_4 *alldrigin* 12_{13} *væl* 11_3 adv.

§ 20. Ordfanget. Merkande er *orkymlum* 21_2 og *lyrittar* 20_5.

§ 21. Umskoding. Den boki som desse fragmenti hev tilhøyrt, maa ha vori avskrivi etter ei bok som knapt hev vore yngre enn midten av det 12te hundr. At fragmenti hev tilhøyrt ei avskrift kann me sjaa av den ustøda det ofte er i skrivemaaten. Sumt av dette, so som *æy* no og daa for *øy* eller *ey*, og ordformer som *marcum* og *kallum*, hev fulla sinn grun i det at avskrivaren hev vore paaverka av trøndsk skrift, som ikkje kann ha vore uvanlegt paa den tid me maa tru desse fragmenti vart skrivne (umkr. 1200). Men samstundes er der ogso noko skjepl med umsyn paa ljodsamhøvet millom endingarne *e* og *i*, *o* og *u*, helst soleis at me ikkje sjeldan raakar paa *e* for *i* og *o* for *u* i utljod. Med di maalføret i fragmenti likevel i det heile er nordvestlandsk, som kjennemerki tydeleg syner, kann eg ikkje forklaara denne ustøda

paa annan maate enn at upphavsskrifti til fragmenti eller fyrelegget hev vore paa eit rygsk eller hordsk maalføre[1], og at sumt av dette hev vorte sitjande att i avskrifti.

Vitnesburd um ein høg alder er millom anna den jamne skrivemaaten *u* for bilabial spirant i innljod, det gjenomførde ljodbrigdet av *á* ved *u* og bøygningsformerne *sunr*, *sonar*, *syni*.

Merkn. Dei randmerknader som ei hand fraa 2dre helvti av 13de hundr. hev skrive paa fragmenti, inneheld for det meste reine rygske former: *hofoð-*, *kollom* 1 pp (av *kalla*) *langa-fosto*, *orkymlom*, *fylkess* ofl. som tyder paa at handskrifti paa denne tid hev vore brukt einkvarstad paa Rogaland.

IV. Gamalnorsk homiliebok 1ste hand (1200—1225).

Grunnlag: Gammelnorsk homiliebog — avtrykk etter Am. 619 qv. — ved C. R. Unger, Christiania 1864. — Fornnorska homiliebokens ljudlæra av Elis Wadstein, Upsala 1890. — Faksimil i Ant. Russ. I, pl. IX og i Pal. pl. 10.

§ 22. Gamalnorsk homiliebok er skrivi med tri hender. Den fyrste handi (Hom. I) hev skrive s. 1—32 og 155_{26}—160 i hds. (= Ung. utg. 1—64_{10} og 195_{24}—201). Andre handi (Hom. II) hev skrive s. 33—136 og 145—155_{25}, hds. (= Ung. 64_{11}—181_{12} 183_{25}—195_{22}). Tridje handi (Hom. III) hev skrive 4 blad, s. 137—144 (Ung. 202—213) som eigenleg høyrer til ei onnor bok, men som ved eit høve hev vorte innskotne paa ein stad som der i homilieboki nettupp er ein glepp (lakuna) paa 4 blad[2].

§ 23. Med umsyn til dei maalmerki me hev sett upp for nordvestlandsk hev det seg soleis i Hom. I[3]:

1 a. *u*-ljodbridbrigdet av *a* er jamnaste gjenomført framfor *u* i næste staving, t. d. *hofuð* (-) 47_{18} (5 g) *hiortu*(*n*) 45_{14} (3 g) *hofðu* 19_{14} *hondum* 2_1 (2 g) *logðu* 63_{14} *morgum* 2_{10} (2 g) *oðru* 50_4 (2 g) *ofund* (-) 41_1 (14 g) *ollum* 5_5 (13 g) *ollyngis* (> *ǫllungis*) 30_{14} *onnur* 26_7 (4 g) *utækunni* 33_{11} *veroldo* 60_{25} (6 g).

---

1 Ogso formi *hœgelde* (*kirk*)*iur* 12_4 for *hœgendi-* minner um desse maalføri.

2 Um 2dre hnd. sjaa næste stykke; um 3dje hnd. sjaa under Sudvestlandsk og G. Tr. 8.38.

3 Tilvisingarne gjeld Ung. utg. med Wadsteins rettingar. Wadsteins statistik er bruka der som det hev vore mogelegt; men i sumt er synsmaatarne for skilde — som naar W. tek *nokkor* med under det vanlege *u*-ljodbrigdet av *a*, men ikkje former som *giofum*, *diofull* —; dessutan er Hom I og II (for) ofte samanslegne hjaa W.

Hertil lyt me ogso rekna former som *giofum* 43_4 *stiornu* 60_{13} (2 g), med di endingi *-u* (ikkje *o*) syner oss, at *io* her er lik *iǫ*.

I Hom. I er der likevel mange undantak fraa hovudregelen. Mot umkr. 200 ljodbrigda former stend umkr. 55[1] ikkje ljodbrigda. Desse er:

aðrum 200_{19} (men *oðrum* 5_{12} 12 g), *allu* 5_5 (2 g; *ollu* 9_{16} 5 g; *Aollu* 41_7) *almoso-* 28_{17} (6 g; *olmoso* (-) 5_2 12 g; *olmosu* 62_{16} *olmosor* 64_3) *ambun* 40_{15} *ambonar* 10_{13}, *ambunar* 16_{20} (3 g; *ømbun* 40_4 *ombun* 39_4 *ombunar* 45_5) *bardagum* 13_{15} *dagurð* 24_{14} *diafull-* 199_9 (5 g; alle 5 gonger i Oratio dominica) *diofull* 3_8, 20 g) *faður* 8_{13} 196_{27} (5 g) *faðurleg-* 2_2 *fastur* 45_1 (*føstur* 27_{17}, 6 g) *-fastum* 47_{12} (*-fostum* 47_9 2 g) *gatu* 8_{10} (2 g; *gotu* 32_{19} *gøtu* 24_4, 2 g, *gøtur* 32_{16}) *gangum* v. 197_{29} (*gøngum* v. 19_{15}) *gauuglegre* 2_4 (*gofug* 8_1, 9 g), *-giarnum* 36_{16} *-giarnom* 9_7, *hauum* v. 57_{10} = *hafum* 5_{16} 201_4 (*houum* 55_5, *hofum* 18_{10} 2 g) *iarðu* 197_5 (*iorðu* 33_{17}, 3 g; *jorðum* 29_3) *kallum* 61_{19} *craftum* 42_{10} *lagum* 198_{26} *langu* dsn. 24_7 *-lastum* 51_{10} *mannum* 196_{23} 200_{34} (2 g; *mønnum* 11_{19}, 10 g; *mǫnnum* 45_8 *monnum* 40_{14} 8 g; *-monnom* 55_{13}; tils. *u*-ljodbr. 20 g.) — *samom* 9_7 *samu* 2_{16} 199_{18} (3 g; *somu* 21_{11}) *sannu* 38_{19} 2 g (*sonnu* 39_{16}, *sønnu* 12_{14}, 2 g) *scammu* 4_{13} (*scommu* 1_5 2 g) *sakū-nøutum* 198_9 (*søcum* 40_3 *socum* 49_6 *socom* 46_{11}) *sialfum* 11_{10} (*siolfum* 3_1, 7 g) *talu* 27_6 (*-tølo* 22_4) *upphafum* 2_8 *varom* 63_{28} 1 ppl, imper. (av *vara*).

Som ein ser, er dei ikkje ljodbrigda formerne av eit ord alltid faa; det er berre 4 former (*ambun diafull faður almosa*) som naar upp til 5 gg; dei fleste av dei andre ovrar seg 1 g (eller 2) gjenom heile skrifti og tevlar med ljodbrigda former, som mest alltid fær yvertaket, og er di vissare paa aa vinna, di oftare ordet vert brukt i skrifti, soleis *aðrum* 1 g, men *oðru, oðrum* 14 g, *diafull* 5 g, men *diofull* 20 g, *mannum* 2 g, men *monnum* etc. 19 g. Der er fulla nokre ord som kann segjast alltid vera utan ljodbrigde (*kallum, craftum, lagum, langu, varom, dagurð, bardagum, upphafum, sakū-nøtum, -lastum, -lastom, faður*); men alltid vil her segja berre 1 gong, for oftare finst ikkje kvar av desse formerne i skrifti so nær som *faður*, som finst 5 g og dessutan 1 g i samansetn. *faðurleg* —. Ljodhøvi i dei ordi som syner fram ikkje ljodbrigda former, skil seg ikkje ut fraa dei andre paa ein slik maate at me i deim kann finna nokon grunn til dette uregelrette tilstandet.

Det er sjølvsagt at slik uregelretta ikkje hev aatt heime i noko livande maalføre[2]. Me kann ikkje tenkja oss eit vanlegt maalføre soleis

---

[1] Av desse stend 15 berre i eit stykke Oratio dominica (s. 195—201).

[2] Det skulde daa vera i eit yvergangsmaalføre eller yvergangstid. Men me kann ikkje ganga ut ifraa, at all den norske skrift me finn slik ustøda i, hev vorte til nettupp paa slike stader og i slike tider.

bygt at same mannen skulde segja *oðrum* og *aðrum* (eller *aðrum'* med ettertrykk paa siste staving), *ollum* og *allum* etc. um kvartanna, endaa mindre etter ei procentvis utbyting av ljodbrigda og ikkje-ljodbrigda former av same ord. Naar skrivaren av Hom. I gjenom heile skrifti elles brukar formi *diofull*, men paa dei 2—3 siste sidorne (199_9—201_{18}) blandar inn 5 gonger formi *diafull* attmed 4 gonger *diofull*, maa det vera ein ytre grunn til dette umskifte liksom til at han i dette siste stykke fører inn formi *hanum* (197_{28}, 4 g) for *honom* ell. *honum* som han elles hev bruka.

Gjeng me ut fraa at dei formerne som er dei fleste og jamnaste, syner fram det eigenlege maalføre i skrifti, som ogso oftaste vil falla saman med maalføret aat avskrivaren, lyt me forklaara dei ikkje-ljodbrigda formerne i Hom. I som innverknad fraa eit anna eller andre maalføre med slike former. Eg tenkjer meg daa at innverknaden skriv seg fraa austnorske maalføreformer i fyrelegget. Med dette er det like-vel ikkje sagt at det næmaste fyrelegget hev vore paa reint austnorsk maal. Der er tvertum mykje som talar for at innehaldet i homilieboki er samla fraa ymse kantar, visseleg ogso fraa fyrelegg med ulike maal-føre, at ho i det heile er ei av dei mange preikesamlingar som me kann tenkja oss var i umlaup millom presteskapet i Norig i det 12te og det 13de hundr. og som vart avskrivne snart her og snart der, med eller utan brigde i formi og i innehaldet. Paa denne maaten — og berre paa denne maaten — synest det raad til aa forklaara seg dei mangeslag former som me finn i heile denne boki, og som ikkje kann ha vore brukte soleis paa ei og same tid paa ein og same stad, men som er merke etter gamall tid og yngre tid, og som me maa vera budde paa aa leita etter i maalføre i vest og aust, i sud og nord.

Aa granska etter kvar dei einskilde stykki i Hom. hev sitt eigenlege upphav, ligg paa ein maate utanfor fyreloga her, som er aa finna hovud-svipen eller hovuddragi i den maalformi hdsk. syner fram, og som i den gamle tid ho er skrivi, oftaste hev vore det same som maalføret til av-skrivaren, anten det han tala eller det mynster han hadde lært aa skriva etter. Men so mykje um dei einskilde stykki i høve til sine fyrelegg som synest naudturvelegt for dette hovudfyremaal, er det sjølvsagt me lyt taka med. Og dette vil verta gjort i »umskodingi« nedanfor, § 24.

Merkn. 1. *Skulu* v. hev formi *sculu* 32_2, men oftare *scolu* 37_6 (3 g) som kann vera ei ljodbrigda form av *scalu*. Dei andre former av dette verbet i Hom. I er i præs. *scal*, *scalt* 16_{18}, *scal* 2_{14} *scolum* 6_{16} (10 g; *scolom* 23_4 7 g; *scalum* 12_{11} 197_{18} 5 g); *scalu þer* 12_{12} (2 g); *scyldi* 60_{15} (3 g). — *munu* 5_{13} (8 g; *monu* 9_2 *mono* 64_6) finn me i desse former:

Præs. 1 sg: *mon* 8_{16} (6 g; *man* 6_5, 3 g); 2 sg: *montu* 24_9 30_{14} (*mantu* 15_{18}); 3 sg: *man* 9_{10} (26 g; *mān* 13_{15} *mon* 27_{14} 7 g; *mꜵn* 26_1; *mun* 31_5); 2 pl: *munu þer* 58_1. 3 si: *myndi* 36_1 (2 g). Inf. præt.: *myndu* 30_5.

b. Til trøndske verbale tristavingsformer paa -*aðo* etc. svarar -*aðo*: *fagnaðo* 18_1 *glataðo* 49_1 *þionaðo* 61_2; *bannaðo* part. dsn. 62_8; 1 gong *ælscaðeð* 2 pi (misskr. for -*uð*?) 63_{24}; præs. part. dpl. endar paa -*andum*, t. d. *misgerandum* 11_7 *hæfiandum* 47_{12} (i alt 10 gg -*andum*; 1 g -*andom* i *æigandom* 29_6 og 1 g -*ændum* i *domændum* 37_{15}, etter *domændr* 37_{12}). Sameleis i adj. i komp. *siðaru* npf b. f. 200_{26} og superl. -*asto*: *diupasto* 4_{13}, og -*astum*: *grimastum* 37_{16}. Like eins substantivformer som: *þionasto* 5_2 (*þionæsto* 3_8, men *þionosto* 57_9), *sculdarum* dpl 10_{15} *bardagum* 13_{15}. *hiartano* dsg b. f. 18_{11} og dilike former, som er samansette, høyrer sjølvsagt ikkje hit.

Merkn. 2. Adjektiv som er tvostavingord med stutt avleidingsending, som inneheld *a*, fær i nsf & npn *u* eller *o* for *a*: *hæilog* nsf 8_6 ofl. *yður* nsf 46_{14} *onnur* 26_6 (4 g). — Particip paa -*aðr* fær i fem. -*að*: *blæzað* 61_{31} *ritað* 8_7 *hungrað* 36_{18} (jamlagingsformer). — Subst. fem. paa -*an* (ikkje) -*un*): *blæzan* 34_1 *huggan* 1_5 *scipan* 2_8 ofl. *yfirstoplan* 41_4 og *yfirstaplan* 39_2 (etter *stapull*, trøndsk for *stǫpull*); av andre subst. med avleidingsending som inneheld *a* og som hev burtkasta -*u* (eller *o*) i 3dje staving er merkande *vesold* f. 18_5 (5 g). — Subst. m. paa -*aðr*: *fagnað* asg 60_{23} *metnaðar* gsg 37_5.

2. *u*-ljodbrigdet av *á* er for det meste skrive med eit serskilt teikn, naar -*u* hev falle burt; oftast (42 g) *ꜵ́* ell. *ꜵ*, ogso *ao*, *ǫ*, og helst naar vokalen er nasal *o*, *ó*, t. d. *ón* prp. 4_7 (4 g; *ꜵ́n* 54_9 *ǫn* 11_6 *Áon* 37_5) *ambott* 50_2 *forsió* 51_{13} *nótt* 17_{19} (*nott* 61_{14} *nót* 198_{14}, *not* 60_{10} 3 g *skuggsió* 7_{10} *tꜵ́r* npl 17_{18} (3 g; *tꜵr* 17_{15} 2 g) *rópn* npl 28_2 *rór* pr. nsf 7_4 (2 g); rugling i: *ꜵst* 6_{11} (13 g; *ast* 4_{15} 6 g; i gsg: *astar* 8_1) *mꜵl* npl 8_5 (3 g; *mál* 2_9 2 g) *nolgasc* 32_{19} (*nalgalsc* 15_9) *nang*(*r*) 5_8 (4 g; *nꜵngs* 33_8 2 g; *nꜵnge* dsg 12_{15} 2 g; *nꜵnga* 9_{11} 2 g) *Pꜵll* 63_{30} *Pꜵl* 33_{10} ofl. (*Pall* 46_5) *vón* 49_{16} (*vꜵ́n* 53_{15}, *vꜵn* 7_2 7 g, *vaon* $6_{8\cdot 10}$ *ván* 6_{14}); *sár* npl 19_{14} hev berre denne form. Etter W. hev Hom. I 23 g *á* (eller *a*) for *ǫ́* i slike høve som her er umrødt.

Naar *u* er halden, er der oftaste (58 g, W) ikkje ljodbrigde av *á*, *dramblátom* 15_5 ofl. *fiandom* 37_{16} *framcvamo* 30_9 *hattom* 39_{18} ofl. *malom* 62_{32} *sálum* 58_2 *váro* 17_{18} 3 pi, *þo at tvaro* $198_{26\cdot 32}$. Men merkc etter ljodbrigde finn me ogso i dette høve, t. d. *tꜵrum* 17_{13} dpl. (2 g; *tarom* 6_{14}) *vꜵrum* 12_{17} pron. (3 g; *vꜵrom* 18_{15}, 3 g; men *varom* 12_3, 9 g).

Merkn. 3. Med di *u*-ljodbrigdet av *á* gjerne vert skrive *o*, *ó*, naar *ǫ́* hev vore nasalera, er det trulegt at vokalen i desse høve hev gjenge yver til *ó*. Sumtid er den ljodbrigda vokalen yverførd til former der han ikkje eigenleg er heime, t. d. *vǿr* 21_7 pron. nsm. (*vár* 60_{10} ofl.) *vørar* 52_5 pron. apf. Dette tyder paa samanfall av *á* og *ǫ́*.

Merkn. 4. Av andre verknader av *u*- (og *v*-) ljodbrigdet er merkande: *noccor*, som alltid vert skrive soleis, t. d. 4_8, so nær som at dsn heiter *nøccve* 50_4 der *ø* er *v*-ljodbrigde av *e*, liksom i *algørfi* 4_{17}. — *honom* 16_7 (9 g) er den vanlegaste form; dessutan finn me *honum* 61_2 (5 g) *hanum* 197_{28} (4 g; alle 4 gonger i Oratio dominica) *hanom* (for *hánom*?) 60_9. — *hon* 22_6 ofl. med gen. *hænnar* 32_{19} (oftast; ogso *hennar* 32_{17}) og dat. *hænne* (oftast; ogso *henni* 197_{17}). — *gera*, vanleg form, t. d. 199_{17} (*gøra* 199_{17} i Orat. dom.). — *mykil* nsm 17_5 ofl. *mykit* 8_2 ofl. med *y* i alle former. — For *millum* vert alltid brukt *meðal*, *á meðal*.

Merkn. 5. Merkelegt er *aruar* 30_{10} for *arvan* asm av *ǫrr* (gjevmild), det einaste døme i homilieboki paa *a* framfor halden *v*; men heile ordet ser ut som ei mistyding.

Merkn. 6. Etterljodbrigde av *u* i *kyrlæik* 44_6 og *ukyrrir* 43_{15} 3 sp (2 g).

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* vert jamnast skrive *æ*, umkr. 511 g (W) t. d. *fræmiasc* 59_1 *samtængisc* 27_{15} *sændir* 1_2 *stadfæsta* 47_5, men ogso ofte *e* — etter W 249 g — t. d. *lengi* 24_{13} (*længi* 24_{14}) *menn* 15_8 ofl.; sjeldan *ę* (34 g, W) t. d. *ęftir* 13_{10} (*æ* 16 g, *e* 4 g).

Merkn. 7. *hværr* 59_{10} *hværiungi* 48_4 dpl; *hværsu* 20_{11} (8 g; *hvæsso* 12_4 *hvęsso* 10_{13} *hversu* 11_{10}) *hværvitna* 3_3.

b. Den *e*-ljoden som er uppkomen av tviljoden *ei*, vert oftast skriven *æ* (eller *ę*) t. d. *æld* 33_6 asg *ængi* 50_{16} *æcci* 5_1 (men ogso *engi* 37_{16} *ecci* 38_{14}) *hælga* adj. 197_{14} *hęlgum* 6_2 *męst* 6_{11}.

c. Upphavleg *e* vert skriven *e*: *ec* 63_9 ofl. *eða* 53_5 ofl. *-gefeð* 11_9 *nema* konj. 19_3.

d. Etter *v* eller straks fyre og etter *l* eller *r*, som høyrer til same staving, vert oftast skrive *æ*, t. d. *cvæðr* 24_{10} *hværf* 24_6. *Værðr* 25_5 *værc* 13_{13} ofl.; *vera* (liksom *vesa* 196_5) vert likevel skrive med *e*, so nær som *væra* 26_3 *vær* 30_5. Dessutan 25 g i (*fyrir*)*gæfa* t. d. 12_{11}. Istaden for *æ* vert stundom skrive *ę*, t. d. *bęr* 3 sp (av *bera*) 37_3 *gęfa* 31_{13} *vęrða* 19_3. Merkande er *męð* 41_{11} (elles alltid med *e*).

e. Lang upphavleg *e* vert skriven *e* eller *é*: *retlátr* adj. 19_{15} *vér* pr. 19_{15} ofl. (ogso *ver* 10_{11}) *séér* 2 spk (av *vera*) 17_5; undt. *hvæ* (ɔ: *hvé*) 14_{18}.

Merkn. Etterljodbrigde ved *i* hev me i *biærgr* 3 sp (av *biarga*) 23_3, men elles er dette ljodbrigdet ukjent i Hom. I.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert oftast skrive *æ* (eller *ǽ*): *hæðar* gsg 16_7 *mælom* 52_4; sjeldan *ę*, *ę́*, t. d. *mętom* 7_{14} *ę́tne* 49_4, eller *e*, t. d. *fyrirlet* 1 sp 8_{16}.

Merkn. 8. Av tviformer med grunn i *i*-ljodbrigdet er nemnande: *bazt* sup. 6_4 10_{17} men alltid *bættra-(i)* 28_{14} (umk. 10 g). — *frælsi* s. n. 23_6 *fræls* imper. 200_9 *frialslega* 27_{15}, liksom i den eldste trøndsk. G. Tr. s. 48.

5. *þann* 5_{20} ofl. (*þan* 20_{14}) *þat* 58_{16} ofl. *Dat* 50_9 *þar* 60_{24}; *þaðan* 41_{14} ofl. *Daðan* 50_5 *þangat* 18_6.

Merkn. 9. *hingat* 61_6 *hængat* 62_{13}; *heðan* 197_{10}.

6. *i*-ljodbrigdet av *o* (*ó*) vert skrive *ø*, *œ* (*œ́*): *kømr* 60_5 *cœmr* 62_2 *døma* 38_{10}, *œ́ska* 60_{21}.

7. Den privative partikel er oftast *ó-* (42 g) eller *o-* (31 g) tils. 73 g. t. d. *óscil* 13_7 *omildi* 55_{17}; men ogso *u-*, *ú* finst (tils. 20 g) t. d. *umattolect* 4_3 *úvinato* 40_5.

8. Ingen halvljod; men gen. sing. *ofmetnaðr* 16_{16} for *ofmetnaðar* og *hæitir* 24_1 for *hæitr* kunde høyra hit. G. Tr. s. 91.

9 a. Tviljodarne vert skrivne:

au (oftast) t. d. *þau* 6_3 *auð-* 2_9; sjeldan *ǫu*, t. d. *dǫuðr* 22_{14} ofl. eller *ou*: *þou* 2_7 *douð* 4_{11} *a brout* 58_8.

æi (oftast) t. d. *æin* 11_7 (27 g, W; *ein* 3 g, W); sjeldan *ei*, t. d. *ei* adv. 30_{15} (ogso, men sjeldnare *æi*), *Eigi* 21_{12} og fleire stader naar ordet vert skrive med stor fyrstebokstav; elles *æigi* t. d. 3_{13} ofl. Med *ęi* vert skrive *ęilíf(r)* 58_{4-5} (4 g; men oftast *æi-* endaa i same lina som *ęi-* 58_4.

øy, *œy* og *æy*, t. d. *høyra* 10_2 *øyrna* gpl. 12_{16} *hœyrir* 25_4 *æyrna* 29_{13}; *æu* i *æuru* 31_8 (misskrift?).

b. Dei stigande tviljoder vert skrivne: *ia*, (sjeldan *ja*, *iæ*), *io* (for *iǫ*, *ió*; 1 gong *iœ* for *iǫ*), *iu*, t. d. *gialda* 30_5 (*biærgr* 3 sp. 23_3 1 g) *riðsmiorvi* 32_{13} (*hiœrtum* 18_{15}) *þiofr* 35_{18} *driupanda* 32_{12}.

Merkn. 10. Derimot vert skrive *va*, *ve*, *vi* (ogso etter konsonant): *dralt* 23_{12} *hvarge* 11_6 *hværr* 12_{14} *hvilic* 7_{10} *cvælr* 41_{17} *qrala* 23_{12} *sva* 43_{18} ofl. *træim* 3_{10} *þvisa* 199_{28}; *byggva* 16_4; *scva* 24_{17} apl. (for *skvá*?).

Sjeldan *j* for *i*: *jarn* 14_{11} i *jorðum* 29_3 *jatta* 19_{17} 20_1 *jattem* 19_3.

10. Ljodsamhøvet i endingarne er gjenomført som i trøndsk, soleis at det stend

a. *e* etter *a*, *á*, *e* (upphavleg, naar han ikkje etter 3 d hev gjenge yver til *æ*) *é*, *o*, *ó*, *ǫ*, *ǽ*, *ø* og *ǿ*.

Undantak: *altaris* 34_9 *illgiarnir* 37_{18} *almatigs* 12_{16} *þrøngvisc* 6_{12} *algørfi* 4_{17} (3 g). Merk at *i* stend i utljod berre i *algørfi*.

b. *i* etter *e* (i ljodbr. *a* og *e* som hev vorte *æ* etter 3 b og d ovanfor) *i, í, iǫ, u, ú, y, ý, au, ei* og *ey*.

Undantak: *brenner* 41_{17}; *ælsce* (-) 5_{16} (3 g; *-i* 57_1) *ærfeðe* 201_{15} *ærfęðe* 49_4 *ærvæðes* 52_{11} *erfæðe* 200_1), i alt 7 g; *hende* 13_8 (*-i* 37_3) *æilifre* 28_{15} (*-i* 3 g) *gulle* 29_3. Merk at *-e* stend i utljod i alle undantaki, so nær som i *brenner, ærvæðes*.

Etter *ǫ* berre tvo døme: *hofði* 62_{26} (som i trøndsk), men *algorfre* 5_{19}.

c. *o* etter *á, e* (upphavl.) *é, o, ó, ǫ́, ǽ, ǿ*.

Undantak: *sálum* 58_2 (2 g; *-o(r)* 61_{12}, 10 g, W) *varum* pr. 34_{11} (2 g; *-om* 12_3 11 g, W; *varo* 200_1); *orrestum* 2_1, *æfstu* 47_{13}; *vélum* 35_3; *boðorðum* 4_{16} (3 g; *-om* 26_{16}) *forðume* 6_{18} *horfum* 196_2 *orðum* 198_{10} (5 g; *-om* 4 g, t. d. 199_5); *domum* 37_7 (*dómom* 38_{17} 3 g) *fiorum* 39_{18} (3 g) *fótum* 15_3 (2 g) *goðum* 28_{10} (6 g, *-om* 8 g, *-o* 14 g, W) *omoðum* 2_{18}; *tørum* 17_{13} (*-om* 2 g) *rørum* pr. 18_{15} (3 g, *-om* 12_{17} 3 g); *øuðæfum* 35_{12} (2 g) *hæstum* 17_7 *þrælum* 52_8 (*-om* 9_{17}).

d. *u* etter *a, e* (ljodbr. *a* eller *e* etter 3 b og d) *i, í, ǫ, iǫ, u, ú, y, ý, au, ei, ey*.

Undantak: *ambonar* 10_{13} (*ambunar* 16_{20} 3 g) *varom* 63_{28}; *ælsco* 5_{14} (*-u* 3 g) *hvæsso* 12_4 *hvęsso* 10_{13} (men *hværsu* 20_{11} 7 g, *hversu* 11_{10}) *langfæðrom* 62_{14}; *drotningo* 50_2 *paradiso* 28_1 *fægnom* 60_9 *hærmonnom* 55_{13} *hoggnom* 48_5 *olmoso-* 5_2 (18 g; *-u* 62_{16}; dette synest visa at andre vokalen i dette ordet hev gjenge yver til *o*) *socom* 46_{11} (*-um* 40_3 49_6) *veroldo* 60_{25} 7 g, *vættratølo* 22_4; *fylgðo* 63_{25} *fyrsto* 49_1 196_8 *mgcclo* 26_4 *ofdryccio* 28_8 (*-u* 62_{19} ofl.) *ymsom* 29_{10}; *hæilso* 2_5 (*-u* 12 g (W) t. d. 2_{11}) *hæilog* 8_6 (7 g) kanskje for *hæilǫg*.

Merkn. 11. Endingi er *i* i ord paa *-endi* som *læiðęndi* 18_3 *hæilendis* 200_{29}; undantak *hyggiænde* $3_{7\cdot8}$ (*-i* 4_2, 2 g). Agjektiv paa *-legr* fær endingar med *e* og *o*, t. d. *astsamlegre* dsf 3_2 *iarðlegom* 41_3; undt. *-legum* 6_{14} (3 g).

Merkn. 12. I ord med *e* (*æ*) av upphavleg *ei* er endingsvokalarne *i* og *u*, t. d. *ængi* 50_{16} *hęlgum* 6_2.

Merkn. 13. I former av *gera* oftast *e* og *o*: *gere* (-) 200_4 (44 g; *-i* 24 g, t. d. 45_{17}) *gerom* 19_1 (4 g; *-u-* 201_7, 3 g); i former av *mega* alltid *e* og *o*, t. d. *mege* (2_9 *meger* 2 spk 6_6 *megem* 1 ppk 196_{16} ofl. *mego* 60_{26} — *hænne* (for *hǽnne*) 33_9 ofl. (*henni* 197_{17}), — *þesse* hev *e* og *o*, t. d. *Þesser* 55_{10} *þesse* dsf 60_2 *þessom* 61_3 (14 g; *þesso* 3 g; *-um* 48_{14}, 5 g).

Merkn. 14. Tristavingsformer paa *-o*; men dersom *-m* kjem attaat, vert endingi *-um*, t. d. *glataðo* 49_1 *diupasto* 4_{13} *þionasto* 5_2, men *iðrandum* 20_5; undantak *siðaru* 200_{26} *æigandum* 29_6 *osiðsamom* 9_7 *æignaðome* 35_5.

Merkn. 15. Dei vanlege avleidingsendingar er med i ljodsamhøvet, t. d. *alden* 61_{31} *ængil* 61_{31}. Undantak:

a. substantiv paa *-ing, -ingr* utan umsyn paa vokalen i fyrevegen, t. d. *ændrminning* 18_4 *hæilsulæcning* 19_{12}; berre desse ordi hev *-eng*: *dømengen* 24_5 (3 g) *framneng* 53_4 *iatneng* 19_9 (2 g; *-ing* 53_2) *lesneng* $7_{8 \cdot 11 \cdot 16}$ 8_1 (*-ing* 53_1) *læreng* 197_{21} (*-ing* 34_{10}) *viðrcomnengar* 17_{14} 18_{12}.

b. adjektiv paa *-legr* og adverb paa *-lega*, t. d. *ranglega* 19_3; nokre faa hev *-lægr* eller *lęgr*: *diofullęgre* 26_{18} *licamlęgs* 32_{11} *dyrlægsta* 62_{10} *hærfilægsto* 24_{17} *manlægs* 45_7 *nylægs* 50_9; vokalen *i* hev berre *nauðsynligt* 34_8.

c. den etterhengdė artikel hev alltid *e* (som i trøndsk) t. d. *lyðren* 9_{19}.

Merkn. 16. *mic* 2_4 (*mik* 1_3) *þic* 15_{18} *sic* 15_2, alltid med *i*.

Merkn. 17. *andlete* 17_{18} dsg. (*andlæte* 14_{10}) for *andliti* er vel ogso ein verknad av ljodsamhøvet, sjaa G. Tr. 113 merkn.

11. Adjektivartikelen er *hinn* m. 3_4 (15 g, *hin* 2_{17} 2 g) *hin* f. 29_{12} (7 g, *hinn* 10_5 2 g) *hit* 2_7 (23 g, *hitt* 201_2). Av *enn* finn me *ens* gsg 61_{21} *et* asn 197_{23}, *lifs ens æilifa* 199_{25} = *lífs hins æilifa* 201_4; *enn* er rygsk, men kann vel ogso ha aatt heima i andre maalføre.

12. *þ* vert bruka i fyrstningi av ord, *ð* etter vokal, *f*, *g* — ogso: *hængðr* 63_{13} *længð* 22_9 — og *r*; etter andre konsonanter stend *d*, undt. *hæmðar* 36_{14} og 4 gonger *styrcð*, t. d. 56_9 (elles alltid *-t* i dette høve).

For *þ* stend ofte *Ð* i fyrstningi av ei setning baade i pron. og andre ord, t. d. *Ðesser* 56_7 *Ðæcciley* 18_{11} (i denne boki soleis reint grafisk skilnad).

Merkn. 18. 2 pers. pron. pl. heiter alltid *þer* eller *þér* (ikkje *ér*). *þú* vert ofte tiljamna etter ordet som gjeng i fyrevegen, anten til *ðu*, eller *tu*, og *þér* til *ðer*; t. d. *gerðu* (ɔ: *ger þú*) 22_2, *hafe ðer* 63_{23} *montu* (ɔ: *mont þú*) 30_{14}.

13. Hom. I hev 25 g *mn* og 19 g *fn*. *-mn* i *himneskr* 29_1 *himni* etc. 30_{16} ofl. *hæmndar* 20_5 *hæmdar* 14_{11} *hæmðar* 36_{14} *hæmnanda* 20_{15} (men *hefna* 14_9 *hæfna* 14_7 52_1 *hæfndar* 43_{15}) *iamn-* 3_2 *iam-* 56_{16} 196_{18} *iamt* 59_5 *hiamt* 59_6 *nemna* 6_5 (men *næfna* 196_{10} 8 g) *namne* 57_{12} *nómn* pl. 56_2 (men *nafn* 196_{10} 8 g) *ramnen* 25_7 *ramnleg* 25_6 *samna* 50_{13} *samnasc* 49_{12} *samner* 2 spk 30_7. Berre *svøfne* 52_{16} *hafnan* 5_1 (3 g) *hafnar* 3 sp 9_5 er utan sideformer med *mn*.

14. *gh* hev ikkje Hom. I.

15. *ft* og *pt* finst paa lag like mange gonger (47 *ft* & 45 *pt*, W.) og me finn dei fleste ordi snart med *ft* og snart med *pt*, soleis: *aftr* 2_{13} (5 g; *aptr* 22_1 2 g) *æftir* 3_9 (6 g; *ęftir* 13_{10} *eftir* 21_{18} 2 g; tils. *ft* 9 g; *æptir* 20_5 9 g, *eptir* 23_6, 2 g), *craftr* 3_{16} (10 g; *crafta* 27_3 3 g,

crafte 17_{10} 3 g, *craftum* 42_{10} *craft* 21_{7}, tils. *ft* 18 g; *crapte* 16_{18}) *oftar* 8_{8} (3 g) *oft* 2_{16} (4 g; *opt* 2_{1}; 16 g, *opleg* 7_{11}) *scriftar* 18_{16} (*-pt-* 18_{18} 20_{12}, 10 g).

Berre med *ft* finn me: *hæift* 43_{7} (4 g).

Berre med *pt*: *køypti* 196_{33} *apne* (ɔ: *aptne*) 38_{12}.

Merkn. 19. *crapz* 51_{11} er vel for *crapts*; *fs* i *ræfsing* 37_{4}.

16. Former av ymist slag:

a. Fyrrnordisk ljodskifte *e — i*. Hertil former:

med *e*: *drenar* 3 sp 52_{9} (nyn. *drēna* Helg. *dvæn(a)* Lof. *dvína* Hard.) *regner* 3 sp (pluit) 11_{2} *tvennom* 17_{14} (men *tvin* npn 53_{9} *trinna* 7_{16}) *præmr* 49_{5} *prænnar* 22_{6}.

med *i*: *ifan* 46_{9} *ifanalaust* 3_{15} (2 g) *ifi* 3 spk 23_{1}; *yfanda* 18_{14} (for *ifanda*; *i* > *y* gjenom paaverknad av *f*).

Merkn. 20. I Shl. Ryf. og Jæd. segjer dei enno mange stader *yvast* um aa *evast* eller kvida seg; paa Jæd. ogso *ivast*. Elles heiter det no *ēva*, *ēvast*, *ǣvast* i Berg. bp. og Vinje i Tel. *īve* Tel. I Sogn *øva seg*, som kann vera baade *ifa* og *efa* i gamalt maal.

b. Fyrrnordisk ljodskifte *o — u*. Hertil former:

med *o*: *fogls* 58_{9} *goðlegar* 8_{6} (elles allstad *guð-*); *or* præp. 42_{18}, ogso som præfiks: *óræigi* 31_{1} *orvilnan* 11_{8} *orvilnasc* 6_{11} (*ol-* 6_{17} misskrift), men *urug-* 24_{2} (2 g) og *urøyndr* for *urendr* 4_{10} (jfr. *orheimings* Sfj. Ytre Sogn); *sonr* 2_{17} 8 g, *sonar* gsg 59_{11} *sona* gpl 26_{7} (2 g) *sono* apl 24_{16} 3 g (men *sunar* gsg 5_{19} *synir* npl 26_{9}; um *søynir* sjaa nedanfor under h, 2) *cono* 33_{10} ofl. *læiðtoga* obl. 8_{10} ofl. *øret* adv. 11_{5} (*øyret* 25_{9}).

med *u*: *gull* 36_{10} ofl. *cumum ver* 201_{4} (elles alltid *coma*; sjaa § 24) *tyia* v. (hjelpa) 2_{4} (55_{13}).

Merkn. 21. Merkelegt er *hugrær* 16_{4} adj. *hugværs* 16_{2} adj. for vanlegt *hógværr*; jfr. nyn. *hugmoe seg* Hall. Vald. for *høgmoda seg*.

c. Frumnordisk *aiv* hev vorte *ei* (eller *æi*) 30_{15} o. m. fl. st. Men ogso *æ* (*ǽ*) vert brukt, t. d. 200_{22} ofl. *æ* (= *eigi*) 3_{13}.

Frumnordisk *auh* hev vorte *ó* i *hór* adj. nsm 15_{6} *hó'egra* 42_{13}; etter jamlaging med adj. (som *blǫ́r*) hev former med *á* fenge yvertaket (*hár* 15_{4} ofl.).

d. Av substantiv paa *-endi* hev hdsk. *hyggiændi* 4_{2} (*-e* 3_{7} ofl.) *læiðęndi* 18_{3} *hæilendis* 200_{29} (undt. *illyndi* 53_{16} saman sett med *lyndi*?); *morgen* 25_{6} ofl. *morgon* 24_{8} ofl.

e. Ljodbrotet er i det heile gjenomført paa vanleg maate; merkande er: *viðsmiorvi* 32_{13}; *guðspialle* dsg 11_{18}. Uvanlege former er: *giarðe* 20_{18} 3 si for *gerði* (av *gera*). Jfr. hermed *giarði* 3 sik i den egt trøndske hdsk. Tüb. 3_3 (umrødd i G. Tr. 85 merkn. 2); men nyn. *(g)jåri* 3 si av *(g)jera* Vest Tel. Set. av **gjárði* < *giarði* viser at denne formi hev vore i bruk ogso paa Sudlandet, — *giata* inf. (= *gæta*) 196_6. Denne formi (*gjáta*), som me ogso finn i Hom. II $66_{4 \cdot 18}$ 134_{16} og som eg ikkje hev sét paavist annarstad enn i homilieboki, hev eg funne ogso i Am. 307 fol., ei handskrift av Gulatingslog (landslogi) fraa midten av 14 hundr. med maalføre fraa Sudvestlandet.

I 307 fol. er ordet ofte bruka (53 b, 67 b, 69 b), ogso i particip *vangiat* 52 b (hovudhdsk. av landslogi i Ngl. sid. 148_2: *uangætt*). Det er venteleg same ordet som enno liver i Shl. i formi *jatta* (*jatta på*, *jatta te*, *jatta ette*)[1] med tydingi »lægge mærke til, agte paa« og som er utskilt fraa *(g)jæta*; med umsyn til ljodyvergangen jfr. gn. *játa* (segja ja) > nyn. *jatta* (segja ja). I Hom. I stend ordet i det stykke som er mest trøndsk og hev vel ogso aatt heima der.

f. Vokallengjing. Præp. *at* 13_8 ofl. hev ogso formi *át* 199_9.

Framfor *l* + kons. vert ikkje vokalen lengd, t. d. *hiolp* 199_{34} *hialpar* gsg 61_7 *(vatn)kalfr* 50_{14} *sialfr* 36_{12} ofl. (formerne *sialfum* 11_{10} *siolfum* 3_1 (7 g) med endingi *-um* her i Hom. I syner at *a* er stutt). Hdsk. hev *jarn* 14_{11}.

Merkn. 22. I *háls* 32_{13} *órmsens* 62_6 *æinárt* 199_{24} (oftare *æinarðr*, t. d. 199_7) og *vesálz* 31_5 er den lange vokal anten innverknad fraa maalføreformer i fyrelegget, eller aksenten er berre grafisk som paa fleire andre stader i Hom. Smlk. nyn. *æinåra* adj. (truskyldig) Ryf. (Saua, Suldal), medan det elles fraa Fjordarne og nordetter til Innh. heiter *einart*; *orm* (med trong *o*) Jæd.?; *vesålla* f. (stakar) Ryf. Shl. Desse former synest tyda paa at der i alle fall sume stader i Rogaland i eldre tid hev vore lengjing av *a* og *o* i slike høve som her er i umtale, kanskje ogso i *hals*, som enno hev *å* i V. Agder, Rbg. Set. og V. Tel.

Merkn. 23. Aksent yver lang vokal er ikkje gjenomførd, men stend ikkje so sjeldan, t. d. *mál* 2_9 *sé* 3 spk (av vera) 3_6 *tíu* 61_2 *tóm* 4_{10} *ón* 4_7 *tár* 17_{18} *úrinato* 40_5 *mæ'ler* 195_{28} *o'ska* 60_{21}.

g. Vokalstytting. *hænne* (for *hænne*) 33_9 ofl. hev ogso den stuttare form *henni* 197_{17}, som endingarne *-e* og *-i* syner. — *gømdir* 201_1 for *gøymdir* er venteleg misskrift, som endingi *-ir* synest visa.

h. Ymse vokalhøve.

α. *e* hev vorte *ø* i labial umstoda i *svøfne* 52_{16} nsg (jfr. nyn. *søvn* Førde i Sfj. *svøbn* Rog. (Dal.)).

[1] Chr. Vidsteen: Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland. Bergen 1900.

Stutt *æ* (*e*) og *ø* skifter i *æðli* 32_7 44_1 og *øðle* 22_{17} 56_6, *æfsta* superl. 26_2 (4 g) og *ø(f)ste* 24_4.

Lang *æ* og *ø* skifter i: *auðæfe* 29_2 (5 g) og *auðøfe* 30_{12} (5 g; *auðøue* 29_{16}, 2 g).

For *ó* stend *é* i *métto* (3 pi av *mœta*) 109_{31} i ein randmerknad, som etter Wadst. sid. 1, note 2 truleg er skriven av fyrste hand.

I alle desse høvi — so nær som *æðli* — er der labial i nærleiken aat vokalen.

Merkn. *mætto* (for *mátto*) 20_9 og *veg* 37_2 (for *vág*, angels. *wǽge*) synest vera misskrift. Sameleis *værðvæizlu* (for *varð-*) 5_{10}.

β. *i* held seg framfor *l* og *r* med konsonant etter: *silfr* 35_{10} *kirkia* 196_7 *virða* 61_{20}. *í* hev vorte *e* (*é*) i *tvevaldan* adj. asm 20_{17} (2 g).

γ. *y* held seg i *fyrir* 3_8 ofl. (ogso *fyri* 4_4 ofl.) *yfir* 11_3 ofl. *ymsom* 29_{10} *ymisar* 57_2; like eins i fortidformerne *scyldi* 60_{15} ofl. *myndi* 36_1 ofl.

δ. For *a* i endingi etter lang staving finn me stundom *e*, soleis ofte i participformer, t. d. *brennande* gsm 63_{26} *leitande* 3_6 ofl., men ogso i *ende* adv. 199_{19} *nærre* adv. 199_{27} *hæste* 61_{27} superl. asm b. f. (av *hár*), 62_2 gsm, 17_7 nsn, *iatte* 1 si 2_4 *scammesc* 3 sp $20_{12 \cdot 14}$ 26_3. Ogso etter stutt staving *ritaðe* 1_3 (1 sik). Sumt av dette kann vera misskrift; me finn stundom ogso *a* for *e* ell. *i*, t. d. *mæira* asf 65_2 *biartara* nsm 32_{18}. Sjaa elles merkn. 24 her nedanfor.

ε. For *u* (ell. *o*) stend i ljodlinn staving *e*, (*i*, *æ*) i: *orrestum* 2_1 *þionæst(o)* 3_8, *ælskaðeð* (for *-uð*) 63_{24} *orøkteð* (for *-oð*) 63_{24} *kusið* (for *-uð*) 63_{23} (men *fylgðo þer* 63_{25} *gerðu þer* 63_{16} *þér kunnuð* 63_{19}, og fleire andre stader paa same sida *-uð* og *-oð*). Som dømi syner, er stavingi i fyrevegen snart lang og snart stutt.

Merkn. 24. Sét i samanheng med yvergangen *a* til *e* (under *δ* straks ovanfor) er dette venteleg, der det ikkje er misskrift, ei tidleg ovring av den ljodlogi, som i fjordemaali sidan hev gjort so mange endingar *a* og *u* til *e* (ə).

ζ. Etter stutt *e* (*æ*) vert ender og daa innskote ein *i*, naar det kjem *i* i næste staving: *dæigi* 10_{13} *sæigi* 34_2; sameleis vert *y* innskoten etter *ø* i same høve: *øyret* 25_9 *søynir* 26_8 (Smlk. G. Tr. § 99).

i. Konsonantyvergang.

ðt > *tt* i *batt* 2 si (av *biðia*) 1_3 2_{15} = *bazt* 4_{14}.

f > *v* i *tvevaldan* adj. asm 20_{17}.

Um *auga* 41_{13} ikkje er misskrift for *auka*, er det innverknad fraa rygsk.

nn hev vorte *ð* framfor *r* i *fiðr* 53_6 3 sp for *finnr*.

rs er utjamna til *ss* i *Hresso* 10_{13} (12_4) *Þystir* 3 sp. 17_{17} (2 g) *hæstileg* adj. 43_{11}.

Etter den gamle *s* i ord som *vesa*, som i Norig umkr. midten av det 12te hundr. hev gjenge yver til *r*, er der merke i *vesa* 196_5 (elles alltid *vera*) og *est* 2 sp 15_{18} 17_6.

-lð og *-nð* hev vorte *-ld* og *-nd*.

r > *m* i *mér* 5_{16} (*hafum mér*); elles *vér*, t. d, 5_{19}. *at hváro* hev vorte *at tváro* 198_{26}.

j. Konsonantburtfall.

g held seg i framljod framfor *n* i *gnótt* 29_4, men ikkje framfor *l*: *lícr* adj. 41_{10} ofl.

h er burtfallen i *hl*, *hn* og *hr* liksom i heile homilieboki, undt. i *hriug* (ɔ: *hring*) 41_2. Sjaa nedanfor sid. 54 note 1.

v er burtfallen i dei vanlege høve i framljod framfor *r* og *u*, t. d. *ræiði* 39_9 *urðu* 48_8 3 pi (men *svicvum* dpl 201_{11}).

For *svicva*, inf. 199_{20} finn me *svikia* 199_{12}; *pinsl* hev alltid denne form, t. d. 20_7.

Konsonant millom konsonantar fell ofte burt, t. d. *apne* 38_{12} (for *aptne*) *dramlátr* 16_6 (3 g) *morne* 38_{12} (for *morgne*) *opleg* 7_{11} (for *optleg*) *værz* 47_5 (for *værks*) *hæmdar* 14_{11} (= *hæmndar* 20_5) *syngi* 196_4 (for *syndgi*) ofl.

Endings-*b* er burtfallen ell. utjamna i *um*, allstad skrive *umm* so nær som 58_8 (*umb*).

ð fell burt i endingi av 2 pers. pl. av verb framfor *þér*, t. d. *kunnu þer* 63_7 *hafe ðer* 63_{23}.

g er burtfallen fyre *ð* i *munuð* $33_{2\cdot4}$.

Endings-*r* er oftast burtfallen i *við* præp. t. d. *við* 198_{12} (*viðr* 197_{30}, 3 g); alltid *með*, t. d. 197_{31}.

Sameles *r* burtfallen i *tvæim* 3_{10} (men *þræmr* 49_5).

Etter *st* fell ofte ein konsonant (*r*, *s*) burt i utljod, t. d. *briost* gsg 60_5 *Crist* gen. 62_1 ofl.

k. Konsonantinnskot.

h vert sumtid sett framfor ord som byrjar med vokal: *hiamt* 59_6 (for *iamt*) *hugganda* 25_{10} (for *uggande*; sameleis *huggir* 16_3 23_{15} for *uggir*) *hilmr* 58_4 (for *ilmr*); jfr. § 8 merkn. 50.

l. Konsonantlengd.

α. For stutt konsonant stend ikkje sjeldan lang, serleg *ll* framfor *d* og *t*, t. d. *hallde* 196_{22} *illt* 12_{12} ofl. (*ilt* 20_{19}). Sjeldan *nn* framfor *d*: *hunndr* 22_1 *hanndar* 37_3; *myccla* 26_4 *spaccra* 37_7 *æppli* 62_7.

β. For lang konsonant stend ikkje sjeldan stutt, baade etter stutt og lang vokal, millom vokalar og framfor konsonant: *miscunar* gsg

21_{4} *ìateng* 17_{11} *fulr* 38_{9} *rænr* 52_{11} *rétlátr* 19_{15}. — I utljod stend ofte stutt konsonant etter ljodsterk lang vokal, lang konsonant etter ljodsterk stutt vokal, t. d. *sæl* 3_{15} *ræin* 21_{14} *fát* 38_{15} *call* 43_{9} *batt* 1_{3}: (*hinn* nsf 10_{5}).

Merkn. 25. Pron. *oss* vert skrive soleis 80 g (W) og *os* 7_{14} (3 g) som kann vera *ós*. Sjaa nedanfor Hom. II og Wadst. sid. 133.

m. Ymse konsonanthøve.

Guttural *k* vert oftast skriven *c*: *callasc* 9_{3} *soc* 12_{9} *scal* 9_{19}, framanfor *v* ogso ofte *q*: *qvað* 13_{17} (*cvað* 12_{12}). — Palatal *k* vert oftast skriven *k*: *speki* 3_{6} (*spacr* 3_{14}). Men regelen er ikkje gjenomførd; serleg er der mykje *k* for *c*. No og daa vert det innskote ein *i* etter *g* og *k* til aa syna den palatale uttale, t. d. *giængr* 197_{34} *giæte* 3 spk 197_{7} (= *gæte* 197_{5}) *kiænning* 200_{28} (G. Tr. § 18 merkn. 5).

Lang *k* vert skriven *cc* eller *ck*.

v vert oftast skriven *v*, sjeldan *f* som i *algørfi* 4_{17} *bolfan* 45_{10}, eller *u* som i *Euo* 62_{5}. — Upphavleg bilabial spirant vert oftast skriven *f*, men ikkje sjeldan *u*, t. d. *haue* 3 spk 13_{11} (*hafa* 13_{13}).

z = *ts*, t. d. *rétz* 51_{15}; = *ðs*, t. d. *góz* 59_{10}; = *ds*, t. d. *holz* 32_{6}; = *s* i *aldyggrazta*, superl. 29_{12}; = *st*, t. d. *sýniz* 51_{16}.

17. Ordformer.

α. substantiv: *sonr* nsg 3_{4} *limar* m. npl (for *limir*) 32_{1} *drycs* m. gsg 49_{1} *-vega* apl (av *vegr*, via) 197_{15} ofl. — *endir*, nsg 197_{1} ofl. men *enda* cas. obl. 196_{34} ofl. — *hiortun en* apl (for vanlegt *hiortun*) 45_{14}. — Merk *postola* 21_{18} *vilia* 197_{8}, baae former nom. sing.

β. *pæccia* adj. asf. 11_{5}; *siðaru* komp. npf. b. f. 200_{26}. (Sjaa Noreen[3] § 425 merkn. 2).

γ. pron. *mér* 1 pl. 5_{16} (1 gong for *vér* 2_{1} ofl.); *sia*, dem. nsm 9_{6}, nsf 4_{2}; — *þesser* nsm 60_{3} (2 g), *-or* nsf & npn 25_{4} 198_{7} (8 g), *þesse* dsf 60_{2} (2 g) *þvisa* dsn 199_{28} (ogso *þesso* 5_{8} ofl.), *þesse* npm 6_{7} (*-er* 18_{7} ofl.); *huilícr* 47_{13} 7_{10}; *huatke* 10_{1} ofl.; *ængi* asm 62_{21} 196_{1}, *engi* asf 201_{9}. — *nøccre* dsn 50_{4}.

δ. talord: *træim* 3_{10} *præmr* 49_{5}.

ε. verb paa *-va* etter *g* og *k*: *byggva* 16_{4} *ryggvisc* 41_{18} (4 g) *sløcver* 31_{6} *svicra* 199_{20} (*svikia* 199_{12}) (*syngia* 61_{3}).

2 pers. pl. endar paa *-ð*, t. d. *erođ* 5_{13} *gefeð* 11_{19} *rakoð* 63_{3}. Merk: *hværf aftr þu til guðs oc liui* (lat. vives) 24_{6}; *liui* imperativ?

Merk: *hæitir* for *hæitr* 24_{1}. (vokalen *i* i *-ir* er vel halvljod).

Refleksive verb paa *-sc* 235 g (derav 225 paa s. 1—59, 3 paa s. 60—64, 7 paa s. 197—201) *-zc* (2 g), ogso *-z* (11 g), og *-s* (11 g) og *-st* (3 g)

t. d. 2_6 14_2 22_6 17_2 22_1. Dessutan *-ume* i sp 1_2, *-ome* i sp 35_5, *-ume* i pp 5_{18} 6_{18} 29_{17} 60_9, *-ome* i pp 26_9 27_9, *-omse* i pp 12_5, *-emse* i ppk 10_{12} 199_1.

ζ. adverb: *aldrigin* 22_{15} (3 g) *aldrigi* 36_1 (2 g) *ævl* (alltid med *æ*, t. d. 4_5); adverb paa *-a*: *harða* 57_{14}, *harðla* 18_{13} *anðværlla* 55_{12}; *siðarsta*, superl. 39_{13} (jfr. nyn. *seinaste* adv.).

η. For præp. *millum* finn me allstad berre (*á*) *meðal*, t. d. 5_{14} 198_{11}. — *or* 42_{18} (4 g).

af- vert nokre gonger bruka som præfiks med same tydning som *of-*, t. d. *afát* 48_{18} (= *ofát* 28_8) *afáte* dsg 62_{16}; jfr. *afgamla* D. N. IV, 90_{53} (Stavanger 1311, rygsk maalføre), *å*, *år* = *of*, Nfj. og *å-*, *å(v)*, *av-* Sudvestl. t. d. *åstōr'ə* (ɔ: *ofstórr*) Nfj. *āvræa* f. (ovleg stor ting) Li.; og *Aaboin*, *Aabuen*, *Aamycke*, Chr. Jensøn.

§ 24. Umskoding. Som denne etterrøknaden syner, hev Hom. I i det heile dei merke me set upp for nordvestlandsk maalføre; men ho hev ogso fleire former, som ikkje kann ha vore til i denne landsluten i det 13de hundr.

For det fyrste er der i Alcuins De virtutibus etc. (Ungers utg. 1—59) og i Oratio dominica (Unger: 195—201) nokre former som er mykje eldre enn den tid homilieboki — som ho no ligg fyre oss — kann vera skrivi, t. d. *vesa* 196_5 *est* 15_{18} 17_6 *þesse* npm 6_7, kanskje ogso *vilia* nsg (for *vili*) 197_8. Desse former læt seg forklaara som atterstødor fraa eldre norske fyrelegg, ikkje yngre enn midten av 12te hundr.[1] Med umsyn paa stykket De natiuitate domini sermo (Unger 60—64) er det vandare aa segja noko visst um alderen for fyrelegget; det hev i det heile ein yngre svip (alltid *armr*, adj. for *aumr*; *sala* for *ond*; *vægsemdar* 61_6), um endaa refleksivformerne, som alle endar paa *-sc*, syner at ogso her ligg det eit fyrelegg til grunn, som ikkje kann vera yngre enn umkr. 1200.

Men umfram dette er der i alle tri stykki[2] nokre former her og der, som ikkje høver med maalbygnaden i Hom. I i det heile og som ikkje kann ha aatt heima paa Nordvestlandet.

Soleis er der ymse undantak fraa ljodsamhøvet i endingarne (sjaa ovanfor under § 23, 10) som for det allermeste peikar paa eit maalføre

---

[1] Dersom *hriug* 41_2 (for *hring*) i Alcuins bok ikkje er islandsk paaverknad — i so maate den einaste av dette slaget i heile homilieboki — kjem me endaa lenger upp i tidi. Er *hr* paa denne staden islandsk, maa det vel vera paaverknad paa avskrivaren etter islandsk lesning, ikkje etter islandsk fyrelegg, med di Alcuins bok ikkje synest kjend paa Island anna etter ei isl. umsetjing fraa 15 aarh.

[2] Hom. I inneheld berre dei 3 stykki som her er nemnde.

utan slikt samhøve, men med einkyndte endingar paa *-e*, *-o* og *-um* (ell. *-om*); slike maalføre kjenner me fraa Rogalandskanten paa Sudvestlandet.

Til sudvestlandsk lyt me ogso rekna former som *æinárt*, *háls*, *órmsens*, *vesálz* (sjaa ovanfor under § 23, 16 f), *yfande*, *hyrfa* 21_{18} (jfr. nyn. *hyrva*, v. (*ar*) Dal. gaa i ørska), *svæfne*, kanskje ogso *hiortun* (*en*) 45_{14} og — um det ikkje er misskrift — *auga* 41_{13} for *auka*. Umbytingi nokre faa gonger av artikelen *hinn* med *enn*, og formerne *hæmðar* og *hængðr* ofl. — um ikkje desse former er alderdomsmerke — høver ogso best til sudvestlandsk. Den sterke halting millom *fn* og *mn*, *pt* og *ft*, priv. part. *ú-* og *ó-* kann ogso hava sin grunn i sudvestlandsk innverknad; men desse sistnemnde former finst ogso paa Nordvestlandet, som det fyrr er paavist.

Denne utvilsame sudvestlandske paaverknaden kjem sterkast fram i Alcuins De virtutibus etc. og tyder paa at det n æ m a s t e fyrelegget for dette stykke hev vore skrive paa ei maalform fraa Rogalandskanten, paa lag som Hom. III a (Unger: 202—210_{22}). I dei tvo andre stykke, serleg det siste, er der ikkje meir av dette slaget enn som me kann tenkja oss hev fylgt med i pennen fraa tidlegare avskriving etter rygsk fyrelegg.

Men ogso etter austnorsk er der ymse merke i Hom. I. Denne innverknaden, som i ljodformerne paa denne tid best syner seg ved det, at der vantar *u*-ljodbrigde av *a*, kann me raaka paa her og der gjenom heile handskrifti (sjaa ovanfor under 23 1a). I Alcuins bok er der ikkje meir av det enn som kann finna si forklaaring i avskrivaren sin kjennskap til trøndsk eller i det, at det er atterstødor fraa eit endaa eldre fyrelegg. Heller ikkje i De natiuitate dom. er der mykje av dette. Men so mykje meir er der i Oratio dom. (195—201). I dette stykke finn me ikkje berre vanlege austnorske former som *aðrum*, *diafull* (fleire gonger) *faður*, *gangum*, *lagum*, *mannum*, *samu*, *sakunøutem*, *skalu*, *skalum*, *gøra* (199_{17}), men endaa ofte *hanum* pron. og ein gong *cumum* (*ver*) 201_4 1 pp. *kuma* for *koma* synest vera ei austnorsk form, som me ogso finn annarstad i homilieboki i slik samanheng som syner trøndsk innverknad paa eikor vis, soleis fleire gonger i lag med andre dilike former i stykket um Olavs jarteigner i Hom. II. Like eins *kuma* i Hom. III i det stykke som er skrive paa trøndsk (Hom. III b), men alltid *coma* (med *o*) i det stykke som same handi hev skrive nøgje av etter rygsk (Hom. III a); jfr. nytrøndsk *kŷmi* partic. av *kåm*(*m*)*å* som kann vera gn. *kuma*, liksom gnorsk *muna* i Trøndelag hev vorte

má(n)ná[1]. At alt dette er trøndsk og ikkje austlandsk paaverknad i Hom. I hev me bl. a. lov aa døma av heile boki si skrift og rettskrivning[2], og denne paaverknaden er i Oratio dom. so sterk at me lyt tru dette stykke er skrive beintfram etter eit trøndsk fyrelegg.

Etter dette skulde daa avskrivaren av Hom. I havt fyre seg Alcuins bok paa eit rygsk maalføre, medan Oratio dom. (og kanskje ogso De natiuitate etc.) skulde vera avskrive etter trøndsk fyrelegg[3]. Alt hev han daa freista jamna til etter sitt eige bygdemaal. Best hev dette lukkast med De natiuitate etc. som berre hev nokre faa og smaa avvik fraa nordvestlandsk. Rettar me paa desse 4 sidor (Unger 60—64) dei sjølvmotsegjande former *fægnom*, *fylgðo*, *dioflinom*, *órmsens*, *varom*, *kallum*, *samu* og *uræinum*, som alle saman berre finst 1 gong, til dei fylgjerette *fægnum*, *fylgðu*, *dioflinum*, *ormsens*, *værum*, *køllum*, *sømu* og *oræinum*, fær me med umsyn paa ljodformer ei god prøva paa gamalnorsk fraa Sunnmøre eller ytre Nordfjord soleis som me lyt tenkja oss maalføret der i fyrstningi av 1200-talet.

Med det som her ovanfor er bore fram, er likevel ikkje noko sagt um det eller dei upphavlege fyrelegg til Hom I. Det synest meg rimelegast at alle tri stykki hev sitt fyrste norske upphav fraa Trøndelag. For dette talar — umfram dei oftnemnde trøndske ljodformer, som ein til deils kann forklaara paa annan maate — den store mengd med refleksivformer, mest i De virtutibus etc., som ikkje sjeldan hev passiv tydning, liksom ofte i trøndske diplom og ikkje sjeldan i det nytrøndske folkemaal no. I Alcuins bok er ikkje berre dei latinske passiva stendigt umsette med refleksiva: *dømasc* (judicantar) *callask* (vocari), men refleksiva vert endaa stundom bruka med passiv tydning, der latinen ikkje

---

[1] Elles er der kanskje merke i dei nye maalføri i Snm. (og Fjordarne?) etter eit *kuma*; sup. heiter soleis mangstad paa Snm. *kȳmə* (av *kumit*, jfr. *gjelə* av *gala*), *kjēmə* Førde i Sfj. og Eid i Nfj. — kann vera etter præsens, men er underlege avvik, som ikkje er kjende andre stader i landet.

[2] Homilieboki brukar soleis latinsk ell. høg *f* (*f*), skriv den gutturale spirant *g*, hev ikkje sjeldan *æy*; i austl. er alt dette annarleis. Sjaa Innl. s. 8 nedst og 9 øvst; s. 12 (um *g* og *gh*); s. 25 øvst.

[3] Paa same vis hev fulla avskrivaren av Hom. III havt fyrelegg fyre seg paa ulike maalføre. Men han hev skrive meir bokstavrett av baade Hom. III a (rygsk) og Hom. III b (trøndsk). Dette maa vera grunnen til dei 2 maalføri med same hand. Det er ikkje eingong visst, at noko av dei tvo maalføri er hans. Wadsteins forklaaring i Ljudl. s. 2 er annarleis, men tildeils bygd paa fyresetningar um maaltilstand og maalvokster, som ikkje er hævdande.

krev det, t. d. *Ef ræiði stoðvasc æigi* 51_{13} = Hæc (ira) enim si cordi insidet; jfr. *leigann skilldi oskiærd takazst* og fleire døme i D. N. III 30_{60} (Nidaros 1291), *osiðir vaxa . en siðir tynazst* D. N. VIII, 5_{17} (Kongebrev av 1202 etter vid. av 1324). Ogso ved ordbruket er der sumt som synest høva best saman med det me vanlegast finn i gamaltrøndsk. Soleis vert i desse stykki som ovanfor paavist alltid bruka præpos. *meðal* eller *á meðal* (aldri *milli*, *millum* o. s. fr.); dette synest sermerkelegt for eldre trøndsk; sjaa G. Tr. 77, merkn. 1. — Naar *aumr* i Alcuins bok vert bruka til aa umsetja lat. *pauper* (t. d. 59_{9}) minner det um Eldre Frost. II 32_{5}, der hovudteksten hev *fatœkum*, men 5 variantar hev *æymom* eller *aumum*. — *bardage* vert ofte bruka um plaaga t. d. 13_{15} 64_{7}; dette synest vera ei serleg trøndsk tydning, som derifraa hev gjenge inn i det religiøse maal; jfr. Kgs. 43_{22}; Barl. 167_{15} (etter trøndsk upphavsskrift). — *dvenar* 52_{9} 3 sp av *dvena* høver godt med dei nynorske former *dvēna* og *dvæn(a)* nordanfjells. Meir um homilieboki i det heile vil ein finna i § 27 under Hom. II.

V. Gamalnorsk homiliebok 2dre hand (Hom. II).

§ 25. Denne handi er i maalvegen meir uregelrett enn den fyrste. Med umsyn til dei uppsette maalmerke finn me her:

1 a. *u*-ljodbrigdet av *a* er jamnast gjenomført, ogso framfor *u* i stavingi etter, t. d. *hofuð* 118_{17} (41 g) *holfu* 104_{5} *cœllum* 1 pp 190_{14} (3 g) *næfnur* 116_{13}; herunder høyrer ogso i dette maalføre *biorgum* 121_{19} *diofull* 105_{32} ofl. (alltid), *giofum* 93_{27} (2 g) *iorðu* 68_{1} (35 g) *siolfu* 176_{30} (2 g) *siolfum* 66_{11} (15 g) *stiornu* 93_{26} (6 g).

Etter Wadstein (Uml. s. 15) hev denne handi 758 døme med ljodbrigda vokal og 54 utan. Dei undantaki eg hev notera, er:

allu 155_{24} (2 g; *ollu(m)* 123 g) *almoso* 98_{25} (10 g; *olmoso* 3 g, t. d. 66_{3}) *ambonar* 70_{31} (3 g) *asno* 175_{17} *bandum* 159_{20} (*bondum* 3 g) *batnom* 76_{16} *biartum* 175_{14} *dagurðar* 129_{3} *faður* 84_{26} (2 g; *foður* 12 g) *fagru* 160_{19} (*fægru* 149_{17}) *farom* 1 pp 66_{24} (2 g; *førum* 68_{2}, 7 g) (-) *fasto* 109_{7} (2 g; *fostum* 29 g) *felagum* 160_{11} *-gango* 86_{1} (*gongu* 6 g) *gangom* 133_{6} (*gongum* 2 g) *gatu* 187_{21} (*gotur* 14 g) *hafum* 187_{18} *hafðu* 161_{2} (ljodbrigda former av *hafa* i præs. og impf. 46 g) *haldom* 80_{11} (*holdum*, *hældum* 36 g) *handum* 71_{9} (*hondum* 15 g) *hialpum* 162_{5} *hiarto* 68_{21} (*hiortu(m)* 86_{10} ofl.) *hvarmum* 156_{12} ? *iarnum* 159_{20} (2 g) *callod* 99_{17} *laðum* 1 pp 102_{3} *mannum* 66_{3} (*monnum*, *-om* 99 g) *rangum* 108_{29} (*rongu(m)* 4 g) *sagur* 151_{31} (*sogur -um* 6 g) *sannu* 146_{20} (2 g; *sonnu* 3 g)

scapað 138_{11} *svartum* 64_{28} *takum* 102_{1} (2 g: *tokum* 10 g) *þaccum* 161_{8} *vacto* 69_{17} (*voctu* 2 g).

Merkn. 1. Av *skulu* og *munu* er desse former merkande:

Inf. & 3 pp: *sculu* 72_{5} (15 g; *sculo* 64_{20}, 6 g) *scolu* 66_{1}, (3 g; *scolo* 65_{27}, 3 g); 1 pp: *sculum* 83_{21} (39 g; *sculu ver* 131_{29}, 2 g; *sculom* 68_{12}, 3 g) *scolum* 64_{26} (26 g; *scolom* 71_{24}, 5 g); 2 pp: *sculu þer* 96_{22} (11 g; *scolo þer* 67_{27}, 3 g); 3 skp: *scyli* 176_{33}; 1 pkp: *scylim* 183_{27}; impf. *scylda* 96_{16} *scyldir* 191_{24} *scyldi* 67_{17} (17 g) o. s. fr. Præt. infin. *scyldu* 155_{12}. Inf. & 3 pp: *munu* 94_{34} (*muno* 190_{34}) *monu* 104_{33} (8 g; *mono* 71_{22}, 3 g; *mønu* 77_{3}) *manu* 98_{33}. 1 pp: *munum* 136_{16} (2 g) *monum* 88_{21} (9 g; *mønum* 77_{28}) *manum* 71_{10}; 2 pp: *munuð* 67_{30} *munoð* 66_{22} *muno þer* 116_{22}; 3 skp: *myni* 149_{28}; 1 si: *mynda* 194_{6} (3 g): 3 si: *myndi* 68_{23} (22 g; *møyndi* 106_{24}, 4 g; *møndi* 117_{28}). Præt. inf. *myndo* 83_{9}. I præs. ind. 1 og 3 pers. oftast *man* 76_{33} (36 g; *mon* 94_{33}, 3 g; *møn* 85_{22}, 6 g; *mǫn* 67_{28}). Um *møyndi* sjaa h, ζ her nedanfor.

Etter maaten er her soleis færre undantak fraa regelen um *u*-ljodbrigdet framfor halden *a* enn i Hom. I. Um den aalmenne grunnen til uregelretta er tala under Hom. I § 23, 1 a.

b. Verbale tristavingsformer: *dyrcaðum* 1 pi 89_{11} *fagnaðom* 1 pi 89_{6} *-samnaðum* p. 132_{9} *armscapaðum* p. 146_{11}; *-aðo* er notera 41 g. t. d. *louaðo* 67_{32} (3 g) *svaraðo* 102_{22} (3 g), *-aðu* er notera 7 g. t. d. *kagaðu* 125_{28} *ognaðu* 146_{17}; *-aðosc* 11 g. t. d. *iðraðosc* 98_{34} (3 g) *samnaðosc* 149_{4}, *-aðusc* i *vitraðusc* 183_{25}; *-ændum* 9 g, *-andum* 5 g. t. d. *logændum* 180_{33} (2 g; *-andum* 99_{20}) *þurfændum* 134_{30} (3 g; *-andum* 187_{30}) *vacændum* 69_{10}; aaleine stend *misgerændum* 77_{2} (etter pl. *misgerendr*? jfr. *domændum* Hom. I 19_{9}).

Av verb med *a* i roti stend sumtid *u*-ljodbrigda vokal framfor endingi *-aðo*, — *-aðosc*, soleis: *fægnaðu* 94_{15} (*fagnaðo* 143_{28}) *fæstaðo* $106_{14 \cdot 25}$ 162_{16} (*fastaðo* 162_{29}) *hærmaðu* 159_{26} *cællaðo* 112_{15} (*callaðo* 69_{23}, 3 g) *cællaðosc* 192_{12}. Dette er vel berre grafiske blandingsformer millom vestlandsk *hærmoðu* og trøndsk *harmaðo*, uppkomne ved innsetjingi mekanisk av den kjende trøndske form *-aðo*. Ei form av same slag er *kloppaðo* 3 pi (for *kloppoðo*) i D. N. I 168_{23} (Avaldsnes 1322, rygsk maalføre, men paaverka av trøndsk).

Superlativformer: *hælgasto* 67_{14} *hvæssasto* 107_{17} (blandingsform); merk ogso positivet *valæðum* 99_{30} (*-aðum* 110_{28}). — Substantivformer: *orræsto*, *-um* 177_{7} (4 g; *orręsto* 187_{18}) *þionasto* (15 g; *-astu* 119_{16}, 6 g; *-æsto*, *-æstu* 65_{22} 137_{21}) og former som: *iattarum* 186_{18} *licamum* 82_{18} ofl. *-manaðum* 188_{31}.

Merkn. 2. Tvostavings adjektiv med avleidingsending, som inneheld *a*, fær i nsf & npn *u* eller *o*: for *a*: *onnur* 87_{19} ofl. *ævinorð* 190_{10} *gømul*

101_{19} *heilog* 69_5 ofl. *resol* 191_{33} ofl. *gður* 86_{15} ofl. — Particip paa *-aðr* fær i same høve oftast *-að* (not. 12 g) t. d. *cropnað* 154_{23} *framað* 86_2, men 5 g *-oð*, *-æð*: *grunoð* 90_3 *hælgoð* 185_4 (2 g; *hælgað* 65_{17}, 2 g) *calloð* 99_{17} (*callað* 2 g) *scapæð* 138_{11}. — Substantiv f. paa *-an* og *-on*; oftast *-an*, t. d. *scemtan* 145_4 *vingan* 147_{32} (4 g), men ikkje so sjeldan *-on*: *freistonar*, gs 69_{20} 135_6 *guðlæstan* 114_2 (blandingsform), *huggon* 142_{16} (*hugganar* gsg 83_{19} ofl.) *iðron* 108_{17} (3 g; *iðran* 108_7 ofl.) *órvilnon* 113_{30} *ræi(n)son* 99_9 89_{16} (*ræinsonar* gsg 90_{25}, 5 g) *vilnæn* 113_{32}; av subst. m. paa *-oðr* finn me berre *getnoð* asg 89_{22} *monæðr* 170_{27} (*mænaðe* dsg 162_4, ogso *mænaðr* 184_{27}), elles paa *-aðr*, t. d. *fagnaðr* 102_{31} *costnaðr* 159_3 ofl.

2. *u*-ljodbrigdet av *á* hev for det meste sitt serskilde skriftteikn, naar *u* hev falle burt, og vert oftast (167 g, W) skrive *æ*, *ǽ*, — stundom ogso *o*, helst naar vokalen er nasalera, t. d. *æst* 72_3 (40 g; *ǽst* 120_{11}, 3 g), *litillǽt* 174_{11} (*retlót* 142_{29}) *mæl* pl. 65_{16} (8 g), *Pæl* 84_2 ofl. *sæ* 3 pi 68_5 ofl. = *sǽ* 116_{16} *tǽr* pl. 136_7; *ambót* 153_4 ofl. *not* 67_{14} (14 g; *nott* 73_{10}, 3 g; *næt* 95_3, 2 g; gpl: *natta* 106_{15} (6 g), npl: *nætr* 158_{29}); *ón* prp. 91_{24} (5 g; *on* 86_7; *ǽn* 70_{23} ofl.) *ásio* 67_6 *viðrsió* 174_{13} *vón* 129_{13} (3 g; *on* 94_{34} *vǽn* 134_{34}, 2 g, *vǫ́n* 191_3); dessutan *ǫ* i *nǫtmesso* 73_7 og *ao* i *Aost* 75_{27} (2 g). Med *á* (eller *a*) vert *ǫ́* i dette høve skriven berre 47 gonger (W).

Framfor halden *u* i næste staving vert det skrive *á* (*a*) 202 gonger (W), men 117 gonger *æ*, og — helst naar vokalen er nasal — nokre gonger *o*, t. d. *báro* 3 pi 112_{15} ofl. (*bǽro* 89_{12}) *atværo* 162_2 (*atvaro* 156_{25} *át-váro* 159_{16} ɔ: *at hváro*) *lágo* 3 pi 159_{26} (*lǽgo* 115_3) *láso* 3 pi 94_{31} *væro* 3 pi 79_{16} (27 g, *vǽro* 115_6, 9 g; *váro* 113_{17}, 12 g; *varo* 67_{21} 18 g); *ásiono* 80_{12}, *como*, *-u* 3 pi 73_3 (13 g oft.), men substantivet *qvǽmo* 129_{19} *atkvæmo* 103_5 (*atcvǽma* 162_{23} *atcrama* 161_{33}, 6 g) *framquama* 85_8 *hingat-qvǽmo* 144_{22} (*-qvæmo* 101_{14} *-cræmo* 177_{22} *-qvámo* 177_4 *-quamo* 70_6, 3 g) *undanqvamo* 151_{15} (2 g); berre 1 gong er notera *komo* asg 125_6; *mo-næðr* 170_{27} *sponum* 156_{29}; *søfðo* 3 pi (av *sófa*, drepa) 79_{15} ofl. *søfðr* part. 80_5 (3 g), jfr. nyn. *sø̄və* (drepa) Ytre Sogn (Lavik).

Merkn. 3. Det er trulegt at den *u*-ljodbrigda vokalen her som i Hom. I hev vore uttala *o*, naar han var nasalera, t. d. i *spónum* og *vón*; desse ordi hev no trong og lang *o* i nordvestlandsk: *spōn*, *vōn* (i Sfj. med tydningi slaatteteig: *vōn* og *ōn*). Liksom i Hom. I er ogso i Hom. II serteiknet (oftast *æ*) yverført til former der ljodbrigdet ikkje eig heima, t. d. *fæt* (ɔ: *fátt*, adj.) 79_{30} *mæle*, dsg 120_2 *mænaðe* dsg 162_4 *rǽt* adj. n. 119_{27} = *rát* 119_{30} ofl. *væra* pron. asf 88_8 (2 g); dette tyder paa at alt hev vore uttala *á* og soleis kome nær *ǫ́*.

Merkn. 4. Andre verknader av ljodbrigdet ved *u* (og *v*): *noccor*, *noccors* o. s. fr. men i dsn: *nocque* 76_{14} *noccve* 178_{15} (2 g) *nøcque* 111_6 *necqve* 111_7. — *honum* er vanlegast, 97 g, t. d. 72_{25}, ogso *honom* 70_4

(25 g) *hanum* 94_{17} (24 g) *honum* 77_3 (3 g) *hanum* 100_7 (6 g). *hon* 67_{22} ofl. med genitiv *hennar* 81_{29} ofl. og dativ oftast *henne* 92_1 (nokre gonger *henni*, t. d. 154_{27}) — *gera*, vanlig form (*gora* 170_{12}; *gor-* 76_{31} *gør* 78_{22}). — *byscup* 123_3. — *mykil* nsm 102_{11} ofl. hev alltid og i alle former *y*. — *í millum* 195_{12} *á millum* 147_{33} (sjaa 17 η ned.). — *syllostoccar* 132_{20} (2 g), no *sylləstökk'ə* m. Nfj. *svilləstökk* Sfj. Ytre Sogn. — *þrysvar* 68_{12} (4 g). — *í gogn* 77_{27} (3 g; *i gogn* 177_1; men *í gægn* 90_4, 15 g). — *i gognum* 171_{12} (8 g; *í gognum* 175_{16}, aldri *gegnum*; i nordvestl. no: *i jono* og *i jåna*. — *andverðu* 158_{10} (193_{30}; *andverðo* 172_{24}).

Merkn. 5. *a* stend ubrigda framfor burtfallen *v* i *sanghus* 134_2 (*songhus* 134_9 ofl.) *ottosangs* 162_{20}, og framfor burtfallen *u* i *upphafð* nsf 173_{15} (Sjaa G. Tr. § 75, merkn. 2, og s. 26, lina 7 nedanfraa). Elles er *a* alltid ljodbrigda framfor burtkvorven *u*, so nær som i dei vanlege høve: *iðran*, *cropnað* etc. sjaa ovanfor i merkn. 2.

Merkande er *orn* nsg 79_{27} (*orn* 80_7), i dsg *orne* $80_{29.31}$ (*erne* 78_{24}); no allstad i Norig *örn*.

Merkn. 6. Etterljodbrigde ved *u* i: *kyrra* adj. asf 94_{15} *kyrrir* npm 65_{23}. — *cyqvende* n. 69_5 ofl. alltid — 14 gonger — med *y*; men *quicum* 82_{19} (186_{15}) *qvicva* 139_{13}; no *kjōkandə* n. (< *kȳ-*) Lavik og Gulen, og sameleis i Sfj. etter Jensøns gloseb., og *kvīk'ə* adj. Lavik, Gulen. I indre Sogn, Voss og Setesdalen heiter subst. *kvikende*; i indre Sogn er vel „*kjök* adj. kaad og nærgaaende“ (Ross) det gamle *kykr* (jfr. gn. *kyrr* > nyn. *kjörr*).

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* vert i Hom. II jamnast skrive *e* (umkr. 1335 g W) t. d. *hefir* 98_{24} ofl. ofte ogso *æ* (umkr. 600 g); sjeldan *ę* (20 g), t. d. *hældr* adv. 93_9 *glær* 171_{11} ofl. (*glereno* 171_{13})[1]; *hępta* 191_{27}. Mesta alltid vert skrive *e* framfor *nn* og *n* + 1 kons. fylgd av vokal: *menn* 149_{21} ofl. *hende* 156_{20} (13 g; *-æ-* 2 g, t. d. 162_{29}) men alltid *hændr* 114_{21} (17 g).

Merkn. 7. *hver* pron. indef. 98_{23} eller *hværr* 129_{12}, alltid med *e* eller *æ*, so nær som *hvar* 157_{33} (Olavs jarteign); no *kvēr* Ytr. Sogn, Sfj. Nfj. *kvār* Sdm. Romsd. Sameleis *æinhvær*, t. d. 194_9 *æinnihverri* 102_{10}; *hverscunar* 129_8 *hværsconar* 129_9 *hvessu* 71_2 (17 g; *hversu* 83_{27}, 11 g; *hvesso* 75_3, 6 g; *hverso* 120_4, 2 g).

b. *e*-ljod uppkomen av *ei* vert skriven *æ*, *ę* og *e*: *hælgoð* 185_4 ofl. *helgi* 129_6 ofl. *enga* 102_{17} *ęngi* 70_{14} *æcci* 129_{15} (*ecci* ofte) *męsta* 163_{10}.

c. Upphavleg *e* vert i Hom. II jamnast skriven *e*, t. d. *Ec* 69_{18} ofl. *eða* (alltid), *eto*, f. 69_4, sjeldan *æ* eller *ę*, t. d. *-gæfr* 3 sp 198_{12} *gęfe* 3 skp 98_{26}.

---

[1] I umrøda um *i*-ljodbrigdet er her og annarstad i dette arbeidet medteke ljodbrigdet ved *iR* og *R*.

d. Etter *v*, og naar *l* eller *r* stend attmed vokalen i same stavingi, vert det ikkje sjeldan skrive *æ* for upphavleg *e*, t. d. *værc* 110_{23} *væstr* 140_{20} *fælmsfullir* 163_2 *bærr* 3 sp (av *bera*) 104_{32}; likevel alltid *vera* v.

e. Lang upphavleg *e* vert skriven *e* (*é*): *rettan* asm 112_{24} *rélum* 112_{12}.

Merkn. 8. Etterljodbrigde af *j* hev me vel i *ierczellauus* 148_{23} (Monumenta historica Norv. s. 130_{32}: *Ja-*). Elles er dette ljodbrigdet ukjent i Hom. II.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert skrive *æ* (*ǽ*) t. d. *mæla* 129_8 *usǽt* 193_{28}; sjeldan *ę* eller *e*, t. d. *nęr* 121_{30} *letr* 2 sp (av *láta*) 100_{32} (*lætr* 100_{30}).

Merkn. 9. Av tviformer med grunn i *i*-ljodbrigdet er merkande: *bazt* 172_{18} (2 g; *bæztu* 156_{10}; *bæzto* 168_{29}); — *blæste* m. dsg 79_{23} for *bléste* (etter nom. sing.); — *frælsa* 94_4 v. inf. (ogso trøndsk); *fræls boren* 191_{23}; — *frialsan* asm 72_{28}; — *fundar* gsg 117_{25} (2 g), men *fyndi* dsg 95_{21}; — *fyrirrennere*, m. 144_{13}, men elles endar slike ord paa *-are*; — *igær* 73_{21} ofl. — *mægni* dsg 122_9 (tiljamna etter nom. sing. *mægin*); — *mankun*(*i*) 73_2 142_{21} (elles *y*, t. d. 67_{21}); — *sát* f. 193_{18} *satarfundr* 131_{26} *sǽt* as. 187_{18} *usǽt* 193_{28} *sættar* gsg 77_5; — *ǽr* m. nsg for *-ǫrr* i *hofuðǽr* 184_2 (tiljamna etter dsg?). Serleg merkande er *biargr* 157_{17} 3 sp av *biarga* (G. Tr. 70, merkn. 1).

5. *þann þat þar* vert alltid skrivne med *a*, sameleis *þaðan* 91_{12} (15 g). — *þangat* 75_{23} (12 g) *þengat* 65_{15} (8 g) *þingat* 93_{24} (6 g) *þegat* 168_2 (2 g). — *an* konj. (qvam) 68_{27} 74_{17} (24 g; men oftare *en*, t. d. 90_8).

Merkn. 10. *heðan* 66_{24} (7 g) *hvaðan* 84_{16} (3 g) *hingat* 72_{25} (12 g).

6. *i*-ljodbrigdet av *o* (*ó*) vert skrive *ø* (*ǿ*) t. d. *kømr* 65_{31} ofl. *røddu* 163_{14}, stundom ogso *œ*, t. d. *bœta* 66_{30}; 1 gong *eo*: *greot*(*e*) 110_6.

7. Privativ partikel er *u-*, *ú-* (160 g), ogso *o-*, *ó-* (59 g, W), t. d. *usomar* npf 108_{24} *úaran* 66_{27} *oreinse* 70_{14} *ósið* 65_{20}.

8. Ingen halvljod vert skriven; men for endingi *-aðar* finn me ofte *-aðr*, t. d. *batnaðr-* gsg 84_4 (*-aðr* for *-aðar* not. 14 g); sameleis *mátr* 141_{19} for *máttar*; dessutan *licamr* 138_{14} for *licamer* pl., *feaðr* 154_{32} for *feaðer*; *hirðr* 69_{18} 82_{29} for *hirðir*. Ein svarabhakti er soleis i skaping, og han tek lit etter vokalen straks fyre so nær som at *feaðer* og *licamer* peikar mot *e*, den slakke vokal i nordvestlandsk liksom i trøndsk (sjaa ovanfor § 8,8 og G. Tr. § 126).

9 a. Tviljodarne vert skrivne:

au oftast, t. d. *austri* 140_{26}, ikkje sjeldan *æu*, t. d. *bæuð* 3 si 140_3, ogso *ǫu*, t. d. *brǫuð* 119_{23} (*brouð* 119_{18} *brauð* 119_{20}), og nokre gonger *ou*, t. d. *brout* 105_1 *floug* 79_{32}.

æi oftast, men ofte ogso *ei* (264 g, W); sjeldan *ęi*, t. d. *ęin* 97_{23}.

øy t. d. *høyrðu* 94_{24} *trøystisc* 83_{11}, ofte ogso *æy*, t. d. *læysa* 101_{24} *æyru* 65_{21}; sjeldan *ey*: *heyrið* 65_{4}.

b. Um dei stigande tviljodar *ia*, *io* osfr. gjeld i det heile det same som er sagt ovanfor § 23 9b um Hom. I.

Det vert oftast skrive *v* etter konsonant, sjeldan *u*, t. d. *hværfr* 3 sp 97_{24} *cviði* 170_{27} *qvalum* 170_{21} *sva* 171_{21} ofl. (*sua* 71_{5} ofl.) *þvi* 99_{11} ofl. (*þui* $67_{21 \cdot 27 \cdot 28}$). Nyn. pl. *skor* heiter i npl: *Sqvar* 121_{16} (2 g; *scvar* 121_{20}), apl. *sqva* 121_{18} *scæ* 121_{8} (misskr.?), samanlikna med skrivemaaten *truar* 129_{11} ofl. ser det ut som um uttalen hev vore *skuár* eller *skvár* (sidan > *skōr*; jfr. *svá* > *sō*).

Merkn. 11. Ogso i Hom. II finn me ender og daa *ja* for *ia*, t. d. *jartæinir* 170_{16}; stundom ogso *e* for *i*: *fear* 163_{29} ofl. (*fiar* 159_{2}, 3 g) *lea* 162_{9} (*léa* 154_{2}, *léá* 154_{19}, *lia* 151_{3}) *sea* 155_{32} (oftast *sia* t. d. 159_{34}) *seom* 65_{31} (av *vera*).

10. Ljodsamhøvet millom *e* og *i*, *o* og *u* i endingarne er ogso i Hom. II i regelen som i dei skrifter som alt er umrødde; men her er fleire undantak enn i Hom. I.

a. Me finn ikkje sjeldan *e* der me ventar *i*. Av undantaki fraa hovudregelen er der umkr. 50 ord som hev *e* (av *a*) i stavingi fyre; men dei fleste av desse er slike som hev *e* framfor *nn* eller *n* + 1 kons. + vokal (sjaa ovanfor 3 a, slutten).

Etter andre vokalar enn *e* finn me mot hovudregelen vokalen *e* i endingar paa 124 stader; i 95 av desse tilfelli stend *e* i utljod, og i 29 stend *e* framfor utljodande konsonant. Døme: *alite* 172_{2} *byscupe* 137_{24} *yngre* 81_{28} *brullaupe* 88_{32} *hæille* 190_{21}; *tiðer* 72_{30} *mæinlauser* 84_{2}. Dette peikar paa innverknad fraa eit maalføre med *e* i utljod.

b. Ikkje sjeldan finn me *i* i endingi, der me ventar *e*. Av undantaki stend *i* i 30 ord, som hev *ei* eller upphavleg *e* i stavingi fyre, men alle desse ord gjeng inn under 3 b og 3 d her ovanfor.

Etter andre vokalar enn *e* finn me *i* for *e* i 75 tilfelle; det er merkande at i 58 av desse stend *i* framfor utljodande konsonant, og berre i 17 høve stend *i* i utljod. Dette peikar i same leid som nemnt her straks ovanfor under *a*, paa innverknad fraa eit maalføre, som hev lika *e* i utljod, og *i* naar det kom konsonant etter vokalen. Døme paa undantak: *aðrir* 172_{7} (16 g; *aðrer* 9 g) *almatigr* 163_{19} (10 g? *-egr* 156_{31}, 2 g) *randir* 170_{13} *retir* 123_{19} *lærðir* 71_{29} *lostigr* 189_{27} *førðir* 2 si 194_{17}; *biartari* 172_{7} *hosæti* 146_{8} *mælgi* 65_{20}.

Merkn. 12. Etter *o* finn me *i* i *hofði* 141_{10} (3 g) *hoggnir hoggrin* 6 g. t. d. 82_{16} *noccrið* 190_{5}; men *e* i *nocque* 76_{14} (3 g); *gorfer* 70_{15}.

c. Ofte finn me *o* der me ventar *u*. Undantaki er fleire med umsyn paa skifte av *o* og *u* enn paa *e* og *i*.

Etter open *e* (ljodbrigda *a*) stend 76 gonger *o* for *u*; av desse gjeng dei fleste (48) inn under 3 a, slutten.

Naar endingsvokalen stend i utljod, er der ein sterk tilhug til *o*. Etter andre vokalar enn *e* hev eg paa dei fyrste 25 sidor (Unger 64—88) notera 108 undantak fraa hovudregelen. I 84 av desse tilfelli stend *o* i utljod. Døme: *sino* 68_{27} ofl. *funno* 68_{4} ofl. *sœmo* 71_{25} oft. *fyrsto* 69_{27} *œigo* 76_{19} *høyrðo* 68_{7} ofl.; *munoð* 66_{22}.

d. Ofte finn me *u* i endingi der me skulde venta *o*. Av dei 200 tilfelle etter upphavleg *e* hev 146 sin grunn i yvergang fraa *ei* og upphavleg *e* til open *e* etter 3 b og 3 d her ovanfor.

Etter andre vokalar enn *e* hev eg paa dei fyrste 25 sidor (Unger 64—88) funne 46 undantak. I 41 av desse kjem der konsonant etter *u* (helst *-m*) og i berre 5 høve stend *u* i utljod. Døme: *graðugre* 120_{16} *heilraðugr* 148_{9} *matugr* 177_{7} (*-ogr* 177_{6}) *haðung* 112_{11} *tacnum* (*á*) 79_{31} *hetum* 64_{16} *þioðum* 69_{8} ofl.

Alt dette tilsaman syner at Hom. II er paaverka fraa eit maalføre som hev havt *e* og *o* i endingar i utljod, og *i* og *u* framfor utljodande konsonant (sunnhordsk eller rygsk).

Merkn. 13. Endevokalen er *e* i ord som *cyqvende* 78_{29} ofl. *høgiende* 132_{30} *sannende* 191_{11}, *tiðende* 144_{3} og dilike ord; merk *ærende* 143_{16}, men *ærendis* 65_{23} med *i*, fordi vokalen ikkje stend i utljod.

Adjekt. paa *-legr* fær endingar paa *e* og *o* (i utljod, men *-um*), t. d. *licamlegre* dsf 119_{29} *itarlegre* dsf 135_{24} *dyrlegre* komp. 164_{9} *dyrleger* npm 125_{2} *manlego* dsn 120_{7} *dyrlegsto* npm b. f. 172_{4} *iarðlegum* 118_{9}. Undt. *oumrøðelegom* 90_{11}.

Merkn. 14. I ord med *e* av eldre *ei* er — som det fylgjer av hovudparagrafen — endingi oftast *i* og *u*, t. d. *hælgi* 156_{19} ofl. (*Helge þer* 2pp 110_{22}) *hælgir* npm 83_{9} ofl. *ængi, engi,* t. d. 65_{15} *flestir* 179_{21} ofl. (undt. *flester* 152_{21} *mestre* dsf 162_{25}); *hælgum* 120_{19} ofl. *engu* 91_{9} ofl. (undt. *hælgom* 171_{25} *engo* 91_{18} 96_{33} *flesto* 172_{31} *mesto* 124_{7} 161_{9}).

Merkn. 15. Formerne av *gera* er desse: *gere* (4 g, t. d. 95_{32} 105_{14}); *gerir* 77_{7} (6 g; *gerer* 76_{27}, 6 g); *gerum* 64_{17} (13 g; *-om* 92_{7}, 5 g); *gerið* 2pp 77_{16} (3 g; *-ið* 67_{4}); i impf.: *gerðe* 72_{18} (31 g; *-i* 93_{20}, 8 g) *gerðir* 2si 190_{9} (4 g *gerðum* 108_{17} (2 g) *gerðo* 76_{31} (6 g; *-u* 94_{22}, 4 g); refleks.: *geresc* 66_{19} (7 g) *gerðesc* 67_{31} (7 g; *gerðisc* 69_{1}, 5 g; *gerðiz* 146_{28}, 2 g); *geromc* 83_{18} (3 g) *gerðomsc* 85_{10} *gerðosc* 71_{4} (2 g) *gerðusc* 140_{30}. I utljod er det soleis oftast *e* og *o*; kjem det konsonant etter, er det oftast *u*, men endaa noko meir *e* enn *i*. — Endingsvokalen i former av *mega* er alltid *e*

og *o* i utljod; kjem det konsonant etter, er endingsvokalen *e* og oftast *o*: *mege* 70_{25} (16 g) *mego* 69_{11} (27 g); *megeð* 76_{11} *megem* 73_{18} (27 g); *megom* 65_{15} (19 g; *-um* 9 g). — *henne* (oftast) 92_{1} ofl. (ogso *henni*, t. d. 154_{27}). — *þesse* hev alltid former med *e* og *o* i utljod; framfor konsonant alltid *e* og oftast *o*: *þesse* 67_{14} (22 g) *þesser* nsm 126_{12} *þesser* npm 94_{24} (6 g); *þesso* 84_{15} (8 g); *þessor* npn 80_{1} (5 g; *-ur* 101_{7}) *þessom* 64_{18} (28 g; *-um* 92_{34}, 14 g).

Merkn. 16. Tristavingsformer (paa *-aðo, -asto*) endar oftast paa *o* og *um*; sjaa ovanfor under 1 b.

Merkn. 17. Um avleidingsendingar er aa merka, at dei jamnast er med i ljodsamhøvet, t. d. *drotens* gsg 131_{23} *konongsenns* 152_{16} (1 g *konunga* 95_{26}) *syndugr* 114_{13}. Undantak (jfr. undantaki under hovudregelen):

a. substantiv paa *-ing, -ingr, -ingi* utan umsyn til vokalen i stavingi fyreaat, t. d. *misgerninga* gpl 66_{32} *leiðreting* 101_{6}; berre i desse ordi *e*: *læreng* 147_{13} *forenge* 149_{6} (*-inge* 150_{19}).

b. adjektiv paa *-legr* og adverb paa *-lega,* t. d. *andlegar* apf 92_{23} *dyrlegar* apf 92_{24}; *licamlega* adv. 95_{10} (*ella* adv. 173_{9}).

c. den etterhengde artikel hev *e* (*mysteret* 131_{5} *konongen* asg 150_{34} *svæinen* nsg 163_{27}). Undt. *croffinni* dsg 104_{5}.

Merkn. 18. Hom. II hev alltid *mic* (eller *mik* 104_{9}) og oftast *þic* og *sic*; undt. *þec* 191_{7} $192_{28\cdot33}$, *sec* 195_{2}.

11. Adjektivartikelen er oftast *hin*(*n*), *hins* osfr. (umkr. 170 g) t. d. 72_{12}; men ofte *en*, *ens* osfr. (umkr. 80 g) t. d. 107_{16}, helst i stykke som viser mest rygsk paaverknad, t. d. In epiphania dom. etc. (Unger: 88_{26} —93_{5}); Sermo de sancta Maria (Unger 168—174) hev alltid *en*, so nær som eit par gonger (168_{19} 174_{12}). I stykki um Heilag Olavs jarteigner (149 flg.) er ofte *sá sú þat* bruka til artikel, der den legendariske Olavssaga hev *sá hinn* eller *hinn*, t. d. Hom. 163_{7} (Ols. 85_{12}) Hom. 163_{15} (Ols. 85_{37}).

12. *þ* og *ð* i det heile som i Hom. I. Til initial vert stundom brukt *Ð*, t. d. *Ðar* 68_{18} *Ðrir* 95_{27}.

ð vert det skrive framfor vokal og etter *f, g, r,* ogso *lg, gr* og oftast *ng,* t. d. *tælgði* 156_{19} *fægrð* 95_{29} *længð* 114_{9} 162_{27} (*hængdir* 186_{14}); *scælfðe* 117_{16}. — Stundom finn me *ð* ogso i andre høve. Soleis, um stavingi er lang, etter *m, n,* og for *þ* etter *c* (*k*) i: *dømðir* 83_{10} (*-dømdo* 98_{34} ofl. *tømdo* 98_{7}) *glæymði* 165_{23} *girnð*(-), *girnð*(*isc*) 75_{30} 86_{23} 108_{29} 114_{22} $115_{22\cdot24\cdot28}$ 117_{21} 118_{3} 190_{17} (*ágirnd* 98_{9} 118_{7} ofl.) *hefnði* 153_{21} (*hęfndi* 112_{5}) *licðe* 3 si 168_{26} (*o*)*styrcð*(-) 85_{29} 86_{1} 100_{29} $113_{10\cdot31}$ (*-ct* 119_{6} ofl.). Og, um stavingi er stutt, etter *l, m, n* i: *fiolðe* 67_{31} 75_{28} (*ld* 102_{11} ofl.) *qvælðusc* 152_{6} *skilðir -lðu* 85_{34} 95_{5} (*-ld* 120_{33} ofl.) *talðe* 78_{31} 79_{1} (*-ld-* 97_{14} 144_{31} ofl.) *valðe* 74_{8} 186_{9} (*-ld-* 78_{6} ofl.) *samðe* 162_{26} *meinsemðir* 109_{4} *synð* 90_{33} 114_{10} 115_{27} 136_{8}

(*synd* 123_{10} ofl.) *tiunð* 189_{14} *vanðe* 106_{28} (*nde* 87_{13}). Med di me ogso finn *ð* for *d* (t. d. *selði* 72_{28} *hælðr* 147_{16} *þolðe* 149_{30} 195_{18} *honð* 150_{10} *fianðans* 164_{28}, maa vel *lð*, *nð* etc. i Hom. II vera atterstødor fraa eldre fyrelegg i anna maalføre (sjaa elles Wadst. s. 106, og Hilding Celander: Om övergången av *ð* til *d* i fornisländskan och fornnorskan. Lund 1906, s. 20 ff.).

Merkn. 19. 2 pers. pron. i pl. (*ér*) hev ogso i Hom. II allstad formi *þer*, *þér*, t. d. 67_{27}. *þú* vert ofta tiljamna etter ordet i fyrevegen: *blæzaðu* ɔ: *bleza þú* 131_8 *mantu* (ɔ: *mant þu*) 193_6 *vartu* (ɔ: *vart þu*) 193_{11} ofl.

13. Oftast *fn* (74 g, W), men ogso ofte *mn* (58 g, W) og 1 gong *mfn*. Døme: *efni* 98_{27} *hafnar* gsg 194_{17} *hefna* 111_{31}.

Undantaki med *mn* er: *hamnan* 96_7 (men *hafnaðe* 165_{20}), *iam-* 65_6 (35 g) *iamt* 91_{31} (*iafn-* 187_{32} *iafner* npm 180_{16} *iafna* asf 82_{15} *iæfnum* 170_{22} *iafnaðe* dsg 150_{26} *iafninga* as 70_{13} *iafningiar* 70_{15} *iafnan* 104_{21}, 6 g); *namn* 85_{20} (2 g, *nafn* 74_{10}, 8 g) *namns* 85_{19}, *namne* 74_{12} (4 g; *nafne* 90_{24}, 8 g; *namfne* 131_9) *nomn* 176_{23} (3 g) *nómn* 176_{27} *næmn* 176_{25} *namna* 176_{24} (*nafna-* 85_8), i alt 13 gonger *mn* og 17 gonger *fn* + *næfnor* 116_{13}; *næmna* 192_{32} (*nefna* 143_6, 2 g) *nemdi* 117_{29} *nemdir* 176_{23} *nęmdr* 117_{26} (2 g) *nemdr* 163_3; *stemnir* 3 sp 159_{10} *stæmd* sup. 130_{23} = *stæmt* 125_1 (ingi former med *fn*); *semnenom* dsg 160_1 *svefn* 69_{21} (4 g) *svefne*, dsg 94_{20} — *svæfn* 111_{30} *svæfne*, dsg 94_{27}; — *svøfne* dsg 149_{12} — *søfn* 158_{31} *søfne* dsg 154_4 155_{33} *søfnenom* 154_8; merk *sofnaðesc* 155_{31}; i ny-nordvestlandsk er formi no jamnast *sømn*, *sòmn* og *søvn* (Førde i Sfj.), og formerne i Hom. II syner ogso her paaverknad fraa sunnhordsk, der me no finn baade *svevn*, *semn* (*te semms*) og *søvn*. I sunnhordsk gjeld den regel at anten eit ord hev *vn* eller *mn*, fær det alltid *m* framfor konsonant, t. d. *javn*, *jamt*; *nęvna*, *nęmt*. (Vidst. under *svevn*. Vidst. Opl. S. sid. 36).

Handskr. hev alltid *gamne* 153_9 *himni* 71_{10} *himnesca* 74_{17} o. m. fl. *samnasc* 132_9 ofl.

14. Hom. II hev aldri *gh*, men berre *g* for alle *g*-ljodar.

15. I Hom. II vert det skrive *pt* 208 g (W) og *ft* 49 g. Døme er: *aptr* 68_8 (33 g; *aftr* 76_{13} 94_{21} 96_2) *aptan* 151_7 (4 g, alltid med *pt*) *eptir* 71_{26} (96 g; *æptir* 75_{24}, aldri med *ft*) *lerept* 171_{24} *opt* 65_{15} (35 g) *scrip-ta(r)* 104_{30} 109_{16} (12 g; *scrifta* 105_{12}) *scriptir* 109_{14} (3 g).

Undantak notera med *ft* er umfram dei nemnde *aftr* (3 g) *scrifta* (1 g): *eftre* 144_{23} *gift* 96_{32} (2 g; *gipt* 143_{24} *gipsc* 192_{26}) *groft* 136_{13} (2 g), *hæift(ar)* 83_{32} (3 g), *heftu* 3 pi 158_{27} (*hępta* 191_{27} *hoptum* 142_{17}) *craftr* 64_{24} (4 g), *crafz* 89_{31} *crafte* 79_{24} (5 g), *craft* 95_{15} (3 g), *crafta(r)* 168_{20}

172_4 (8 g) *loft(e)* 81_{30} 82_{23} (5 g; *loptet* 125_{24}) *oftast* 163_{33} (*optast* 177_{13}) *scifta, -i* 161_{10} 85_8 (3 g; *pt* 12 g, t. d. 106_{17} 172_{31} 191_3).

pt i ord som *køypti* t. d. 67_9 ofl. *støyptisc* 157_{32}, og *ft* regelrett i ord som *haft* p. 70_9 *vaft* 67_{30}, so nær som *løypt* (ɔ: *leyft*) 98_{21}.

Merkn. 20. *ps* for *fs* finn me i *repssingar* 153_{22} (*refsinga* 157_{13}), jfr. ogso det nemnde *gipsc* p. 192_{26}, men *crafz* (av *craftr*) 89_{31}. No finn me *ps* for *fs* i alle bygdemaal fraa og med Sunnfjord til og med Setesdalen, men ikkje alltid i alle ord. Døme fraa Sunnfjord er: *tupsə* f. *drupsə* v. *ups* f. *upsadröpə* m.

16. Former av ymist slag.

a. Fyrrnordisk ljodskifte *e-i*. Hertil former med *e*: *brenna* 97_{25} ofl.; *renna* 104_{33} ofl. med præs. *renr* 105_2 140_{26} (men *rinna* — austn. — 94_{32} 168_6); *snemma* 110_2 (2 g; no *snemmə* og *snæmə* Snm. *snimmə* adj. n. »kort, raskt« Haukedal i Sfj.); *þrennan* 89_2 *þrennar* 73_3 (3 g) *Þrennum* 89_1 (2 g); med i: *ifasc* 160_{10} *ifanalaust* 104_2 *tviðr* 109_{16} *tvinna(n)* 132_{31} (7 g) *tvin* 134_6 (2 g) *tvinno, -um* 109_{14} 81_{11} *þrimr* 80_{19} (4 g) *þrinning* 89_2 (5 g; *þreningar* 171_5, 1 g), jfr. nyn. i *tvīningå* Snm.; *illviðri* 189_4.

b. Fyrrnordisk ljodskifte *o-u*. Hertil former:

med *o*: *fogl* 100_3 (2 g) *fogla(r)* 92_4 79_{25} (7 g) *fogli* dsg 126_{18} (*fǫglar* 102_{16}); *goð* 114_{10}, elles alltid *guð*; *okønsco* 113_2 (2 g; *kynlect* 155_{10}); *sonr* 89_{32} (13 g; *sunr* 157_{29}, 3 g) *sonar* gsg 79_5 (3 g; *sunar* 90_5) *søne* dsg 79_{11} (4 g), *son* asg 67_{22} (14 g; *sun* 81_{25}, 2 g) *sønir* 84_{28} (*synir* 157_{27}) *sonum* 143_{10} *sono* apl. 81_{31} (3 g), i gpl er berre notera *suna* 89_{22} (2 g) — i alt 39 gonger *o* og 9 gonger *u*; *hertoge* 94_3; *øret* 119_{14}.

med *u*: *gull* 171_{29} (alltid *u*); *numen* part. nsm & nsf 106_{19} (4 g) *numet* 65_{12} (*nomner* 138_{31}), jfr. nyn. *nummin* adj. Austl. Ross; *u* og *o* i: *ux(s)e* 79_{18} 69_7 *Vxi* 69_9 (*oxse* 80_6, 3 g) *oxsa* 78_{24} (2 g; *uxsa* 79_{14}), i pl. *yxgn* 79_{14}. — *suttum* dpl 152_7 (av *sutt*, f. trøndsk form for *sótt*) i Olavs jart.

Merkeleg er haltingi i Hom. II millom *o* og *u* i nokre ord som elles i gnorsk (utanfor homilieboki) hev *o*; umfram dei vanlege former *coma, cona, hversconar* (t. d. 123_{27}) *stoðir* s. f. pl. (133_{15}) *stoða* v. (80_8 ofl.) finn me ogso: *cuma* 88_{21} (20 g) *cumasc* 159_8 (3 g) *cumum* 132_2 *kume þér* 111_{27} *cumem* 116_{30} *cum* imper. 149_{14} *cumen* nsm 194_{18} nsf 116_2 (2 g) *framcumet* part. 126_1; *cuna* 161_{29} (elles alltid *cona*, t. d. 143_5); *hverscunar* 129_8; *stuðir* pl. 134_{26}, jfr. *styð* f. (etter pl. **styðir*) Snm.; *stuðar* 3 sp 76_{15} (5 g). Sjaa sid. 55 her framanfor.

Lang *ó* i: *-bø* 158_{14} 103_{31} *hybøle* 130_{18} *ór* præp. 74_6 ofl. *or* 67_{21} ofl. ogso som præfiks *orgrunni* 150_{24} (aldri *ør-*); *ú* i *hiun* npl 162_7 (2 g); oftast *ó* i *boande* 161_{22} (8 g; *buand-* 101_{20} 102_{26};

Av andre ord som i norske maalføre ofte skifter med *o* og *u* er merkande: *clokkor* 103_{25} ofl. *corona* 149_{16}.

Merkn. 21. Ogso i Hom. II finn me *u* for *ó* i *hugvære* 76_2; sjaa Hom. I.

c. Frumnordisk *aiv* hev vorte *æ* i: *fræ* 191_8 *snehvitum* 116_{11} *sæ* 90_{12} 107_{33} *æ*, *ǽ* adv. 146_{16} ofl.; nokre gonger ogso til *ei* (*æi*): *ei oc ei* 124_5 *æi oc æi* 123_{26}.

Frumnordisk *auh* hev vorte *ó* i *hór* adj. nsm 84_{24} 154_5 *hófan* asm 160_1 (*hafan* 149_{13}) *á ho fialle* 174_{23} *hot* 158_5 (*hœt* 102_{21}); ogso i samansetning *ho*: *holæit* 51_{20} 149_{18} (9 g; *ha-* 127_1, 3 g) *hosæti* 146_8 *hotið*(-) 73_4 (umkr. 65 g; *hǫtið* 136_{16} *hœtið*(-) 88_{27}, 9 g) *høð* s. f. 126_{31}; komp. og superl. *hǽre* 192_4 *hærra* 126_{28} *hæst*(-) 118_{10} (5 g).

d. *α.* Substantiv paa *-ende*: *høgiende* 132_{30} *likendum* 169_{22} ofl. *tiðende* 68_6 ofl. *uræinende* 87_{11} *ærende* 143_{16} ofl. *sannende* 191_{11}. Undt. *sannyndi, -da* 157_{16} 157_{10} *rangyndum* $87_{25 \cdot 28}$ (3 g) og *hyggiande* 178_{22}.

morgen 159_{11} ofl. *-onen* 162_{19}; *virgil* 158_4 *-ul* 157_{31}).

β. Adjektiv paa *-igr* (*-egr*), *-ugr* (*-ogr*): *almategr* 156_{31} 188_{33} *almatigr* 163_{19} ofl. *matugr* 177_7 *matogr* 177_6; *lostigr* 189_{27} *nœuðigr* 189_{26} *uslotegr* 187_{26}; *graðugre* 120_{16} *hofuct* 191_{25} *bacmalogr* 66_{14} *hæilraðugr* 148_9 *sauruct* 96_{25} *syndugr* 97_{23} ofl. *verðuct* 150_{17} (2 g); jfr. *hyrog, forkunnuoeg* Chr. Jensøn.

e. Med umsyn paa ljodbrotet er merkande: *fiogor* 78_{15} (*-ur* 133_{14}) *fiogorra* 78_{13} (4 g) *guðspiall* 78_{31} (alltid), *mannzspæl*[1] 175_2 (sjaa G. Tr. s. 60). Uvanlege er: *giafa* 111_{25} (= *gefa*) *fyrgiafa* 77_9 *giata* $66_{4 \cdot 18}$ 134_{16} (men *gætte* 3 si 75_9); sjaa ovanfor § 23, 16 e (ogso *giafa* inf. finst i Am. 307 fol. 32 a, sudvestl. maalføre).

f. Vokallengjing. Præp. *at* vert skriven *át* 93_{31} (11 g), *af* som *áf* adv. 112_2, *ácr* 103_{17}.

Framfor *l* + kons. synest ikkje vokalen vera lengd: *fialglæikr* 162_{26} *holfu* 104_5 *kalf* 189_{19} 190_{15} *sialfr* 65_8 *siolf* f. 68_{13} (5 g) *sjolfu*(*m*) 66_{11} 176_{30} (*-o-* 17 g; aldri *a* eller *á*). Tvilsame er: *hialpum* dpl 162_5 (for

[1] *-spell*, n. skade Trøndelag, Vestl. *-spiall* Austl. Den (trøndske) Fagerskinna hev *mannspiall* (Finnur Jónss. utg. s. 127_2), men det er i eit stykke fraa hdsk. A (austlandsk).

hiolpum av *hiolp* 101_4 ofl. gsg: *hialpar* 84_{30}) og vokalen framfor *rn* i *iarn* 105_{20} (4 g) med dat. pl. *iarnum* 159_{20} (2 g), og *iórn* pl. 145_{21}; men desse tvo (*hialpum, iarnum*) stend i stykket um Olavs jarteigner, som visst fraa fyrstunne er umsett i Nidaros, og det kann soleis vera vanlege trøndske former. Meir tvilsame er *Cálfr* (*kålv'*(ə) Vest Agder, Robgd. *kåv'ę* Set. ofl.) 149_6 *licámr* 119_6 (*likåm* Setesd.) *Oláf* 151_{13} (4 g; *Olafs* 151_{18} ofl.) *scálf* 3 si 114_{33} (*skålv* Nfj. Shl.). Sjaa § 23 merkn. 22.

Merkn. 22. Liksom i Hom. I stend det ikkje so sjeldan aksent yver lange vokalar, t. d. *sá* pron. 163_{18} *vér* pron. 80_{28} *vǫ́n* 191_3. Stundom vert ogso aksent sett yver stutt vokal, sjaa Wadst. §§ 60, 61.

g. Vokalstytting kann liggja til grunn for slike skriftformer som *sinna* pron. apm 111_{17} (3 g) *sinnar* apf 174_1 (2 g); men skrivemaaten er so ustød i dette stykke, at han ikkje er aa byggja paa. *-au* hev vorte *œ* i: *œgna fullr* 78_{19} 80_{34} (liksom *ogne-* for *augna* i fjordemaal den dag i dag); *rœfum* 174_{25} (for *raufum*); *sœrgasc* v. 90_{17}; *øy* til *ø* i *føkia* 191_8 (um ikkje misskrift); *æi* til *æ* i *hælagr* 91_{16} (elles alltid *hæilagr*). — *braut* adv. heiter alltid so.

h. Ymse vokalhøve:

α. Stutt *ø* gjeng yver til *e* framfor labial konsonant i *kemr* 3 sp (av *koma*) 69_{16}, elles alltid *kømr*, t. d. 65_{31}; *ø* held seg i *søfr* 191_{32} 3 sp av *sova*; alltid *øðle-* (*-i*), t. d. 68_{29} (15 g); *ø* og *e* skifter framfor labial konsonant i *øfre* 156_{14} *øfstu* 114_{14} *æfstu* 85_{27} (2 g; *efsta* 187_{21}).

Lang *ø* (*ǿ*) hev vorte *e* i *greða* 165_{24} *retasc* 103_2.

Lang *æ* (*ǽ*) hev vorte *ø* (*ǿ*) i: *røkia* 87_{19} *øleg* 191_7 (for *ǽleg*? nyn. *eleg* Snm.).

ǫuðæfe hev alltid (5 gonger) denne formi, t. d. 110_5. — *søfðo* 3 pi (drap), sjaa ovanfor § 25, 2. — *smior* i *viðsmior* 110_{17}, dsg: *viðsmiorfe* 110_{18}.

β. *i* held seg framfor *l* og *r* + konsonant: *ilm* 87_{14} 116_{33} (12 g) *ilmande* 87_{13} ofl. *ilmingar* 87_{17} (3 g); *silfr* 171_{30} ofl.; *birtir* 3 sp 110_9 *hirðir* 110_{30} *kirkiu* 64_{21} *virkr* 127_4 (2 g) *ilvirki* m. 113_{23} (115_{18}; jfr. *Einørckin* Chr. Jensøn).

γ. *y* held seg i: *fyrir* 64_{26} (den vanlegaste formi; sjeldan *fyri* 65_{27} ofl. *fyr* 73_{19} ofl.) *yfir* 67_6 (alltid). *herbyrgi* 161_{13} *herbyrgie* 191_{21} (no *herbyrje*, Sulen, Ytre Sogn); *hymsa* (ɔ: *ymsa*) 88_3 *þyccir* 3 sp 65_6 ofl. um *myndi* og *scyldi* (av *munu* og *skulu*) sjaa ovanfor § 25 merkn. 1.

δ. For *a* stend *e* eller *i* i ljodlinn stoda etter lang staving i: *fiorði* gsm. 108_{11} *hvivitni* 66_{28} *landscialfte* asg 139_{20} *næste* adv. 168_{10} *oreinse* s. f. 70_{14} *scyldi* 1 ski 195_6 *varer* gsf 175_{26} *engu vette* 129_{27} *være* 1 ski

125_{15} *være* 1 ski 194_9; men ogso etter stutt staving: *callaðe* 1 si 68_{28} 81_{25} *smiðaðe* 1 si(k) 131_7., *altare* gsg 99_{27} *scapare* gsg 168_4, og jamvel *neme*, konj. 69_3 *same* nsf b. f. 82_{28}, so det er trulegast at dette vokalframskot ikkje hev med austlandsk aa gjera, men syner eit tidlegt tilstemne i nordvestlandsken til aa gjera *a* i endingar til *e*. Sumt kann ogso berre vera ustød skrivemaate, liksom me baade her og i Hom. I ikkje sjeldan finn *a* for *e* i endingar, sjaa Wadst. § 32 a. Um *-e* for *-a* i particip, t. d. *brennanðe* dsn 98_{20} sjaa § 23, 16 h *δ*.

Merkn. 23. *nanæsto* 168_{19} (for *nanasto*) er vel etter jamlaging med *næsto*.

ε. For *o* (*u*) stend *e* i ljodlinn staving i: *moðer* gsg 101_{27} *Møðem* 1 pers. imper. 81_7 *opnaðesc* 3 pi 114_{26}.

ζ. Etter *e* vert stundom innskoten ein *i*, naar det stend *gi* i næste staving: *dæigi* 64_{31} (notera 15 g; *deigi* 80_{19}; *dægi* 96_{12} ofl.) *sæigia* 95_{16}; sameleis er *y* innskoten etter *ø* i *møyndi* 3 si 106_{24} (4 g; *møndi* 117_{28}, oftast *myndi*).

i. Konsonantyvergang.

α. *ðl* hev vorte *ll* i *brullaup*(*e*) dsg 88_{32} ofl. *á milli* 83_{29} 126_8 131_{26} 133_5 179_{13} (*á miðli* 89_{10} 170_9) *í millum* 192_{11} 193_{10} 195_{12} *a millum* 147_{33}; *silla* 147_{29} (= *siðla* 194_{29}).

rs > *ss*: *hvessu* 128_{10} ofl. *hvessconar* 129_{12} (= *hværsconar* 129_9).

zl > *tl*: *ofgøytlan* 122_{30} (vestlandsk).

β. *lr* og *nr* etter lang staving > *ll*, *nn*, t. d. *svein* nsg 163_{23}.

γ. Um *Ð* og *ð* for *þ*, sjaa ovanfor under 12. For *t* (*tt*) stend i supinum og part. neutr. stundom berre *d* (ɔ: *dd*?): *lyd* (sup. av *lýða*) 168_9 *rød* (sup. & part. neutr. av *røda*) 94_{12} 161_{22} *stæmd* (sup. av *stemna*) 127_8; sameleis *tolfrød* nsn. 125_{26}; jfr. *beidd* i Am. 310 qv. s. 4_1 i P. Groth's utg. (Christiania 1895).

δ. *nn* > *ð*: *bruðr* 75_{29} 136_8 (*brunnr* 195_{10}); *fiðr* 3 sp (av *finna*) 133_{12} 160_{23}; *iðre* (*-i*, *-a*) 69_6 (17 g); *muðr* 144_2; *tviðr* 109_{16}; *viðr* 3 sp (av *vinna*) 179_{24}.

Etter gamall *s* i ord som *vesa* er der merke i *est* 2 sp 190_{24}.

v > *m* i *mer* (*h*)*erom* 66_{23} *hœfum mér* 121_{18}.

j. Konsonantburtfall.

α. I framljod er *g* burtfallen framfor *l* og *n*, t. d. *lícr* adj. (alltid), men stend i *gnoglegar* 69_{12} *orðgnótt* 147_8.

h og *v* er burtfalne i dei vanlege høve, so nær som *v* i *volle* 3 si 77_{25}.

Merkn. 24. *n* hev falle burt framfor *s* i *ræison* 89_{16} 99_{9} (jfr. *Eyse* adv. (ogso) for *einsig* (= fær. *eisini*) Chr. Jensøn. Sameleis er *n* burtfallen i *mystere* 131_{7} ofl. (tempel), heimenorsk form etter ags. *mynster* (= isl. *mustari* etter ght. *munustiri*). *n* held seg i *pinsl* 79_{16} ofl. *-r* hev falle burt framfor *n* i *noccon* 155_{11} ofl. (*-rn* 155_{15}) *yðan* asm 65_{1} (*-rn* 99_{24}); sameleis framfor *t* i *occat* 194_{13}; sameleis etter *ll* i *allar* 132_{21} gsf og *alla* 78_{17} gpl.

β. Konsonant millom andre konsonantar fell ofte burt, t. d. *anscotans* 147_{27} *beislæic* 91_{19} *biarlæic* 95_{5} *fylsni* 120_{31} *syst* 157_{32} *systir* 2 si 193_{21}.

γ. I utljod fell burt:

b i *um*, skriven *umm*, so nær som *umb-*(*hverfes*) $78_{16 \cdot 17}$ 80_{34} *umbscurðarskirn* 85_{28}.

m i verbalform framfor *vér*, berre i: *mego ver* 85_{16} *monu ver* 130_{2}, *sculu vér* 131_{29} 137_{35}, elles *scolum vér* 136_{9} *munum vér* 136_{16} osfr.

r er burtfallen i *turtura* npl (for *turturar* 99_{25}), *være* 2 sik 194_{7}; oftast ogso i *við*, *uið* præp. $64_{19 \cdot 26}$ ofl. (*viðr-* 128_{15}); *með* hev aldri *r*, t. d. 64_{25}.

ð fell burt i 2 pers. pl. i verbalending framfor *þér*, t. d. *høyrðu þer* 94_{24} *sculu þér* 121_{26}.

k. Konsonantinnskot.

h er tilsett i *hallzcostar* 159_{16} *hiorð* 80_{26} *herom* 1 pp (av *vera*) 66_{23} *hymsa* 88_{3}.

n stend paa uvanleg vis i ljodlinn staving etter vokal i:

(*øugun* 91_{2}) *øyrun* 102_{22}; *sunundægi* 156_{24} *hvitasunnundag* 125_{34} (gamle sudnorske maalføreformer? jfr. ags. *sunnandæg*).

l. Konsonantlengd.

α. For stutt konsonant stend ikkje sjeldan lang; sers ofte vert *l* lengd framfor *d* og *t*, og *n* framfor *d*, t. d. *alldrigi* 79_{28} *alldarfaðer* 84_{18} *arallt* 169_{16} *annde* 129_{18} *fioll* (ɔ: *fjol*) 157_{26}.

β. For lang konsonant stend ofte stutt, t. d. *droten* 80_{14} ofl. *æg* f. 65_{5} *ret* adj. n. 65_{13}. I dette stykke er Hom. II mykje = Hom. I.

Merkn. 24. Pronomenet *oss* vert alltid skrive med ein *s*: *os* 64_{14} ofl. og ofte *ós* 89_{5} 106_{6} 130_{8} 137_{6} ofl. Det synest ha vore uttala med lang vokal.

m. Ymse konsonanthøve.

Guttural *k* vert helst skriven *c*: *ælscom* 77_{13} *hælgasc* 89_{1} *cuma* 88_{21}, men ogso *k*: *kallað* 128_{9} *konongr* 67_{15} *virkr* 127_{4}, og *q* framfor *v*, t. d. *quol* 66_{31}; (*lichamleg* for *líc-hamleg*? 171_{22}). Palatal *k* er oftast skriven *k*:

mykin 67_{16} *kyni* 67_{21}, men ogso *c*: *scyldi* 67_{17}, og eit par gonger *ch*: *licnesche* 171_{28} *styrchiasc* 185_{32}. Etter *g* vert det stundom innskote ein *i* til aa syna den palatale uttale: *afgiærð* 72_{15} *giefum* 112_{25} *liggiem* 118_{9} *herbyrgie* 191_{21}. Uttalen av *g* framfor palatal vokal synest alt ha havt tilstemne til *j* etter skrivemaaten *sæia* 162_{12} (for *sægia*), og umvendt *tøygiendr* 188_{21} for *tøjendr*. — Lang *k* vert oftast skriven *cc*: *cloccor* 103_{25} ofl. (*klokkor* 104_{11}).

v vert oftast skriven *v*: *vinr* 149_{14} *við* 65_{34}, nokre faa gonger *f* og *u*, t. d. *bolfa(r)* 87_{1} (3 g) *bolfan* 122_{28} *alhófan* 160_{1} *viðsmiorfe* 110_{18}; *Uæitum* 81_{5} *Uer* 89_{26}. Upphavleg bilabial spirant vert oftast skriven *f*: *sialfr* 89_{22} *hafðe* 75_{4}, men ikkje sjeldan *u*, t. d. *ec heui* 66_{21} (*u* 20 gonger i *haua* W) *graua* 120_{3}.

z = *ts*, t. d. *bræuzc* 155_{17}; = *ds*, t. d. *anzscote* 100_{13}; = *ðs*: *-orz* 71_{21}; = *s*, t. d. *allz* 163_{28}; = *st*: *syzkinum* 123_{15}.

17. Nokre ordformer.

α. subst. m. *fyndi* dsg 95_{21} *scogs* gsg 159_{10} (3 g) *ottosangs* 162_{20} *manaðr* apl. 143_{20} *girkia* apl. 152_{4} *vængia* apl. 126_{22} *costo* apl. 107_{27}. Merk nom. sing.: *umdura* m. 118_{28} *propheta* m. 97_{26} b. f: *-an* 189_{24}.

subst. f. *ættar* pl. 114_{18} *stoðir* npl. 133_{15} *stuðir* 134_{26} (Leifar paa same stad *steoþr*) — *sunnundægi* 156_{24} *hvitasunnundag* 125_{34} — *cloccna* gpl. 103_{26} *kircna* gpl. 135_{35}.

subst. n. *fear* gsg 103_{13} *scrøcvi* dsg 164_{13} *smyrslen* n. pl. 104_{33} (jfr. Henr. Harp.) *trio* npl 192_{5} *triom* dpl 91_{12} ofl. *øyrun* apl. ub. f. 102_{22} og kanskje sameleis *øugun* 91_{2}.

Bundne former: *diofull enn* 140_{11} *stæinomenon* 74_{31} *hundumnum* 160_{26} *logomnom* 120_{27} *logomnum* 121_{26}; i dei tri siste kann ein ogso for *mn* lesa *nn*, som synest mest rimelegt, i alle fall i *hundunnum*, som stend i Olavs jart., og ikkje vel kann vera eldre enn umkring 1170.

β. adj. Merk: *ryggvir* npm 125_{29} *tortryggvir* npm 125_{20} *þungstar* 108_{23} (misskr.?).

γ. pron. pers. *mer* (*h*)*erom* 66_{23} *hæfum mér* 121_{18} (elles alltid *ver*, *vér* liksom i Hom. I); pron. dem. *sia* m. 78_{13} (17 g not.), f. 67_{17} (29 g not.), *þesser* nsm 126_{12} *þema* dsm 97_{9} (8 g; elles *þessom*) *þesser* npm 108_{19} ofl. — I gen. sing. f. alltid *þessar*, t. d. 72_{12} og dat. *þesse*, t. g. 67_{14}. — I dat. sing. n. *þvisa* 66_{24} 160_{33} (men elles *þesso*, t. d. 84_{15}); nom. pl. n. *þesse* 78_{29} *þessor*, *Đessor*, *þessur* 68_{6} (8 g).

rel. pron. er *er*, men 8 gonger *en* (73_{8} 106_{14} 132_{21} 141_{5} 145_{5} 151_{25} 180_{31} 188_{31}) som er sud- og austnorsk.

Av andre pronominalformer er merkande: *hvilic*(*r*) 90_{15} 91_{17} 144_{4} (4 g) *þvilic-* 70_{26} 136_{4} 171_{34} *hverskes* gsg 78_{18} *æinnihverri* dsg 102_{10} *hvetritna* 122_{8} (2 g; *hviritna* 146_{33}, 2 g, *hviritni* 66_{28}) (*hvarritna*, av. 100_{1}).

δ. num. *treim* 161_{5}, men *þrimr* 185_{2}; *fiorer tigir* 107_{31}, *tigum* 99_{6} ofl.

ε. Verb paa *-va*: *byggva* 114_{20} (*byggvir* 3 sp 132_{8} etc. *byggia* 118_{27}) *døggva* 78_{11} *hoggva* 145_{13} ofl. *ryggvasc* 110_{10} ofl. *sløccva* 78_{12} ofl. *styggvisc* 135_{21} *svicvin* p. 164_{25} (2 g) *sviqvit* p. 98_{16} *syngva* 68_{12} (*-ua* 73_{7}; *syngium* 128_{18}) *tortryggva* 160_{18} *þrøngvir* 111_{30}.

Merk 3 sp: *biargr* 157_{17} *hálpr* 194_{30} *skelfr* 138_{24} *svicrir* 64_{25} = *svícr* 164_{15} *hæitir* 164_{15} (jfr. *hæitir* Hom. I); 3 si: *biuggisc* 158_{8} *biuggiz* 151_{34} — *svaf* 190_{2} — *hialp* (for *halp* 158_{2} i Olavs jarteigner; synest no ukjent) — *sté* (for *steig*) 73_{30} 71_{10} (not. 12 g; *stæig* 140_{11} ofl.).

2dre pers. pl. endar paa *-ð*: *haldeð* 65_{1}; burtfallen *ð* framfor *þer*: *mæle þer* 65_{8}.

grere 3 si 156_{12} *sere* 3 si 102_{14} (4 g) *snere* (*sc*) 97_{12} (3 g).

Merkn. 6. *huer* I 2_{6} (-*æ*- I 3_{26}) *huert* III 12_{9} (-*æ*- III 13_{11}) *huærium* I 1_{4} (-*e*- Pr.$_{45}$); *huersu* I 4_{18} (-*rss*- IV 15_{9}); *huerretna* IV 3_{11} (3 g; *huær*- I 5_{12}; *huarvetna* V 7_{24}, 6 g).

b. *e*-ljod, uppkomen av *ei*, vert oftast skriven *e*, men ikkje sjeldan *æ*: *ellda* VI $9_{5 \cdot 11}$ *elldi* VI 17_{9} men *ælld*, *ælldi* oftast, t. d. VI $9_{2 \cdot 3 \cdot 9}$; *engi* I 3_{19} med *e* i alle former (framfor *n*, sjaa straks ovanfor under *a*); *flestar* Pr.$_{5}$ (*flæstum* I 4_{10}); *helga* I 1_{12} *hellghu* I 1_{2} (*hælga* I 1_{2} ofl.); *kuældet* VI 17_{29}; *mest* I 4_{9} (*mæstr* I 4_{10}).

c. Upphavleg *e* vert i regelen skriven *e*: *ek* II 7_{3} *sem* Pr.$_{9}$ *eða* Pr.$_{3}$ *bera* Pr.$_{9}$ *dreckkr* IV 7_{1} *drep* 1 sp VIII 5_{5} -*geten* part. II 4_{30} ofl. *meðan* I 1_{14} *nema* konj. I 3_{16} *renna* v. VI 12_{3} *skera* III 3_{7} *þess* I 1_{12} *þegar* I 3_{12} *vera* Pr.$_{23}$. Men ogso her er skrivemaaten noko ustød, soleis *æða* II 6_{15} ofl. *blæzsat* Pr.$_{50}$ *blezsan* I 1_{1}, *veg* VIII 13_{1} og *vægh* I 3_{19} av *regr* m. (men *veg* VII 9_{11} av *veggr*). *þægna* Pr.$_{42}$ *þætta* Pr.$_{3}$.

Stend *e* etter *v* og framfor lang eller samansett konsonant vert det ofte skrive *æ* for upphavleg *e*. Men regelen er ikkje gjenomførd. Døme: *værða* v. Pr.$_{30}$ ofl. (men ogso *verða* I 4_{4}) *uttan værðz* VI 8_{23} *værk* VIII 6_{8} ofl. (men ogso *verk* I 5_{20}) *vætr* I 5_{14} *kuænna* gpl Pr.$_{31}$ *kuærnar* VI 8_{33} *sværð* III 1_{2} *trænt* II 4_{21}; men ogso *andrerðu* I 4_{10} (-*æ*- VII 3_{8}) *restan* I 5_{16}.

Upphavleg lang *e* vert skriven *e*: *fe* I 4_{13} *her* adv. Pr.$_{18}$ *ret* s. m. asg VIII 12 *ser* II 2_{8}, ogso *ee*: *seet* IV 22_{7}.

Merkn. 7. Etterljodbrigde ved *i* hev gjort *a* til *æ* i: *biærga* VI 12_{5} (*biargezt* 12_{6}) *giælkyri* I 1_{6} (21 g; *gialkyri* III 10_{13}, 56 g) *giælda* VII 13_{11} (oftare *giallda*, t. d. VII 12_{37}) *skiældarar* VI 8_{22} *skiællðili* V 18_{9}. — Tvilsame er *gellda* (betala) VII 12_{15} *giærð* VI 5_{7} (*gerð* eller *giarð*?) *kierti* VI 9_{11}.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert jamnast skrive *æ*: *hærðr* III 3_{4} *færom* komp. Pr.$_{11}$ *giæta* I 4_{8} *hætte* dsg I 5_{8} *mætte* 3 sik Pr.$_{11}$ *næpnα* gpl VIII 14_{1} *smære* I 4_{11} *sær* asg VI 8_{24} *særðer* I 4_{4} *slæz* 3 sp I 3_{1}; *præl* III 3_{13} *ætla* Pr.$_{48}$. Men ogso her er skrivemaaten noko svagande, so me finn t. d. *mælt* I 2_{1} (partic. av *mæla*) og *melt* I 3_{11} *ner* VIII 13_{1} og *nær* II 6_{3}, *næsta* I 1_{4} og *nesta* I 1_{8} *settar* VIII 10_{3} ofl. (av *sætt*, forlik) og *sætt* VII 15_{9}; framfor og straks etter *n* (og *m*) vert helst skrive *e*: *frendkonom* I 5_{19} *netr* III 3_{9} (pl. av *nott*) *rentr* (av *ræna*) VIII 6_{12} 15_{6} *venazster* I 1_{9} *uvidrkvemilekt* IV 16_{1} (*-kvæ-* V 24_{7}). Merk *ler* 3 sp (av *liá*) VII 18_{6} ofl.

Merkn. 8. Av tviformer med grunn i *i*-ljodbrigdet er merkande: *bæzt* Pr.$_{8}$ *frelsi* Pr.$_{28}$, men *frealsar* v. III 6_{3} *fund* IV 2_{11} *takr* 3 sp (for *tækr*) IV 2_{8} (innverknad fraa svensk, liksom *biuðr* 3 sp (for *býðr*) i Hird. 32_{10}).

5. *þan*, *þat*, *þar*, *þaðan*, *þangat* er dei vanlege former i handskrifti, t. d. Pr.$_{33 \cdot 39}$ Pr.$_{11}$, I 4_{11}, I 3_{27}. Men det finst ogso *þet* uppteikna 8 gonger, t. d. Pr.$_{9}$; *þatt* VII 18_{2}.

Merkn. 9. *hingat* V 20_{7} *heðan* III 5_{1}.

6. *i*-ljodbrigdet av *o* (*ó*) vert skrive *ø*, t. d. *røger* III 9_{13} *møðr* II 4_{36} *sløkkua* VI 12_{8} (jfr. 16 **h** *α* her nedanfor).

7. Privativ partikel er *u-*, t. d. *ubota mal* I 4_{15} *ulærðo* II 5_{12} *usekiu* IV 9_{4}; *o-* finn me 7 gonger: *ohulda* part. VI 9_{11} *olutt* I 4_{5} *oluti* IV 17_{5} *olyðni* III 13_{18} *olutum* IV 22_{17} *onyta* VIII 19_{3} *oskil* VII 24_{11}.

8. Halvljod vert berre skriven paa nokre faa stader, og er daa *e* etter *e* i stavingi fyre: *slekter* part. nsm VI 10_{5}, *i* etter *i* og *ę*: *liggir* 3 sp IV 26_{5} *græfir* nsm II 5_{20} *hvervir* 3 sp IV 3_{28} *taksættir* 3 sp VII 24_{12}; jfr. ogso *yðr* Pr.$_{6}$ for *yður*. Nokon greid og fast halvljod syner seg soleis ikkje i skrifti.

9 a. Tviljodarne vert jamnast skrivne *au*, *æi* og *øy*: *hauk* VIII 10_{1} *naust* III 2_{15} *stæins* IV 19_{6} *hæim* I 6_{8} *møy* II 1_{4} *høyrði* VII 14_{6}. For *au* vert det 1 gong skrive *ou* i *ougu* IV 3_{18} (= *augu* X$_{31}$). For *æi* vert ofte (umkr. 100 g) skrive *ei* framfor *g* i *eigi* I 2_{3}, I 3_{12} *eiga* VII 15_{2} *oreigi* VII 13_{16}; ogso elles finn me ein hende gong *ei*, t. d. *þeir* VIII 19_{1} (*þæirre* I 3_{16}) *eið* VIII 18_{6}; um *æ* for *æi* sjaa 16 **g**.

9 b. Stigande tviljodar er *ea* eller *ia*, *io*, *iu*, t. d. *sealldan* Pr.$_{49}$ *giallde* IV 20_{2} *huæria* IV 19_{7} *bearens* I 2_{2} *freals* III 11_{8} *lea* III 13_{19} *sea* (ɔ: *siá* v.) Pr.$_{3}$ ofl. *prear* apf IV 7_{3} *hia* II 7_{8} *briota* IV 16_{3} *bryggium* IV 19_{14} *riufa* VI 13_{12}; triljod i *seaunda* V 7_{73}. Som dømi syner vert *ea* ofte bruka for *ia* i ljodsterk staving i denne handskrifti.

Konsonantisk *u* vert helst skriven *u* etter *h, k, q* og *þ*, men *v* etter *s* og *t*: *huar* II 2_{6} *hue* VII 14_{7} *hui* Pr.$_{17}$ *kuærnar* VI 8_{33} *kuænna* Pr.$_{31}$ *quæðiu* Pr.$_{3}$ *þui* Pr.$_{10}$ *sva* Pr.$_{8}$ *sværia* I 1_{10} *tvæggia* I 5_{4}.

10. Ljodsamhøve i endingar er i det heile gjenomført etter dei vanlege reglar, men der er ikkje so faa undantak, mest med endingar *i* og *u* for *e* og *o*. Soleis hev handskrifti:

a. *e* i staden for *i* i desse høve:

etter *ę*: *brenne* 3 spk VI 10_{10} *brenner* 3 sp X$_{30}$ *fenget* III 17_{4} (5 g; *fengin* V 2_{7}) *genget* VII 12_{3} (2 g; *-it* IV 13_{12} ofl.) *hæfðe* 3 sik VI 7_{12} (*hefði* IV 22_{19}) *hende* dsg VI 9_{9} (3 g; men yver 13 g *hendi*, t. d. IV 12_{20}) *huærre* pr. dsf. III 6_{5} (*-i* III 6_{10} VI 3_{39} ofl.) *kender* IV 3_{29} (2 g; *-ir* IV 9_{8} aalm.) *kennem* Pr.$_{14}$ *lester* pl. VI 17_{30} *sender* Pr.$_{1}$ *svære* 3 ppk II 10_{16} (*-i* III 4_{23}, 11 g); merk dei mange høve med nasal etter *e*;

etter *i*: *retvise* II 2_{11} (*-i* IV 18_{22}).

etter *u*: *konunge* IV 3_{3} gale uppløyst for *kononge*, uppt. 45 g (hdsk. hev berre *ꝁge*); *lute* apl VI 8_{33} (*-i* VII 28_{15}).

etter *ei*: *þæirre, þeirre* I 3_{16} III 2_{9} (6 g; *-i* V 7_{33})

etter *øy*: *døydder* npm IV 3_{31}.

b. *i* i staden for *e* i desse høvi:

etter *a*: *-aði*, endingi i 3 si IV 2_{3} II 10_{7} V 8_{4} X$_{11}$ (*-aðe* IV 12_{5} ofl.) *aldin* n. VIII 14_{2} *alldri* adv. I 4_{4} (4 g) *allnir* V 8_{3} (*-er* II 10_{13}) *arangri* III 1_{12} *arfi, arri* (s. m. & dsg av *arfr*) V 1_{10} V 4_{6} (25 g; *-e* V 7_{43}, 5 g) *barni* X$_{41}$ *bragði* dsg VIII 1_{12} *husfastir* VII 25_{12} *frealsir* VI 3_{22} (*-er* VII 6_{2}) *garði* VI 3_{6} (3 g; *-e* VI 3_{40} ofl.) *-giafir* V 12_{1} (*-er* V 22_{1}) *gialldi* 3 spk III 8_{1} (15 g; *-e* III 17_{3}, 37 g; *giællde* III 8_{11}, 3 g) *hafði* 3 si VIII 4_{6} (*-e* V 1_{15}) *hafðir* p. VII 6_{8} (2 g) *halldi* VI 5_{7} (*-e* VII 6_{12}, 2 g) *halldin* V 14_{9} (*-en* VI 3_{25}, 2 g) *halldizt* VI 15_{9} (*-ezt* VII 9_{11}) *huargi* av. V 19_{12} *iamnaði* VI 3_{40} *iamnizt* V 7_{30} *iarðir* Pr.$_{38}$ (5 g; *iarðer* II 6_{7}, 6 g) *kaupangi* III 7_{2} (9 g) *kvaddi* VII 12_{18} *lagði* VII 12_{18} *læiðangri* III 6_{2} (3 g) *margir* I 4_{18} (3 g; *-er* Pr.$_{13}$, 3 g) *sealfir* VIII 19_{3} *skaði* III 4_{29} (3 g; *-e* VI 11_{5}, 2 g) *uskaddri* X$_{4}$ (2 g) *skafti, -skapti* IV 22_{2} (3 g, *-e* VII 6_{7}) *skynsamir* III 2_{3} (10 g; *-er* IV 4_{4}, 6 g) *starfi* III 9_{4} (2 g) *-taki* ds. VII 6_{6} (4 g) *-taki* s. m. VI 17_{10} (*take* 3 spk VII 7_{8}, 4 g) *tal(l)dir* II 4_{9} (2 g; *-er* II 4_{16}, 4 g uppt.) *tamdir* VII 6_{9} *þiofnaði* VI 3_{2} *umaghi* V 14_{11} (*-e* V 14_{14} ofl.) *vani* 3 sp VII 28_{23} *vatni* VI 12_{7}.

etter *á*: *blasi* 3 spk VII 13_{18} *huarki* II 2_{13} (6 g; *-e* II 4_{18}, 19 g; *hnarkes* IV 13_{7}) *mali* V 13_{1} (2 g) *umraði* ds. II 5_{15} *upsatir* VI 8_{34}.

etter *e*: *-berghi* ds. III 9_{8}; *drepit* VIII 5_{9} (*drepen* IV 4_{2}) *fengi* IV 14_{17} (2 g) *getin* p. II 4_{12} (13 g; *-en* II 4_{10}, 45 g) *huærfi* 3 ppk V

14_{25} *kuerti* VI 9_{11} (høyrer kanskje ikkje hit: ght. *kar*:) *legit* p. IV 26_{4} (*-et* IV 29_{4} ofl.) *rekin* p. nsm IV 28_{2} *reknir* IV 27_{3} *sægli*, *segli* III 15_{3} III 15_{5} *haseti* III 14_{13} *slimusettri* IV 27_{2} *regin* dpl VI 8_{29} *reginna* p. gpl VII 22_{3} *regi* 3 spk IV 3_{1} (2 g; *-e* IV 1_{4}) *andregi* V 12_{3} *triregis* IV 11_{4} *værði* s. n. VII 9_{4} *værði* 3 spk Pr.$_{21}$ (9 g) *værðir* adj. nplm II 10_{20} (2 g) *vættri* ds. I 5_{6}.

etter *é*: *leði* 3 si (af *ljá*) VII 20_{2} *-retti* s. n. V 2_{9} (2 g; *-e* IV 23_{17} ofl.) *rettir* adj. npm II 10_{8} (*retter* adj. og s. m. npl, t. d. II 7_{5}); *-rettis* IV 23_{20} (3 g; *-es* IV 27_{3}).

etter *o*: *bioði* 3 spk VII 6_{5} (*-e* VII 13_{19}, 2 g) *forboði* VI 18_{3} (-) *bondi* VII 24_{9} (4 g; oftare *-e*, t. d. VII 24_{8}) *bornir* p. II 3_{6} (2 g; *-er* II 10_{13} ofl.) *botni* ds. VI 3_{8} *broðir* II 4_{8} (8 g; oftare *broðer*, t. d. V 7_{43}) *domi* ds. I 5_{5} (2 g; *-e* IV 2_{15}, 28 g uppt.) *hordomi* V 7_{71} *fiorðongi* I 1_{7} (2 g; *-e* I 3_{4}, 2 g) *foli* VIII 4_{4} *folki* II 7_{4} *golldin* V 14_{22} *golldit* V 14_{5} (2 g; *-et* VII 12_{12}) *horrir* 3 sp IV 19_{14} *komi* VIII 7_{3} (*-e* VIII 15_{4}) *komizt* p. Pr.$_{40}$ (*-ezt* Pr.$_{37}$) *k(onon)gi* IV 20_{1} (*-e* II 10_{5} yver 40 g) *lokit* p. I 5_{2} *moðir* V 7_{18} (4 g; *-er* oftast, t. d. V 7_{38}) *moti* s. n. ds. IV 17_{9} (2 g; oftare *-e*, t. d. VI 1_{9}) *odli* V 8_{4} (*-e* V 8_{5}) *legorði* V 5_{16} *skilorði* III 1_{7} (15 g; *e-* VII 17_{3}) *ottizt* II 4_{23} *rofin* p. IV 13_{12} *stolin* VII 7_{2} (5 g) *stolit* VI 13_{9} (8 g; *-et* VIII 2_{1}, 4 g) *piofi* ds. VIII 5_{1} (2 g) *pottizst* VII 24_{15} *rolldit* p. Pr.$_{48}$.

etter *æ*: *bræði* s. f. IV 18_{24} *bræði* 3 spk VI 10_{10} *gaumgiæfi* X$_{52}$ *hæðir* s. f. pl. IV 14_{10} (-) *klæði* VI 8_{13} (*-e* VI 8_{14}, 5 g) *ukvæðis* gsg IV 23_{16} *uriðrkremilekt* IV 16_{1} V 24_{7} *læghi* s. n. VI 15_{6} (*-e* VI 15_{4}) *utlægir* III 4_{22} (3 g) *utlægi* IV 2_{8} X$_{41}$; *eftirleti* X$_{3}$ *-mæli* IV 23_{19} *mælir* s. m. VII 28_{13} (2 g) *-mælis* IV 25_{7} (*mæles* gsg VII 28_{13}) *mælir* 3 sp VIII 5_{8} *næstir* V 7_{29} *nestir* VIII 16_{3} (*nester* V 15_{3}, 3 g) *forræði* V 2_{16} (2 g; *-e* V 2_{14}) *iamræði* n. V 2_{4} (3 g) *vandræði* V 24_{8} IV 27_{5} *rænir* 3 sp VIII 5_{1} *stræti* III 8_{5} (8 g; *-e* IV 10_{1}) *strætis* VI 5_{7} (3 g; *-es* VI 4_{11}, 5 g) *ofsvæsi* VII 25_{6} *varðsætir* adj. npm III 4_{10} *sættizt* 3 sp IV 22_{15} (*-ez* IV 26_{4}) *apættisorð* VII 26_{7} *aveni* s. n. II 4_{20} *venizt* 3 sp VIII 7_{1} *æfi* V 8_{13} (*-e* X$_{48}$) *æsti* 3 spk VI 17_{25} (4 g) *æsti* 3 si VII 25_{12} *æstir* 3 sp VII 24_{1} (3 g).

etter *ø* (*ǿ*): *dømi* s. n. & v. 3 ppk I 4_{13} (5 g; *-e* IV 3_{51}, 3 g) *dømit* Pr.$_{8}$ *dømizt* VII 17_{6} (3 g) *dømdi* I 6_{12} *domdizt* I 5_{10} *umdømis* II 5_{13} *fafrøðis* gsg V 18_{1} *føri* 3 spk VI 4_{7} (2 g; *-e* VI 4_{13}, 6 g uppt.) *førði* 3 si VII 25_{8} (2 g) *føddizt* II 1_{3} *høuir* 3 sp II 5_{9} *sammøðri* V 7_{77} (2 g) *røgir* 3 sp IV 24_{2} (*-er* III 9_{13}) *røgði* IV 24_{3} *afrøkiz* 3 sp IV 21_{6} (3 g) *støri* VI 17_{34} *søkir* III 2_{1} (2 g; *-er* III 11_{11}, 4 g) *søki* 3 spk III 10_{11} (elles *-e*, t. d. III 10_{12}) *tøki* 3 sik Pr.$_{49}$ *-tøkir* npm III 12_{6} *tømizt* IV

5_{6} (2 g) *ødi* IV 9_{12} (*-e* IV 9_{4}) *øxi* asg III 12_{15} (3 g). Merkande er *lepi* 3 sik (av *laupa*) VII 13_{5} for *løpi*.

Merkn. 10. Etter *o* stend *i*: *hofði* IV 3_{19} (2 g) *hogguin* IV 8_{1} *stopli* dsg VI 3_{25}.

c. *o* stend i staden for *u* i desse høvi:

etter *a*: *halfo* VI 1_{3} (2 g; *halfu* I 5_{11} ofl.) *varðzlo* VII 25_{14}. Um *plato mæistarar* sjaa ovenfor i **1 a**; um endingi i tri-stavingsformer sjaa under **1 b** ovanfor.

etter *e*: *ærfðom* V 2_{8} (*-um* V 3_{6}) *atfærðom* IV 21_{5} *huerio* VII 9_{9} (2 g; *u* aalm. t. d. VII 19_{8}) *kuælldom* VI 3_{32} *nefndom* IV 23_{7} (*-um* IV 23_{16} ofl.) *sendom* Pr.$_{15}$.

etter *i*: *diskom* VI 9_{12} *hæimilo* VII 6_{4} *imiso* II 6_{14} *kirkio* II 10_{21} (*-u* IV 11_{5}) *sino* X_{21} (2 g: *-u* X_{23} ofl.) *slikom* IV 20_{19} (*-um* Pr.$_{15}$) *sunnifo* X_{60} *prinningo* X_{59} (*prenningu* II 4_{1}) (-)*virðingo* IV 21_{9} (3 g; *-u* IV 21_{16}).

etter *u* stend aldri *o*.

etter *y*: *bryggior* VI 3_{6} (oftare *-ur*, t. d. VI 4_{3}) *dryckior* V 24_{4} *fylgio* V 1_{14} (*-u* aalm. t. d. V 1_{16}) *myckl0* VIII 6_{12} (*-u* VI 2_{17}).

etter *o*: *gorðom* dpl III 6_{3} (*-um* VI 10_{9} ofl.) *gorfo* III 2_{14} *hondom* II 3_{9} (*-um* VII 12_{1}) (*viðr*)*toko* asg VIII 6_{4} (*-u* VIII 7_{6}).

etter *æ* i: *hæimoll* V 3_{14} (4 g; *hæimulir* II 5_{9}).

d. *u* stend i staden for det regelrette *o* i desse høve:

etter *á*: *attu* 3 pi III 16_{11} (*-o* II 6_{14}, 4 g) *baðum* V 13_{2} (2 g; *-om* VI 8_{29}) *haðungar* IV 25_{1} *iamhafum* VI 4_{8} *hattum* dpl IV 18_{27} *huarum* III 18_{6} (*-om* IV 13_{9} ofl.) *huaru* dsn. V 5_{9} *akramur* IV 17_{2} *malum* dpl VI 6_{3} (2 g; *-om* VI 3_{29}) *matu* 3 pi II 3_{6} *raðunøyti* X_{4} *salur* VI 2_{7} *randum* adj. dpl II 2_{4} *vapnum* III 3_{3} (5 g) *varu* 3 pi IV 13_{18} (*-o* aalm. t. d. I 4_{19}) *varum* pron. Pr.$_{50}$ (3 g; *-om* I 4_{19} ofl.) *rattum* VI 13_{3} (5 g; *-om* VII 6_{5} ofl.).

etter *e*: *nefum* dp. IV 22_{2} *isetu* V 17_{5} *utisetur* IV 3_{33} *spellum* II 4_{18} (4 g) *trænum* IV 19_{15}.

andverðu Pr.$_{19}$ (2 g) *andværðu* VII 3_{8} (men *uttanværðo* VII 26_{7}) *verðum* VII 6_{1} *værkum*, *verkum* IV 14_{13} VI 1_{3} (4 g) *vættrum* III 6_{9} (4 g);

etter *é*: *logrettu* Pr.$_{20}$ (19 g) *rettum* II 3_{4} (*-om* V 6_{6} (7 g), *retto* dsn II 3_{16}).

etter *o* (*ó*): *utboðum* III 6_{8} *bondum* II 5_{7} *abotum* Pr.$_{2}$ (2 g) *umbotum* Pr.$_{43}$ (3 g; *-om* IV 9_{2}, 2 g) *broður* II 4_{12} (20 g; *-or* V 3_{18}, 2 g) *domum* II 10_{21} (3 g; *-om* VI 17_{11}) *dottur* II 4_{25} (11 g; *-or* IV 3_{24}) *ærtogum* IV 7_{4} (*-om*, aalm. t. d. IV 20_{10}) *fiorum* IV 18_{27} *fiorðung*(*r*) IV 14_{6}(7 g; *-ong*(*r*)

I 1_7 (4 g uppt.)) *goðum* II 8_6 (2 g; *-om* IV 18_{32}) *hollostu* II 6_{16} (2 g; *-o* II 6_{11}) *k(onon)gum* II 3_4 (hdsk. hev etter Keysers avskr. i Univ.bibl. *kgum*) *konur* IV 3_{36} (8 g: *-or* IV 3_{37}, 8 g) *moður* II 4_{20} (11 g; *-or* IV 3_{23}, 7 g) *morgun* VI 6_2 (4 g; *morgon* VII 12_{12}, 4 g) *nokur*, *nockur* nsm VII 13_{14} IV 17_2 (*nokor* aalm. VII 22_2) *nokorum* IV 12_{36} (2 g) *soknum* Pr $_{37}$ (2 g) *sottum* P.$_{35}$ *-stiorum* II 5_3 *-stofu* VI 2_2 *stofur* VI 10_1 *storum* dpl IV 17_{13} (*-om* V 23_3) *þiofum* II 5_8 *þionostu* II 2_8 (2 g: *-o* II 6_{14}) *þoku* II 3_2 *þriozsku* II 2_{16}.

etter *æ*: *giæzlu* II 5_7 (2 g; *-o* VIII 14_2) *kvensku* IV 3_{53} *ulærðu* II 5_{16} (*-o* II 5_{12}) *mægðum* IV 17_6 (2 g; *-om* VII 3_5 ofl.) *ræzlu* IV 18_{27}.

etter *ø*: *brøðrum* II 4_{31} (2 g; *-om* V 7_{12}) *brøðrung-* V 7_{81} (3 g) *umdømum* Pr.$_{42}$ (-) *førslu*, *-um* VII 16_{10} 25_6 (3 g) *sammøddum* V 7_{74} (7 g) *sømdum* dpl IV 22_{14} *meinsørum* dpl VIII 16_6.

Merkn. 11. Endingi er oftast *e* i ord paa *-ende* som *likende* IV 3_{52} *sannende* IV 18_{20} (*-i* IV 18_{21} og i *vlutuendi* IV 27_5); i dat. pl. endar dei paa *-um*: *lunnendum* II 10_7 *rangendum* IV 18_{23} *sannendum* (2 g); (*ærendom* I 3_{22} *rettendom* II 3_5). — Adjektiv paa *-legr* hev *i* og *o*, t. d. *virðulegi* IV 2_2 *naturulegho* IV 18_{36}; i dat. plur. svagar desse adjektivi millom *-om* og *-um*: *prettilegom* X_9 *loglegum* X_{24}.

Merkn. 12. I ord med *e* i stomnen av eldre *ei* er endingi *i* og *u*; t. d. *engi* VIII 1_1 *manhælgi* VII 26_1 *hælgi* II 7_4 *engu* VIII 15_4 ofl. *flæstum* I 4_{10} *mestu* III 11_{10} *hellghu* I 1_2 ofl. Undantak: *engo* VII 27_3.

Merkn. 13. Alltid *gere* 3 spk II 6_{11} (14 g) *gerer* III 3_{11} (28 g), men *gerði* 3 si IV 14_9 (9 g; *gerðe* III 5_4, 4 g. *gerðizt* 3 si V 5_{14}; *gerom* III 3_{20} (3 g) *gerðo* II 1_{16} (5 g; *gerðuzt* Pr.$_{16}$) — *megi* 3 spk I 4_{20} (4 g; *-e* II 2_{15}, 12 g); *meg(h)o* II 6_5 (10 g); — *henne* dsg V 2_{16} ofl. — *þessi* Pr.$_{18}$ (9 g; *-e* IV 14_3, 4 g) *þessir* VI 3_4 (*-er* II 2_4 VIII 8_9), svagar millom *o* og *u*: *þesso* II 4_{22} (4 g; *-u* II 7_2, 3 g) *þessor* IV 14_8 (3 g) *þessom* IV 11_7 (2 g; *-um* I 1_{11}, 2 g).

Merkn. 14. Tristavingsformer svagar millom *-o* og *-u*, men hev oftast *-o* og *-um*; sjaa ovanfor 1, b.

Merkn. 15. Um avleidningsendingar er aa merka:

a. Handskrifti hev subst. paa *-end*, *-endi*, *-ing*, *-ingi* utan umsyn til vokalen i stavingi fyre: *uitend* VIII 8_8 *uankunnend* Pr.$_{48}$ *likende* IV 3_{52} *skillningar* II 1_{10} *ræfsing* IV 3_{54} ofl. *morðinghi* IV 12_{15} ofl.

b. Adjektiv paa *-legr* og adverb paa *-lega*, t. d. *kristilega* asf Pr.$_{23}$ *loglegh* I 2_5 *andlegra* gpl II 2_6 *iðulega* Pr.$_{4\cdot 10}$ *æinkanlega* Pr.$_8$ *auðsyni-lega* II 2_9 *løynilega* II 8_3.

c. Vokalen i den etterhengde artikel rettar seg etter vokalen i fyre-vegen, t. d. *rætren* VII 22_4 *salena* (sjæli) IV 18_{36} *landeno* Pr.$_5$ *hæimin* II 1_{15} *huðina* VIII $1_{7\cdot 8}$ *husit* VI 7_{10} 13_9. Undantak:

e for *i*: *morgunen* as VI 6_3 *orskurðren* IV 18_8; *sæktena* III 8_7 *sæk-tenni* III 14_{14}; *knældet* VI 17_{29}; *logen* VII 6_{15} (*-in* IV 17_{11}).

i for *e*: *gardinum* VI 18_4 *k(onon)gdominum* IV 20_{23} *þiofin* VIII 4_5; *bokin* II 4_{39} (2 g) *bokina* X_{46} (*-ena* $Pr._{19}$) *bokinni* $Pr._{21}$ (3 g; *-enne* $Pr._{18}$ III 15_4); *barnit* II 4_{21} *fearins* VII 12_{18} *folkit* II 3_1 *folkinu* II 2_{12} (4 g) *maltið* VI 14_9.

o for *u*: *hofðingionom* II 2_{15} (*-unum* $Pr._{27}$).

u for *o*: *bonum* VII $24_{8 \cdot 9}$ *mannenum* IV 6_2 (*-enom* IV 6_2); *konunnar* gsg IV 29_2 (3 g).

Merkn. 16. Oftast *sik*, t. d. I 5_{18} (*sek* II 7_1, 18 g).

11. Adjektivartikelen er *hin*, *hin*, *hit*, t. d. $Pr._{26}$ I 1_2.

12. *þ* og *ð* vert bruka paa vanleg maate, *ð* etter vokalar, *f*, *g* og *r*; etter *l* stend *d*, soleis *talldir*, *talder* fleire stader, t. d. II $4_{8 \cdot 16}$.

Merkn. 17. 2 pers. pron. i plur. heiter *þer*, t. d. $Pr._4$.

13. *fn* er det vanlege i ord som *hæfndir* IV 18_{16} *hæfndin* IV 21_7 ofl. *hofn* III 6_2 *lifnar* IV 15_9 *nafne* II 4_1 ofl. *næfna*, *nefndir* I 2_3 I 1_5 ofl. (*nemfna* I 1_9) *ofn* VI 9_3 *sofna* III 4_{17} ofl. *stafna* III 2_{10} *stæfna* III 4_4. Undantak *iamnan* I 1_3 *iamnaði* dsg VI 3_{40} *iamfnaðe* III 6_{11}; *helminng(a)* III 8_{10} (3 g; *helmninga* V 3_{10} *hælningi* I 4_5, 4 g).

14. Den gutturale spirant vert ofte skriven *gh*, ogso etter *l*, *n* og *r*, t. d. *dæghi* I 3_{19} *loglegh* I 2_5 *hellghu* I 1_2 *refsingh* $Pr._{40}$ *torghe* VI 8_{32}.

15. Handskrifti hev *ft* i ord som *aftans* VII 16_8 *aftr* II 10_{21} *æftir* $Pr._{15}$ (*eftir* II 7_7 ofl.) *hoftum* dpl IV 9_8 *hæfta* III 14_4 *krafte* II 1_3 *lofthus* VI 8_{10} *skæftra* III 11_3 *tuftir* VI 5_3 *þofto* III 11_1.

Alltid *ællifta* II 4_{32} *gifta* V 2_{10} *haft* part. III 13_5 *tolfta* II 4_{35}; oftast ogso *køyfti*, t. d. VII 5_4 (*køypti* III 17_3 VI 16_8).

I sume ord er svaging millum *ft* og *pt*: *hæipt* IV 17_{12} ofl. *hæiptugri* IV 20_5 (*hæift* IV 18_{29} ofl.) *lerept* VI 16_4 (*-eft* VI 8_{13} ofl.) *opt* II 3_6 (*oft* IV 17_{12} ofl.) *skapti* IV 14_5 (*skafti* IV 22_2 ofl.), *skipta*, *skipt* III 4_{12} ofl. (*-ft* V 14_1 V 1_{14}), *skriptum* IV 17_{13}.

Merkn. 18. Handskrifti hev *fs* i ord som *refsa*, t. t. $Pr._{29}$.

16. Former av ymist slag:

a. Fyrrnordisk ljodskifte *e—i*. Av ord med *e* er merkande: *brennr* III 4_{17} *renna* v. VI 3_{19} *evazt* v. III 4_{19} *tvænt* II 4_{21} (IV 19_{15}); med *i*: *þrimr* III 4_{18} ofl. *e* og *i* skifter i *þrenningu* II 4_1 og *þrinningu* X_{59}, *uiganda* part. IV 12_{17} ofl. og *veganda* IV 13_8, *vegen* part. IV 12_{36} ofl. *reget* part. ofl. IV 12_{12} *hins rigna* IV 12_7 *hins regna* IV 12_{13} (jfr. *viga* i G, § 30, 16a). I Hird. (med same hand) *snimma* kap. 25_{20}.

b. Fyrrnordisk ljodskifte *o—u*. Hertil former med *o*: *-konar* VII 28_{14} (ogso *-kyns* VI 8_{29}) *ærtogh* III 8_1 ofl. *hertoghe* II 8_1.

Med *u*: *guð*, t. d. II 1_9 *gull*, t. d. VII 5_{13} *sun* Pr.$_1$ ofl. *opukka* obl. IV 24_5; (jfr. nyn. *utukka* f. Shl. Voss, og *tukkna* m. (for *toknad*) Hard. (Kvam) med fleire dilike ord hjaa Ross). *uxa* obl. III 14_7 (*yxn* VII 6_9). — *rufin* part. VI 12_{14} er venteleg svensk paaverknad (= *rofin* IV 13_{12}); jfr. berg. folkem. *skötten* partic., og *skutten* hjaa Abs. Pedersen.

Med lang *o*: *bœar* VI 3_3 *bonde* II 5_{22}; med lang *u*: *hiuna* V 3_9 ofl. *hiunskap* Pr.$_{32}$.

Av andre ord som skifter med *o* og *u* i norske maalføre hev handskrifti *klocko* I 3_{15}.

Præp. *or* (alltid) og præfiks *or* i: *oreigi* VII 13_{16} *orlendis* IV 9_3

c. Frumnordisk *aiw* hev vorte *io* i *miot*, adj. n. IV 18_{18}; svagar millom *æ* og *io* i *sæ* asg VI 8_{24}, men *sio* asg III 3_{12} *sio* dsg III 3_8; *æ meðan* V 7_{30}.

d. *α*. Handskrifti hev endingi *-endi*: *likende* IV 3_{12} *lunnendum* II 10_7 *rangendum* IV 18_{23} *rettenda* gpl II 2_4 *sannendi* IV 18_{21} ofl. *þarfenda* III 1_6. Undt. *rettyndi* IV 3_8 Pr.$_{24}$ (trøndsk paaverknad).

β. Adjektiv paa *-igr* og *-ugr*: *kunnigir* Pr.$_{13}$ *nauðigh* IV 3_{51} *skylldugir* I 2_9 *vuærðugr* II 7_4.

e. Ljodbrotet er ikkje gjenomført i *spellum* dpl II 4_{18} (4 g); *gellda* (betala) VII 12_{15} kann vera skrivemaate for *giælda* (t. d. VII 13_{11}) av *gialda*, liksom umsnutt *giærð* s. f. VI 5_7 kann vera skrivemaate for *gerð* (III 7_{12}); i *fiermenningar* IV 17_{18} kunde *fier-* vera ljodbrot (for *fiær- fiar*) av *fer-*, som elles er det vanlege ogso her, t. d. *fermenningar* IV 8_4 12_{12}.

f. Vokallengjing.

Framfor *l* + konsonant er det mest likt til at der ikkje hev vore lengjing av vokalen; for dette talar *bolkum* Pr.$_{18}$ og endingarne med *-u* og *um* i ord som *frealsum* IV 12_3 *sealfum* X$_{33}$ (4 g); for *halfu* som er den vanlege form, t. d. I 5_8, finst 2 gonger *halfo* VI 1_3 VII 12_{20}. Dersom stomnvokalen hadde vore lang i desse ordi, vilde visst fleire av deim havt *o* i endingi. Ogso *holf* apn I 6_2 *siolf* IV 29_{16} (2 g) talar for det same.

Merkn. 19. Aksentar vert ikkje bruka; men lang vokal vert stundom skriven tvifelt, t. d. *baat* III 2_{16} *seet* (part. av *siá*) IV 22_7.

g. Vokalstytting.

æ hev vorte stytt til *e* i *henne*, som her er den vanlege form, t. d. V 2_{16}.

Tviljoden *au* hev vorte *o* i *brott*. *æ* stend for *æi* i *græði* V 12_8 *hæðni* IV 3_{34} *mær* II 6_3 (misskr. eller svensk innverknad). *œy* hev

vorte *œ* framfor samansett konsonant i *rœndir* VI 3_{26} (part. av *røyna*). Sjaa elles ovanfor under **9 a**.

h. Ymse vokalhøve.

α. Stutt *œ* hev vorte *e* i *kemr* I 2_6 ofl. for *kœmr* som likevel ogso her er den vanlegaste form, t. d. I 5_4; *ællzslekking* VI 3_{33} (*ellzslœkking* VI 10_5) *slekter* part. nsm VI 10_5.

Lang *œ* hev vorte *e* i labialt umvære i *færa* v. V 17_9 (= *fœra* t. d. V 20_9) *lepi* 3 sik (av *laupa*) VII 13_5 *sammeðr* V 7_{73}; jfr. *bearens* I 2_2.

Merkande er: *smior* VI 16_5 (5 g; *smœrs* III 10_7), *ertogh* og *ærtogh*, t. d. III 8_1. *ærendz lausu* VI 2_1 *œxar* gsg IV 19_6.

β. *i* hev vorte *y* framfor *l* + konsonant: *sylfr*(*s*) I 2_4 ofl. (-*i*- VII 9_3); men *i* held seg framfor *r* + konsonant, t. d. *hirð* II 5_3 ofl. *virða* VII 19_8 *kirkia* II 1_1.

γ. *y* held seg oftast i *þyckia* I 3_5 ofl. (ogso *þickia*, t. d. Pr.$_9$), er vel *i* i *firi*, skr. *f* med *i* yver; oftast *ifir* t. d. II 7_4 *ivir* Pr.$_{26}$ (*yfir* VII 6_{14}) *imis*- II 3_4 ofl. (*ymis* gsn II 2_1; *skulu* hev i imperf. oftast *skuldi* (III 13_5) men ogso *skilldi* Pr.$_6$ VI 9_9; *herbirgi* IV 3_{46}.

Merkn. 20. For *y* steng *iu* i *biugmiols* III 10_{10}, som vel maa vera svensk paaverknad, med di *biug* er ukjent i norske maalføre.

δ. Endings-*a* i komp. neutr. paa -*ara* hev vorte -*e* i: *liosare* Pr.$_{13}$ *uiðare* III 2_7 *sannare* VII 6_{14}; men ogso *a* finst t. d. *sannara* VIII 16_8.

ε. Yvergang fraa *o* (*u*) til *e* i ljodlinn staving er der ikkje merke etter.

ζ. Etter *œ* er innskoten *y* i staving etterfylgd av ending som inneheld *i* i *œyxi* asg (øks) VII 6_7 (*œksar* gsg IV 19_6).

i. Konsonantyvergang.

α. *ðl* > *ll*: *brullaupum* IV 19_3 (jfr. *mullaugu* Hird. 47_{14}) *skrilliosom* VI 9_7.

ðn > *nn*: *Sunnes* VII 26_6.

rl > *ll*: *kallar* III 8_4 (*karlmen* II 6_2).

β. *lr*, *nr* etter lang vokal hev vorte *l*(*l*), *nn*: *þræll* ns. III 3_{13} *hæil* adj. nsm II 6_{12} *sælle* adj. komp. IV 18_{18} *svæin* nsg III 8_8 *þion* nsg III 1_5 *skamsynnar* adj. gsf II 2_{16}.

γ. Klanglaus konsonant hev vorte klangfør i *skiælldili* VI 8_9 for *skialdþili*; denne yvergangen er truleg berre for auga, jfr. *skjeldtile* Hard. Sogn, *skjentile* Voss.

δ. *t* hev vorte *ð* i endingi -*it*, naar stomnen endar paa *t*, t. d. *maltið* s. n. VI 14_9 *uitið* s. n. III 11_7 *uitið* 2 pp (av vita) Pr.$_4$ *getið* part. Pr.$_4$ *slitið* part. VIII 15_4 (i Hird. 50_5 ogso *iattað*, men her i Bylogi *iattat* II 3_{13}).

ð vert i utljod skrive *t* i *handzsalat* npn VII 4_1.

r > *m* i *helmingr* for *helfingr*, sjaa ovanfor i **13**. *mit* 1 pers. pron. dual. IV 23_5 (= *vit* IV 23_5).

j. Konsonantburtfall.

α. Umfram det vanlege burtfall av *g* framfor *l* og *n* (*likt* I 5_{17} *noghar* IV 18_5), av *h* framfor *l*, *n* og *r*, og av *v* framfor *r*, *u* og *o*, er merkande:

h hev falle burt i *þusundrat* X_{54}.

l hev falle burt framfor *f* i *hava* (for *halfa*) VI 7_4 VI 15_8 *seafsætt* IV 19_4; dette slag burtfall er no ukjent i denne landsluten, men etter sume merke aa døma hev det i gamle dagar vore meir utbreidt enn no.

Merkn. 21. Ved jamlaging etter andre former hev *v* kome innatt i *volldit* part. $Pr._{48}$ *vorðit* V 24_8 (for *orðit*).

β. Konsonant millom konsonantar er burtfallen i *giælkyri*, *gialkyri*, t. d. I 1_6 III 10_{13}, *verallect* II 2_5 (*-ld-* i same lina).

γ. I utljod hev falle burt:

b i *um*, allstad for *umb*.

m i 1 pers. plur. framfor *ver* i *skulu ver* III 1_6; men oftast vert *m* standande, t. d. *Byðium ver*, *þackum ver* $Pr._{47-50}$.

r i nom. sing. av *sun* $Pr._1$ ofl. og elles ofte i nsm av ord med stomn som endar paa *r*, t. d. *huer* I 2_{10} *nokor* I 3_{17}; sameleis i *uið* præp. t. d. $Pr._9$; i *hyl* 3 sp (av *hylia*) IV 20_{15} *skil* 3 sp (av *skilia*) V $1_{5.6}$, som kanskje hev sin grunn i samanfall av formerne for 1ste og 3dje person i præsens (jfr. **17**, *ε* her nedanfor);

i endingi *-ra* i gpl *bæzta* $Pr._6$ (aalment *-ra*, t. d. *slikra* $Pr._{14}$);

i ljodlinn staving etter vokal, *annara* (for *annarrar*) V 7_{78} (jfr. *þessara* gsf Hird. 26_7) *engi* npm II 4_8 (*-ir* V 3_7).

n i *himiriki* II 1_{19}.

Um burtfall av *ð* etter *r* sjaa under **k** her straks nedanfor.

k. Konsonantinnskot.

ð er innskoten etter *r* i *svorðnum* (part. av *sveria*) II 5_{12}. Dette synest visa at avskrivaren hev vore i tvil um kva tid det skulde vera *r* og kva tid det skulde vera *rð*, eller at *ð* i talen hadde byrja falla burt etter *r*; dette finn studnad i Hird. som er skrivi med same hand, og som gjer fleire slike mistak: *varðnaðar* 38_{35} *landvorðnum* 38_{19} og umsnutt *ortak* 38_6 (for *orðtak*). Av anna slag er vel *sirðla* adv. Hird. 25_{15} for *siðla* eller *siðrla* (metathes?), no *sirle* Hard.

n er innskoten i *gengnum* præp. III 12_{12} (= *gegnum* IV 15_8).

r er innskoten i *meðr* $Pr._1$; elles *með*, t. d. $Pr._9$.

l. Konsonantlengd.

α. For stutt konsonant stend stundom lang, soleis vanleg *ll* framfor *d*, t. d. *ælldr* VI 3_{16} ofl. *ællzti* II 4_{27} *giallde* VII 25_{16} *golldet* VII 12_{12} *skulldar* VII 10_3 *tallder* II 4_{34} *valld* II 2_6; *n* vert ikkje lengd i denne stoda, t. d. *land* II 5_{11} *stendr* VII 11_4. Dette synest vitna um palatal uttale av *l*, men ikkje av *n*, framfor *d*. Ogso framfor *g* finn me stundom *ll*: *hellghu* I 1_2, men oftast berre *l*.

Ogso elles vert konsonantar stundom lengde baade etter lang og stutt vokal, t. d. *ioll* VI 3_4 (= *iol* III 7_7) *karlla* VI 7_1. For stutt *t* stend ofte *tt* i *uttan* I 3_{24} (ogso *utan*, men sjeldan) *utt* adv. VII 23_4; fleire døme er: *att* præp. III 6_1 (oftast *at* I 3_{15}), *skips brottom* dpl VII 13_{25} *fott* (ɔ: *fót*) X_{31} *hæittir* 3 sp IV 12_{22} *slimu settri* IV 27_2.

β. For lang konsonant stend ofte stutt. Soleis:

etter lang vokal: *bœt* part. I 4_{14} *hat* adj. n. (ɔ: *hátt*) VI 4_4 *miot* adj. n. IV 18_{18} *not* s. f. III 4_6;

etter stutt vokal: *annara* gpl Pr.$_{34}$ ofl. *dryk* I 3_{19} *dyr* f. (dør) III 4_4 *flut* part. I 2_7 *gamal* nsm V 20_2 *got* adj. n. (av *góðr*) II 1_{18} *hin* nsm II 4_{27} (alltid), *leg* 1 sp (av *leggia*) II 8_2 *man* IV 4_3 (*mann* 9_9) *men* (pl. av *maðr*) alltid, t. d. I 2_8 *ros* s. n. (øyk) VII 20_1 *skom* f. IV 12_{33} *tryglega* II 8_4 *up* II 1_6 ofl. (ofte).

Merkn. 22. *oss* pron. vert oftast skrive soleis, men ogso *os* X 60.

m. Ymse konsonanthøve.

k-ljoden vert alltid skriven *k*; for lang *k* vert skrive *ck* og *kk*: *backa stokka* III 2_9 *klocko* I 3_{15}. Framfor *æ* (stutt og lang) vert ikkje sjeldan skrive *ki* (og *gi*), t. d. *kiændr* part. IV 12_{37} *kiæra* I 3_{25} *giælldr* 3 sp VII 12_{14} *giæta* I 4_8, men oftast berre *k*.

Upphavleg *v* vert skriven *u* eller *v*: *Uer* pron. II 1_9 = *ver* II 1_{10} *uit* s. n. V 19_9 *vinnr* 3 sp IV 29_7. Merk: *Biorgwin* Pr.$_3$ ofl. *-vinar* IV 15_1 *-uin* X_{46}.

Upphavleg bilabial spirant vert skriven *u*, *v* eller *f*, i utljod alltid *f*, t. d. *hæuir* 3 sp (av *hava*) I 1_{12} = *hævir* II 2_5, *ivir* præp. II 1_{17} = *ifir* II 2_7 *hafa* II 1_2 = *hava* II 2_7 *Olafs* I 1_2 *lif* IV 17_2.

z = *s*: *mannz* VI 13_5 *ryskiazt* IV 22_1 *varðhalldz* VI 3_5 *vorðzlu* VI 10_{13}; = *ts*: *moz* III 4_2; = *ds*: *utlenzkr* III 4_{11}; = *st*: *kaupaz* VII 9_1. *z* er yverlaups i: *huinzsku* VI 3_2 (jfr. ogso *nauðz syniar* VI 10_7 *handzsalat* VII 4_1 ofl.

Merkn. 23. I *mozc* VII 12_{16} 16_1 *Pilazc* II 1_4 *skycz* IV 14_5 synest *c* vera misskriven for *t* (etter ei handskrift, der *c* og *t* hev vore skrive mykje sameleis).

17. Nokre ordformer.

α. Substantiv. *sauðar* gsg III 8_{9} *læknes* gsg IV 9_{10} *baðom vegin* dpl III 18_{6} VI 8_{29} *veitr* f. npl VI 4_{3} *ævar* gsg II 10_{17} (yvergang til sterk bøygning); yvergang fraa sterk til linn bøygning syner *ræiðir*, m. (III 1_{10}) *ræiða* obl. III 2_{16}, *ænda* obl. Pr.$_{51}$. Av gen. plur. er merkande: *bryggna* VI 4_{11} *kistna* VI 8_{21} *næpna* VIII 14_{1}, *ræiðna* III 6_{12}, *fylkna* III 6_{12} (av *fylki* n.). — Merk: *a Frostaþingi* II 3_{12}.

β. Adjektiv. *bæzta* gpl Pr.$_{6}$ (= *bæztra* III 1_{12}). Komparativ paa *-ara* og *-are* i neutrum (sjaa ovanfor under **16 h** *δ*.

γ. Pronomen. Pers. pron. *ver* pl. II 1_{10} ofl. *nit* dual. IV 23_{5} *mit* IV 23_{5}.

Av *þessi* er merkande: *þessor* apn IV 14_{8} (= *þessi* I 4_{3} ofl.) *þesse* dsf X$_{51}$ (= *þessare* IV 15_{8}); *þuisa* dsn Pr.$_{27}$ (3 g; oftast *þesso*, t. d. II 4_{22}); *þæima* dsm og dpl I 3_{6} (7 g) *þessa* gpl II 2_{14} III 12_{8} (*þessara* II 4_{38}).

en rel. pron. IV 17_{17} (2 g).

Av *engi* er merkande: *engin* nsm IV 23_{10} (*engi* I 1_{15}) *engi* npm II 4_{8} (*-ir* V 3_{7}); *engi* f. og npl IV 14_{4} 18_{6} *engare* dsf V 24_{7} *engaru* gpl Pr.$_{34}$.

I *nokor* vert formerne ikkje samandregne, um endingi byrjar med vokal: *nokorar* Pr.$_{33}$.

I *æin huer* (ell. *huær*) I 4_{3} vert baae ord bøygde: *æins huærs* gsm IV 11_{8} *æinu hueru* IV 3_{21}.

δ. Talord. *tuæim* dpl II 2_{2} *þrimr* IV 22_{12} (3 g); *seautigir* X$_{54}$.

ε. Verb. Notidformer: *ek em* II 7_{4} *lygr* 1 sp II 8_{9} 9_{6} 10_{11}, som syner saman med *hyl* 3 sp IV 20_{5} *skil* 3 sp V $1_{5\cdot6}$ at formerne i præs. sing. held paa aa falla saman. Elles er dei regelrette former dei vanlege. — Merkande er ogso: *brægðr* 3 sp IV 15_{2} *helpr* 3 sp VIII 1_{2} *truir* 3 sp II 1_{10}. Um *takr* (= *tækr*) sjaa merkn. 8. 2 pp endar paa *-t* (*ð*): *skulit* Pr.$_{7}$ *trøystit* Pr.$_{8}$ *varkynnit* Pr.$_{47}$.

Ubøygt præs. part. er *griplande* dpl II 3_{9}.

Refleksive verb endar oftast paa *-zt*, t. d. *finnazt* I 1_{6}, ogso (*-zst*) *-st*: *skerst* I 4_{10}, sjeldan *-s*, *-z*, *-zc*, *-sc*, t. d. *skils* V 5_{1} *slæz* I 3_{17} *iðrazc* II 1_{16} *lizc* VI 9_{4} *berasc* II 5_{1} (*-zt* og *-st* misskrive eller mislese for *-zt*, *-st*? jfr. ovanfor um *z*, merkn. 23).

ζ. Adverb. *ellar* (elles) VII 19_{11}; *elligar* II 5_{10}; *varla* IV 18_{26}.

η. Præpositionar. *millum* Pr.$_{28}$ ofl. *a meðal* III 7_{2}.

ϑ. Konjunktionar. *ella* (eller) VII 25_{2} = *ellar* V 20_{9}; *fyr er* (ɔ: fyrr en) Pr.$_{19}$.

§ 41. Handskrifti minner i mangt um G og maa, mest paa grunn av ljodsamhøvet og *u*-ljodbrigdet av *a*, reknast til nordvestlandsk. Likevel er der so mange undantak fraa det vanlege nordvestlandske og tilnærring til hordske maal, at boki skapar ein yvergang til sudvestlandsk maalføre.

XI. Fragment av Henrik Harpestrengs lækjebok (Harp.).

Grunnlag: upphavsskrifti (2 blad) Am. 696 4to I. Sjaa Gamalnorsk fragment av Henrik Harpestreng, Vid. selsk. Kristiania 1906.

§ 42. I desse fragmenti finn me:

1 a. *u*-ljodbrigdet av *a* ogso framfor halden *u* er gjenomført og vert oftaste skrive *o*: *blodru* 1_9 ofl. *hofud* 2_{14} 4_{29} *nosum* 1_{11} *ollu* 1_5; 1 gong vert skrive *au*: *daunsku* 3_{32}.

Merkn. 1. Av *munu* og *skulu* hev hdskr. berre *man* 3_{33} 3 sp og *skal*, t. d. 4_7.

b. Substantiv f. paa *-an*: *prutnan* 2_{26}. — Av particip paa *-aðr* (*stappadr* 2_{15}) i nsf og npl er der berre eit par døme: *stoppud* nsf 1_{12} (*-ut* 1_1, 4 g) (*purk*)*ad* npn 1_{21}.

2. *u*-ljodbrigde av *á* i *nott* 1_{28}.

Merkn. 2. Av ordformer som *u*- og *v*-ljodbrigdet ofte hev innverknad paa, er merkande: *hon* pron. 1_1 ofl. *-gerer* 2_{12} ofl. *gærer* 1_3 1_{25} *giorer* 2_2 (her danisme?). — *mikla* asf 3_7 *mikilli* dsf 3_{25}. — *millum* 3_{26} (2 g). — *þyckua* asf 4_9.

Merkn. 3 Etterljodbrigde ved *u*- i *synsistr* 1_{15} ofl. (svine-istra) av *suínsístr* > *suinsístr* > *synsistr*, skrive *synnsistr* 2_{19}. Dette synest vera eit godt døme paa at *ui* kann verta *y*, um det ikkje kjem *u* i næste staving.

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* vert skrive *e*, t. d. *eppli* 4_{15} *uex* 3 sp 3_{27} *tekr* 3 sp 4_6 *berendi* 3_{29} *leggiazt* 4_2; 1 gong *æ*: *bæzt* 3_9.

Merkn. 4. *hverr* pron. 1_{16} 3_{34} *huerr* 3_{33} 4_{27}.

b. *e*-ljod av upphavleg *ei i*.

c. Upphavleg *e* vert oftaste skriven *e*: *er* 3 sp 1_3 *etr* 3 sp 1_3 *Drekkr* 3 sp 1_8 *uerk* 1_8 ofl. Undantak: *æða* 1_{13}.

d. Upphavleg lang *e* vert skriven *e*: *lettr* 3_7 *ulett* 1_{25} 3_{19}. Um *reittan* 1_{31} sjaa nedanfor under **16**.

Merkn. 5. Paa etterljodbrigde ved *i* er der ikkje døme.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert oftast skrive *æ*: *nætr* 1_{12} plur. av *nott*, *munnsære* 3_9, *þær* pron. 4_{18}, *þuærr* 3 sp 1_{13}, *lætr* 3_1 *færr* 3 sp 1_{18}; *ę* 1 gong: *męr* nsg 4_3 (mey). Undantak: *leknesdoms* 4_{14} (*læknes-* 1_9 ofl.) *lerverk* 3_{16} 4_{10} (men *lævra* gpl 4_{17}) *letr* 3_{12} (3 g).

5. Handskrifti hev *þat* 1_{10} ofl.

6. *i*-ljodbrigdet av lang og stutt *o* vert skrive *ǫ* (*ø*, *ǿ*) *sǫtan* 3_{27} *grǫnn* 4_{22} *kǫmr* 3_{17}.

7. Privativ partikel er *u*- *ulett* 1_{25} *ukunnigu* 2_{21}; 1 gong *o*: *okunnigan* 2_{22}.

8. Halvljoden synest ha vore *e*: *liver*? 1_{23} skrive *liu*^{s}*r* 3_{29} *liv*^{s}*rr* 2_{2}. Elles vert halvljod ikkje skriven. I *konr* 4_{7} plur. for *konor* og *sprungr* 4_{18} for *sprungur* er vokalen i endingi ikkje skriven, venteleg fordi han var av same slag som vokalen i hovudstavingi.

9 a. Tviljodarne vert skrivne:

au, t. d. *augum* 1_{11} *blautri* 1_{12};

ei (oftast) t. d. *eitr* 1_{29} *þeim* 1_{11} *steini* 4_{12}; men ogso *æi*: *hæilsar* 3 sp 3_{11} (*heilsar* 3_{23}, 4 g) *hæilsu* obl. 3_{6} *huæitistump* 1_{27} *mæira* 1_{30}.

ey (oftast): *reyk* dsg 3_{6} *leysir* 4_{32} (*løysir* 4_{26}).

b. Stigande tviljodar vert skrivne *ia*, *io* osfr. t. d. *iafnan* 4_{4} *miok* adv. 1_{8} *frio* 1_{20} ofl. 1 gong *eo* i *freo* 1_{25}.

Konsonantisk *u* vert skriven *u* eller *v*, som ogso elles skifter i handskrifti: *huæiti*- 1_{27}, *hverr* 1_{16} = *huerr* 4_{27} *Sua* 2_{34} *sueitaz* 3_{14}.

10. Ljodsamhøvet i endingar er gjenomført etter dei vanlege reglar, so det stend:

a. *e* etter *a*, *á* *e* (upphavleg), *o*, *ó*, *æ*, *ǫ*, t. d. *manne* 1_{25} 3_{18} *uatne* 2_{21} (3 g) *late* 2_{15} *krende* 3_{22} *henne* 1_{3} (5 g) *gerer* $2_{12 \cdot 17}$ *kome* 3_{15} *mote* 2_{5} *munnsære* 3_{9} *gærer* 1_{3}.

Undantaki er: *allir* 2_{6} *hunangi* 3_{8} *verði* 4_{18} *uedri* 3_{1} *sodin* $3_{15 \cdot 22}$ part. f. (*soden* 2_{23}, 3 g) *sodit* $3_{5 \cdot 29}$ *skorit* 4_{14} *rotinn* 4_{13} *rotin* 4_{30} *læknis*- 1_{10} (*læknes*- 1_{17}, 3 g). Som dømi syner er det mest particip som hev tilstemne til *i*. I alt er der 12 undantak mot 37 høve etter regelen [1].

b. *i* etter *ę*, *i*, *í*, *u*, *ú*, *y*, *ý*, *ǫ*, *au*, *ei*, *ey*, t. d. *eppli* 4_{15} (2 g) *merki* 1_{24} (2 g) *ruuit* part. 4_{16} *kuidi* dsg 4_{29} *litit* 3_{12} (2 g) *þrutit* 1_{7} *luti* 2_{31} *husi* 3_{24} *fyllir* 2_{33} *mykir* 2_{34} *hoggit* 4_{14} *blautri* 1_{12} *þeirri* 1_{19}.

Undantak er *leyser* 3 sp 2_{28} (-*ir* 4_{20}, 2 g), 1 undantak mot 47 regelrette tilfelle.

c. *o* etter *e*, *o*, *ǫ*, t. d. *ero* 1_{21} (alltid) *kono* 4_{26} *norreno* 3_{32}.

Undantak *vætu* 3_{7}; 1 undantak mot 7 regelrette høve; det latinske *oleum* 4_{11} (2 g) *oleo* 2_{7} (3 g) er ikkje medrekna.

---

[1] Dei tilfelli hdskr. hev avstyttingsteikn for endingi -*er* eller -*ir*, er sjølvsagt ikkje medtekne, men berre dei fullt utskrivne endingar.

d. *u* etter *ę*, *i*, *í*, *u*, *y*, *ǫ*, *au*, *ei*, t. d. *eplum* 4_{17} *kuistum* 4_{17} *sinum* 4_{29} *lungu* 2_{10} *fyrstu* 3_{17} *ollu* 1_{5} *hofut* 2_{14} *daudu* 3_{5} *hœilsu* 3_{6}.

Undantak *eyro* 2_{15}; 1 undantak mot 47 regelrette høve.

Alt i alt er av 153 tilfelle 138 regelrette og 15 undantak.

Merkn. 6. Um ljodsamhøvet i avleidingsendingar er det ikkje raad til aa vita noko visst, med di me finn berre dømi: *idulega* 2_{27}[1] *skadlig*^{s} npm 2_{6} *storliga* 1_{2}; *fleckottr* 3_{34}; den etterhengde artikel i: *loginn* 1_{17} 2_{1} *barninu* 3_{20}.

Merkn. 7. Det refleksive pronomen vert skrive *sik*.

11. Adjektiv-artikelen er *hinn* 4_{3}, *hit fyrra* 1_{10}; merk »*et mæira*« 1_{30} (= *mæira*).

12. Handskrifti hev *þ* paa vanleg vis i gnorsk; i staden for *ð* vert allstad skrive *d*.

13. Um maalføret hev havt *fn* eller *mn* er ikkje lett aa sjaa av det einaste døme *iafnan* 4_{4}.

14. Spirantisk *g* hev ikkje serleg teikn.

15. Handskrifti hev *ft* i *eftirburd* 2_{28} *oft* 2_{33} 3_{7} *kraft* 4_{31}.

Merkn. *fs* i *Cafsia* ved mislesnad for *Tafsia* 4_{8} (ɔ: *Tapsia*)[2].

16. Former av ymist slag.

Frumnordisk *aiw* hev vorte *io*: *frio* 1_{20} (4 g; *freo* 1_{25}), *miora* komp. 1_{10}.

Adjektiv paa *-igr* og *-ottr ukunnig-* 2_{21}; *fleckottr* 3_{34}.

Ingi vokallengjing framfor *l* + konsonant: *hiolp* 1_{19}. Aksent yver lang vokal er berre bruka 1 gong i: *fœrr* 1_{18}.

a held seg i ljodlinn stoda, ogso i komp. neutr. *heitara* 3_{27}.

Stutt *e* og *œ* skifter i: *kœmr* 3_{17} og oftare *kemr* 2_{21} (4 g); *œnga* obl. 1_{4} og *einga* 3_{20} av *engi*, *œngi* (for *œngui*) m. asthma.

Lang *æ* hev vorte *œ* i *nœst* 4_{6}, som vel er jamlaging etter eit komp. *nœre* for *nære* (*nœre* D. N. I 228_{7}; Sogn 1334). Lang *æ* og *œ* skifter i *munnsære* 3_{9} og *munnsœre* 1_{6} (sjaa Fragm. av Henr. Harp. s. 10 og s. 13).

Lang *œ* hev gjenge yver til *e* i *norreno* 3_{32}; jfr. *a noreno* Barl. 39_{5}.

i held seg framfor *l* og *r* + konsonant: *silfr* 4_{8} *ilm* 3_{27} *stirt* 2_{34}.

fir^{s} præp. 2_{6}, elles berre *f*^{1} (ɔ: *firi*?).

e hev gjenge yver til *ei* i *geingr* 3 sp 3_{30} *einga* obl. 3_{20} (sjaa Harp. s. 11). Sameleis lang *e* i *reittan* 1_{31} (sjaa Harp. s. 12).

---

[1] Kaalunds lesning, som eg er samd i, i staden for *iafnan*, som eg sette inn etter gissing.

[2] Sjaa Kr. Kaalund: Den islandske lægebog. Kjøbenh. 1907, sid. 358.

æ hev vorte tviljod i *fæir* 1_{26} = *fæirr* 1_{31} for *fær* 3 sp av *fá* (sjaa Harp. s. 12). *uá* > *uo* framfor *n*: *uondre* dsf 4_{23} (men *sua*, *tua*).

h hev falle burt framfor *l* og *r* i: *landreng* 4_{20}, *reinsa(r)* 2_{22} (8 g); døme med *hn* er der ikkje.

gn hev vorte *kn* i *knutt* 3_{26} (er vel = yngre gn. *gnutt* for *gnuit* part. av *gnúa*); *knu* for *gnu* er no berre kjent fraa Valdres.

rl > *ll* i *kallmanz* 4_{5}; jfr. *kalmann* Sfj.

d vert stundom skriven *t* i ending etter vokal: *hofut* 4_{29} *stopput* part. f. 1_{1} og ofte i *uit* præp. t. d. 1_{5}.

p er innskoten i *uarmpt* 3_{12} 4_{1} for *varmt*; *t* i *laustn* 3_{25}, venteleg for *lausn* med klanglaus *n*; jfr. *laustn* D. N. I 361_{8} (Veøy 1358).

For stutt konsonant stend ikkje sjeldan lang, t. d. *færr* 1_{18} *þuærr* 3 sp 1_{13}. *l* vert stundom lengd framfor *d* og *t*, men ikkje framfor *n*, t. d. *elld* 1_{21} *holld* 1_{7} *kolld* 3_{32}, men *hunda* 1_{3}; *alltt* 4_{13} (sameleis D. N. II 306_{8}; Giske 1350).

For lang konsonant stend stutt i *manz* 1_{22} *uatzsot* 3_{10} *stet* 3_{28} (*stett* ofte) *daut* 4_{26}; kann henda berre prikken som skulde staa yver konsonanten er utmaadd.

17. Nokre ordformer.

Merkande er *flæcka* apl. 2_{30} *lungusott* 2_{10}; *lunga* hev vorte kvendkyn; *hialpar* 3 sp (av *hialpa*) 1_{28} = *helpr* 4_{34}. *ual* adv. (vel) 3_{1}.

Refleksive former paa *-azt*: *temprazt* 1_{2} *stappazt* 3_{11} (2 g) *leggiazt* 4_{2} *getazt* 4_{7} *blandazt* 4_{29}; 1 gong *-az*: *sueitaz* 3_{14} *millum* præp. 3_{26} (2 g).

§ 43. Fragmentet maa etter dette vera skrive paa nordvestlandsk maal; det er venteleg ei avskrift av ei eldre gnorsk umsetjing. Sjaa elles det oftnemnde Gam. Fragm. av Harp. sid. 9—16.

XII. Innskrifter.

Antemensalet fraa Stryn[1]. — *Marmorsteinen i Tingvoll kyrkja.*

§ 44. I Bergens museum er der ei merkeleg tavla — antemensale — som i 1826 kom inn fraa kyrkja i Stryn i Nordfjord, der ho hev henge fraa uminnelege tider. Paa tavla er der i tvo rader 8 jamstore rundingar — 4 i kvar rad — med tempera-maalarstykke, som syner fram korleis persarkongen Kosro II førde burt den heilage krossen fraa Jerusalem, og korleis keisar Heraklius vann paa honom og førde

[1] Sjaa B. E. Bendixen: Das Antemensale aus der Kirche von Nedstryn i Bergens museums aarsb. 1892, og pl. II att i boki her.

attende krossen (aar 628). Umkring kvar runding er der ei innskrift som fortel kva bilætet skal syna fram[1].

Innskrifti — som er avprenta millom prøvorne atti boki her — er paa nordvestlandsk maal, som lesaren snart vil sjaa; merkande er samanskrivingi av tviljoden *au* til *ꜷ* paa tavla 8 (*daudir*); halvljoden er *e*: *kemer*, *siter* (1 gong i: *drepir*); det bundne kjenneordet er *enn*, *en*, *et*, som elles er uvanlegt i dette maalføre, og synest her som sumtid elles (jfr. Gildeskraai fraa Gulatingslag § 33 11; sid. 96 ovanfor) aa vera bruka som noko meir høgtidleg enn *hinn*; *hernemde* 3 si for *hernæm-* (*e* for *æ* millom nasalar). Ordet *port* for *lid* (*borgarlid*) og kanskje ogso *prydi* f, som her synest bruka med ei tydning som nærrar seg storlæte, byrgskap = geng. *pryde* (*pride*), fører tanken burt paa engelsk upphav; men samanlikna likevel innskrifti: *fengo daudir men lif ok sivkir heilsv* med Hom. um same emne (Ungers utg. s. 175_{22}): *þa ræis maðr af dauða ok fengo siukir hæilso.* Maalet i innskrifti er god gamalnorsk; halvljoden i *kemer*, *siter*, *drepir* peikar paa tidi umkr. 1300.

§ 45. I Tingvoll kyrkja (Romsdals amt) er der ein marmorstein i veggen attanum altaret, og paa honom ei innskrift med runer som er avprenta i Nicolaysens Fornlevninger — Kristiania 1862—1866, sid. 555. Innskrifti hev ljodsamhøve i endingarne og brukar *e* og *æ* paa same maaten som er vanlegt i nordvestlandsk. Skal ein døma etter formi *minnisk* (imperat. pl.) høyrer innskrifti utvilsamt til fyrste helvti av 13de hundradet, men formi *gerði ek* syner at mykje eldre enn 1250 kann ho heller ikkje vel vera.

XIII. Bergenske diplom.

§ 46. Dei bergenske diplomi fraa 13de og 14de hundradaaret syner fram ikkje so faa innbyrdes ulike maalføre. Soleis er D. N. II 33 fra 1293, som Jon notarius hev skrive, paa trøndsk maalføre liksom alle brevi fraa honom.

